


# Årsrapport 2013

## Årsmelding og rekneskap




Luster kommune

Rådmannen, april 2014



# Årshjulet 2013 – Luster kommune



Teiknforklaring - <b>Raud</b> og <b>Blå</b> aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - <b>Grøn</b> aktivitet medarbeidar- og brukardialog
TP – Tenesteplan	LD – Leiardialog
B – Budsjett	BU-PLO – Brukarundersøking Pleie og omsorg
ØP – Økonomiplan	BU-S – Brukarundersøking Skule
PP – Planleggingsprogram	BU-SFO – Brukarundersøking SFO
R- Rekneskap	BD – Brukardialog
Å – Årsmelding	MS – Medarbeidarundersøking
T1 – Tertialrapport 1. tertial	VR – Vernerunde
T2 – Tertialrapport 2. tertial	

# Innleiing og samandrag



Jarle Skartun

Rådmannen i Luster legg med dette fram årsrapport med årsmelding og rekneskap for 2013, også i år som eit samla dokument. Dette er rådmannen si viktigaste attendemelding til kommunestyret.

Dokumentet skal stetta dei krav kommunelova set i høve rapporteringa til kommunestyret.

Rådmannen viser her til

kommunelova § 48, punkt 1, der det står:

«Kommunane skal for kvart kalenderår utarbeide årsrekneskap og «årsberetning» (årsmelding.)».

Kommunelova sitt rapporteringskrav på rekneskapssida ligg i § 48, punkt 2-4.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen, etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.

Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat. Det er krav om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje likestilling på alle område i kommunen.

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i dette fellesdokumentet.

## *Driftsrekneskapen*

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit brutto driftsresultat på 11,217 mill. kr. Dette er 3,889 mill. kr betre enn fjaråret, 7,170 mill. kr betre enn regulert budsjett for 2013 og 3,414 mill. kr betre enn opphaveleg budsjett.

Ei vesentleg årsak til det positive resultatet er lågare pensjonsutgifter (premieavvik) enn budsjettet, omlag 6,0 mill. kr, samt høgare inntekt på rammetilskot/skatt med omlag 1,1 mill. kr.

Tenesteområda har samla eit mindreforbruk i høve regulert budsjett på 10,3 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i stor grad dei lågare pensjonsutgiftene, men også ein nettoeffekt av iverksette innsparingstiltak.

Finansinntektene er betre enn budsjettet ved at verdien av aksjar/fond er styrka med 10,13 mill. kr. Nettoen mellom renteutgifter og renteinntekter er om lag 0,35 mill. därlegare enn budsjettet og avdrag er om lag 0,3 mill. kr høgare enn budsjettet. Samla betrar dette finansresultatet med om lag 9,5 mill. kr.

Sterk utlånsvekst, lån til næringstiltak, aukar eksterne finansutgifter. Utlån i 2013 er rekneskapsført med 16,6 mill. kr.

## *Investeringsrekneskapen*

I 2013 er det rekneskapsført investeringar i anleggsmidlar på 49,1 mill. kr (2012/54,5).

Det er framleis ubalanse mellom budsjettering og forbruk for kvart budsjettår og rekneskapen legg opp store overføringer til neste år. Dette har sin årsak i

## Innhaldsliste

	Side		
Føreord	1	Oppvekst	25
Folketal og sysselsetjing	4	Helse	32
Kommunen som verksemد	6	Pleie og omsorg	37
Interkommunalt samarbeid	10	Sosial	43
Kommuneplanarbeidet	14	Tekniske tenester	48
Luster kommune 50 år	16	Næringsutvikling og naturforvaltning	54
Folkevalde	20	Kultur	61
Administrasjon	22	Rekneskapen 2013	65
		Revisjonsmelding	80

at tiltaka er budsjettet opp tidlegare enn dei kjem til gjennomføring og at bruk av årlege råmeløyvingar kan svinga frå år til år slik at det vert ein saldo som vert overført til neste år. Vesentlege delar av desse løyvingane er «reservert» til to større byggeprosjekt, Hafslø barnehage og Gaupne omsorgssenter, samt investeringar innan bustadbygging og vassforsyning. Det er til vurdering å endre dette slik at investeringsbudsjett og rekneskap vert meir presist for kvart kalenderår/rekneskapsår.

### **Rekneskapsmessig resultat.**

Brutto driftsresultat på 11,2 mill. kr. + eksterne finansinntekter på 26,1 mill. kr – eksterne finansutgifter (-avdrag) på 28,6 mill. kr gir *netto driftsresultat på 8,7 mill. kr*.

Opphaveleg var det budsjettet 6,734 mill. kr

Driftsresultatet skal korrigeras for bruk av fond og avsetjing til fond. Det er brukt 0,6 mill. kr meir av fond enn det som er avsett. Kommunen får etter dette eit *rekneskapsmessig mindreforbruk på 9,323 mill. kr (overskot)*.

I 2012 var tilsvarende tal 6,118 mill. kr.

### **Årsmelding for 2013 – samandrag**

Aktiviteten er stor både når det gjeld drift og investeringar, rekneskapen er betre enn budsjettet, men ikkje så bra som den bør vera og ikkje fullt så bra som me håpa på.

I drifta leverer me gode tenester, investeringsnivået er høgt og me driv aktivt utviklingsarbeid av tenester, næring og lokalsamfunn. Alle tilsette gjer ein flott jobb for å få dette til.

Samla er drifta i bra samsvar med budsjett.

Overordna meiner rådmann det er god budsjettdisiplin og det vert aktivt teke tak i driftsmessige utfordringar.

Det er i 2013 sett i verk fleire tiltak for å få betre balanse i økonomien.

Kommunal ressursbruk via vedtekne tiltak er regulert ned med mellom 9 og 10 million kroner. Effekten av tiltaka har vore god, men samstundes har det dukka opp nye utfordringar som krev auka økonomiske midlar. Slik vil det og vera i framtida, slik at arbeidet med å finna gode og effektive måtar å løysa nye og gamle oppgåver på, må halda fram.

Ein sunn kommuneøkonomi, med rom for investeringar og utvikling, bør etter normene ha eit «overskot» på 3%. Det betyr eit netto driftsresultat på omlag 15 million kroner.

I 2013 kan me seie at me oppnår vel halvparten av dette, og det med stor hjelp av gode aksjegevinstar både på eigne pengar og pensjonsfond.

Eit betre økonomisk resultat er og nødvendig for å motta å gjennomføra dei vedtekne investeringane framover.

### *God utvikling*

Luster kommune hadde også i 2013 positiv folketalsutvikling ved at innbyggjartalet auka frå 5.041 til 5.089. Auken kjem pga. nettoinnflytting 36, og fødselsoverskot på 12.

Kommunen har i 2013 hatt eit aktivt år med næringsutvikling. Mange store og små næringssaker har vorte handsoma. Utvikling i eksisterande bedrifter kombinert med nysatsingar som Massiv Lust og Bluefjords. Me ser og fleire satsingar på bruksutbygging i landbruket, nye geitefjøsar, sau med nybygg og opprusting og mjølkeproduksjon.

Cruisetrafikken utviklar seg i Skjolden, med mange anløp (45) i 2013, det har vore stor aktivitet i naturarvprosjektet og tilflyttungsprosjektet «folk i fleire hus». Breheimssenteret i Jostedal er reopna etter brannen og fleire bygdelag arbeider aktivt med bygdeutvikling.

Lustrabadet opna hausten 2012, anlegget har fungert godt med gode besøkstal, 54.000 i 2013 er langt over dei tillege prognosane. Drifta har imidlertid kravt auka ressursar.

Det vert satsa vidare på utbygging av Sogn skisenter der kommunen er med på finansieringa av nytt trekk og auka vassforsyning til snoproduksjon. Det er starta større plan- og reguleringsarbeid for å sikra gode løysingar for skiaktiviteten i området.

I 2013 er det arbeidd med å tilrettelegge bustadbygging i alle delar av kommunen. Borhaug i Solvorn er klart for utbygging, Beheim II har fått utbyggingsvedtak og opparbeiding vil starta våren 2014.

### *Andre store saker*

Rådmannen og administrasjonen sitt arbeid har i 2013 vore prega av å følgje opp kommunestyrevedtak frå 2011-12, budsjettvedtaket frå des.-12 og leggje fram nye saker. Frå arbeidet i 2013 vil rådmannen særleg nemne:

- Kommuneplanarbeidet, god prosess på samfunnssdelen, oppstart av arealdelen.
- 50-årsjubileum, ulike arr. og markeringar.
- «Betre balanse i økonomien.» Gjennomføring av tiltakspakken for nedregulering av ressursbruken i budsjettet med 10 mill i 2013, årsverknad 13 mill i 2014.
- Årsrapport og rekneskap 2012, tilbakemelding og dokumentasjon av 2012-aktivitet.
- Budsjettoppfølging, T1 og T2 m/regulering av budsjett.
- Tilstandsrapport for grunnskulen/temadag.

- Budsjett 2014, økonomiplan og planleggingsprogram for 2014-17. Ny budsjettprosess m/formannskapet som meir aktivt budsjettutval.
- Utbygging av Gaupne omsorgssenter og Hafslo barnehage er starta opp og vil vere ferdigstilt til 2.halvår 2014.
- Interkommunalt oppvekstsamarbeid, arbeid med spesped.organisering «System for styrka læring.»
- Utvida folkehelsearbeid med etablering av Frisklivsentral og interkommunalt samarbeid.
- Adresseprosjektet. Avklaring av forskrift, vegparsellar og start på namnearbeid.
- Beredskapsplanverk. Oppdatering og fornying, inkl overordna ROS, er i arbeid.

Dei fleste sakene er nærmare omtalte i årsrapporten.

#### *Måloppnåing - Kommunale styringsmål*

Gjennom årsrapporten prøver me å gi eit bilde av utvikling og resultat på viktige område.

På dei ulike tenesteområda finn ein detaljerte vurderingar.

Oppsummering av nokre sentrale område kan setjast opp i tabellform slik;

Tenesteområde/ styringsmål	Nådde me måla i 2013 ?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Økonomisk resultat			X
Driftsresultat		X	
Budsjettkontroll, drift	X		
Budsjettkontroll, investeringar	X		
Budsjett - innsparingstiltak			X
Medarbeiterus. trivsel			X
Tilsette – sjukefråvær	X		
Klagesaker m/omgjering		X	
Resultat av tilsyn			X
Grunnskulen, elevtrivsel			X
Grunnsk.nasjonale prøver (5 kl.)		X	
Grunnsk.nasjonale prøver (9 kl.)			X
Grunnskulen, eksamen (10 kl)		X	
SFO – brukarus.			X
Helse, tenesteytinga			X
Helse, rekneskap vs budsjett			X
PLO – brukarus.			X
Sosiale tenester, NAV		X	
Sosiale tenester, barnevernet	X		
Tekniske tenester, vasskvalitet			X
Kulturskule		X	
Bibliotektilbodet			X
Næringsarbeidet, aktivitet			X
Bruksutbygging landbruket			X

Tabellen tek utgangspunkt i målingar, rangering av andre og rådmann sine skjønsmessige vurderingar m/markeringar inn mot område der me kan ha forbetringssområde.

Årshjulsarbeidet er godt innarbeidd og fungerer tilfredstillande.

Likestillingsarbeidet har fokus. Avtaleverket vert fylgt opp slik at lønnpolitikken ivaretak og fremjer likestilling, og det vert arbeidd for å få fleire menn i barnehagar og skular. Me har eit plannmessig arbeid for å redusere uønska deltid. Rekruttering av kvinnelege leiarar bør få auka fokus. Rekruttering og kompetanseutvikling har, og skal ha stor merksemd framover (jf. også ny *Strategi for rekruttering og kompetanseutvikling* vedteke i 2013).

Kvalitetssystemet LKK er over på ny plattform. Framdrifta har vore svakare enn ynskjeleg, men er no på plass etter at IKT løysingar og kapasitet er ordna. Med dette er HMT- og kvalitetsarbeidet på plass i eit samla og lett tilgjengeleg system. Det er og i dette systemet reglement, retningsliner og prosedyrar som skal sikre høg etisk standard.

Når det gjeld IKT, så er det e-utvikling innan helse som har vore prioritert i 2013, e-kommunikasjon, effektivisering av arbeid og publikumservice. Me har følgt opp samhandlingsreforma på ein god måte, kortidsavdelinga inkl øyeblikkeleg hjelpe sengene er vorte eit tilbod i staden for og etter sjukehus.

#### *Årets temasider*

I årets rapport har rådmannen teke inn temasider om; folketal og sysselsetting, kommunen som verksemd, interkommunalt samarbeid, kommuneplanarbeidet og 50-års jubileumet.

Avslutningsvis er det igjen grunn til å takke for konstruktivt arbeid, godt samarbeid i heile organisasjonen, god innsats av medarbeidarane og ryddige linjer og tydelege styringssignal frå politisk overordna i formannskap, plan og forvaltingstyret og kommunestyret i 2013.

Gaupne, april 2014.

Jarle Skartun  
rådmann

# Tema

# Folketal og sysselsetjing

## Folketalsutvikling

Folketalet i Luster kommune auka med 48 personar i 2013. Frå 1.1. 2008 fram til 1.1. 2014 har folketalet i kommunen auka med 219 personar.

Statistisk Sentralbyrå sin statistikk syner slik utvikling av folketalet i Luster:

Årstal/dato	Innbyggjarar
01.01.70	5126
01.01.80	5102
01.01.90	5172
01.01.00	5003
01.01.01	4955
01.01.02	4966
01.01.03	4926
01.01.04	4924
01.01.05	4927
01.01.06	4889
01.01.07	4884
01.01.08	4870
01.01.09	4879
01.01.10	4945
01.01.11	5023
01.01.12	5026
01.01.13	5041
01.01.14	5089

I 2013 flytta 222 personar til Luster kommune, medan 186 personar flytta ut. Det var 62 fødslar i Luster dette året, medan 50 personar døydde.

I Luster slik som i andre kommunar i Noreg, har talet på utlendingar vakse. I år 2000 budde det i Luster kommune 65 innflyttarar frå Europa, 6 frå Afrika, 11 frå Asia og 6 frå Nord-Amerika. I 2010 budde det 134 innflyttarar frå Europa, 11 frå Afrika, 11 frå Asia og 7 frå Nord-Amerika. I 2013 budde det 233 personar frå Europa, 48 frå Afrika, 11 frå Asia og 7 frå Nord-Amerika og 3 frå Sør-Amerika.

I Luster kommune bur det 1,8 personar pr km<sup>2</sup>, medan talet for landet er 15,1.

## Folketal – skulekrinsar

	2007	2013	2014
Skjolden	443	427	432
Dale	498	519	513
Gaupne	1331	1456	1488
Jostedal	426	401	393
Indre Hafslo	515	501	510
Hafslo	1265	1365	1366
Solvorn	257	263	265
Veitastrond	131	108	107
Ikkje oppgjevne			15

## Sysselsetjinga

Oversyn over heilt arbeidslause i Luster syner ei arbeidsløyse opp i 150 i fyrste halvdelen av nittitalet. Frå denne perioden og fram til i dag har arbeidsløysa gått vesentleg ned. 1.01.14 var 40 personar ledige i Luster kommune.

## Arbeidsmarknaden

I år 2000 arbeidde 342 lusteringar i Sogndal, 73 på Leikanger. I 2012 var det 496 lusteringar som arbeidde i Sogndal og 106 i Leikanger.


Arbeidsstyrken går også andre vegen. 99 personar frå Sogndal og 12 frå Leikanger arbeidde i Luster i år 2000. I 2011 var tilsvarende tal 141 og 6.

## Kommunane i Sogn

Folketalsutvikling i sognekommunane frå 1.01 2001 – 1.01.2014 var slik:

	01.01.01	01.01.14	%-endring
Sogndal	6647	7623	+ 14,6
Leikanger	2188	2268	+ 3,6
Luster	4954	5089	+ 2,7
Lærdal	2201	2174	- 1,1
Årdal	5760	5496	- 4,6
Vik	2943	2688	- 8,7
Aurland	1827	1715	- 6,2
Høyanger	4653	4183	- 10,3
Balestrand	1530	1306	- 14,6

Tabellen syner at aksjon Leikanger - Sogndal - Luster har hatt best folketalsutvikling siste tiåret. Dei kommunane som ligg lengst borte frå senteret i den regionale arbeidsmarknaden har ”dårlegast” utvikling.



### Luster kommune - sysselsette personar etter arbeidsstad Sysselsette per 4. kvartal, etter næring (SSB)

	År 2008	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	302	306	296	293	236
05-43 Sekundærnæringer	380	357	369	374	514
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	588	555	554	578	446
84 Offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring	74	75	74	66	69
85 Undervisning	178	197	195	213	205
86-88 Helse- og sosialtjenester	411	430	434	416	464
90-99 Personlig tjenesteyting	53	48	44	39	53
00 Uoppgett	7	10	16	9	16
<b>I alt alle næringar</b>	<b>1993</b>	<b>1978</b>	<b>1982</b>	<b>1988</b>	<b>2003</b>

### Fødde/døde i Luster

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Fødde	65	54	59	50	54	66	47	46	53	57	62
Døde	65	54	55	54	47	46	59	42	54	67	50
Fødselsoverskot	0	0	+ 4	- 4	+ 7	+ 20	- 12	+ 4	-01	-10	12

### Flyttetal for Luster

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Innflytting	122	135	107	147	106	106	182	184	134	232	222
Utflytting	120	134	149	148	128	117	103	117	129	207	186
Nettoinnflytting	+ 2	+ 1	- 42	- 1	- 22	- 11	79	67	5	25	36

**Tema**

# Kommunen som verksemd

## 1. Tal årsverk og tilsette:

	Pr 31.12.09		Pr 31.12.10		Pr. 31.12.11		Pr. 31.12.12		Pr. 31.12.13	
	Tal årsverk	Tal tilsette								
<b>Stab</b>	33,10	35	36,00	39	36,30	40	23,10	24	23,10	24
<b>Barnehagar</b>	62,18	73	66,81	80	64,89	83	63,47	77	62,80	80
<b>PPT</b>	3,25	3	3,1	4	3,10	4	3,10	4	3,10	4
<b>Grunnskular</b>	105,31	120	108,36	126	110,06	134	111,52	126	111,70	122
<b>Helse</b>	20,37	31	20,37	28	20,37	28	20,87	27	20,87	27
<b>Luster sjukeheimsteneste</b>			87,91	140	87,52	136	88,77	141	87,13	140
<b>Luster heimeteneste</b>			72,00	104	75,18	125	85,56	130	85,56	128
<b>ATS</b>	5,40	8	5,40	8	5,40	8	6,40	9	6,40	9
<b>Tekniske tenester</b>							49,37	55	49,37	55
<b>Næring</b>	1,00	1	1,00	1	1,00	1	1,00	1	1,00	1
<b>Landbruk og nat.forv</b>	5,00	6	5,00	6	5,00	6	5,00	6	5,00	6
<b>Bibliotek og kultur</b>	2,00	5	2,00	5	2,00	5	3,06	5	3,06	5
<b>SUM TAL ÅRSVERK</b>							<b>461,22</b>	<b>605</b>	<b>459,09</b>	<b>601</b>

Kommentarar til tabellen:

- Nokre arbeider i fleire einingar. Det kan difor hende nokon vert talt to gongar. Sum tal tilsette er difor ikkje heilt korrekt.
- Frå 2011 til 2012 vart det gjor ei teknisk endring av kor ressursar vert ført. Dette gjeld særleg at tilsette som arbeider i stab no vert ført på tekniske tenester.

## 2. Kjønnsfordeling og alderssamsetjing:

Alderstrinn:	< 20		20–29		30–39		40–49		50–59		60–69		> 70	
Mann/Kvinne	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
Administrasjon					1		4	4	1	2	5	7		
Oppvekst	0	3	10	8	31		6	64	6	51	7	22		
Helse	0				5	1	6		1	9	1	3		
Pleie og omsorg	0	1	23	4	37	5	55		8	72	5	53		
Teknisk	0	1			3	1	8	10	9	9	10	4		
Næring og naturforv.	0				2	1	1		1		2			
Kultur	0						1	1	1	3				
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5</b>	<b>33</b>	<b>16</b>	<b>76</b>	<b>25</b>	<b>141</b>	<b>27</b>	<b>146</b>	<b>30</b>	<b>89</b>		
<b>Totalt:</b>			<b>38</b>			<b>92</b>			<b>166</b>			<b>173</b>		
Alderstrinn:	< 20		20–29		30–39		40–49		50–59		60–69		> 70	

Kommentarar til tabellen:

Hovudtyngda tilsette ligg i alderen 40 – 59 år, men det er og ei høvesvis stor gruppe i alderen 60 - 70 år som vil vere stigande i åra framover. Det er spesielt innanfor yrkesgruppene hjelpepleiar/omsorgsarbeidar/assistent/heimehjelp det i åra framover er forventa stor avgang.

## 3. Utviklingsarbeid:

*Heiltid/deltid:*

Kommunen gjennomfører kvart år ei kartlegging

av uønska deltid. Resultat frå kartlegging som vart gjennomført hausten 2013 ser slik ut:

Eining	Stilling	Tal personar
Luster sjukeheimsteneste	Sjukepleiar	2
	Hjelpepleiar	10
	Kokk	1
Luster heimeteneste	Sjukepleiar	2
	Hjelpepleiar	4
	Miljøterapeut	2
PPT	Spesialpedagog	1
Barnehage	Assistent	1
Skule	Lærar	1
	Førstesekretær	1
ATS	Arbeidsterapeut	2
<b>Totalt</b>		<b>27</b>

Det vert arbeidd kontinuerleg for å gje tilsette større stilling og i 2013 fekk 38 tilsette auka stilling.

Tabellen under syner kor mange i kva tenesteområde som fekk utvida stilling:

Pleie- og omsorg	Teknisk drift	Oppvekst
26 tilsette	8 tilsette	4 tilsette

#### Kompetanseutvikling:

##### Helse og omsorg:

- 3 tilsette har gjennomført høgskuleutdanning som vernepleiarar
- 1 barne- og ungdomsarbeidar har gjennomført vidareutdanning i psykisk helsefag
- 3 hjelpepleiarar har delteke i nettverksarbeid om demensomsorg
- Ca 35 tilsette har i samarbeid med Hisf gjennomført fagdagar med tema psykisk utviklingshemming og psykisk helse
- Ca 18 tilsette ved korttidsavdelinga har gjennomført hospitering ved Førde sentralsjukehus – medisinsk avd. og akuttmottak
- Ca 40 tilsette har gjennomført demensomsorgens ABC

##### Oppvekst:

- 1 styrarar har gjennomført vidareutdanning i leiing (framtidas barnehage)
- 3 pedagogisk leiarar har gjennomført vidareutdanning i leiing (framtidas barnehage)
- 1 lærar har tatt vidareutdanning i spesial pedagogikk (30 studiepoeng)
- 1 lærar har tatt vidareutdanning i norsk (15 studiepoeng)
- 2 lærarar har tatt vidareutdanning i norsk (30 studiepoeng)
- 1 lærar har tatt vidareutdanning i vaksenpedagogikk (30 studiepoeng)
- 1 assistent har tatt fagbrev i barne- og ungdomsfaget

##### Tekniske tenester:

- 4 reinhaldarar har tatt fagbrev innan reinhaldsfaget
- Fleire sakhandsamarar har teke kurs innan offentleg anskaffelser

#### Organisasjonsutvikling:

Det vert arbeidd kontinuerleg med

organisasjonsutvikling innan alle tenesteområde, og noko av dette er skildra særskild i teksten under det einskilde tenesteområde. Av større tiltak i 2013 kan utviklingsarbeidet i Luster heimeteneste og nye IKT løysingar innan område helse og omsorg særleg nemnast. Det vart arbeidd vidare med utviklingsprogrammet *Saman om ein betre kommune*, som for Luster sin del har følgjande målsetjingar:

- Utarbeide *Strategisk plan for rekruttering og kompetanseutvikling* i Luster kommune.
- Utvikle/innføre eige introduksjonsprogram for nye tilsette (haust 2013).
- Utvikle/innføre kurs/kompetanseportal med opplegg for e-læring (sommar 2014).

#### HMT/IA:

Det vert gjennomført HMT-/IA-tiltak på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjort mykje godt HMT/IA arbeid. Alle tiltak som vert gjort i einingane vert ikkje nemnd her, men av overordna tiltak kan følgjande nemnast:

- Vidareføring av avtale med Sogn bedriftshelseteneste. 626 tilsette er innmelde.
- Tilbod om influensavaksine til alle tilsette. 156 tilsette tok vaksine.
- Sjukefråværsprosjekt i samarbeid med Luster treningsenter. Treningsopplegg/ behandling inntil 3 md. som eit førebyggjande/restaurerande tiltak. 8 tilsette deltok.
- Mange tilretteleggingstilskot frå NAV til førebyggjande og restaurerande tiltak.
- Arbeidsplassvurderingar har vore gjennomført i regi av Sogn BHT.
- Tett oppfølging av sjukmelde i tråd med retningslinjer.
- I staden for julegåve til alle tilsette vart det gjeve ei pengegåve til humanitære føremål.

#### 4. Årshjulstiltak:

##### Vernerundar:

Vernerundar skal gjennomførast ein gong per år i perioden april – mai. Vernerunden er ei vurdering av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsplassen, utført av lokal leiar og verneombod (ev. andre deltakrar etter behov). I 2013 vart ikkje alle vernerundar gjennomført innan fristen, men gjennomføringsgraden vart til slutt tilfredsstillande.

##### Læringer:

Luster kommune har frå august månad teke inn 3 nye læringer. Faga er fordelt med 1 IKT lærling, 2 i faget helsefagarbeidar. Pr. 31.12.2013 hadde ein totalt 10 læringer fordelt på faga IKT, Helsefagarbeidar, Institusjonskokk, Barne- og ungdomsarbeidar. Ingen har avlagt fagprøve i 2013.

##### Sysselsetting /arbeidsutprøving:

Det var i 2013 høg aktivitet i samband med sysselsetting/arbeidsutprøving for personar som av ein eller annan grunn har falt ut av det ordinære arbeidslivet. Dette gjaldt om lag 15 personar med varierande aktivitetsgrad. Kommunen samarbeider med NAV, Sogneprodukter og Luster arbeidssenter. NAV gjev tilskot til kommunen ved

slige utplasseringar, medan Sogneprodukter og Luster arbeidssenter ikkje gjev tilskot.

#### *Sommarjobbar for 16- og 17 åringer:*

Kommunen etablerte i 2007 ei ordning med sommarjobbar for 16- og 17-åringar. Føremålet med ordninga er at ungdomane skal få kjennskap til kommunal drift og nærings- og arbeidslivet i Luster. I samsvar med vedtaket i kommunestyret, vart 10 ungdomar tilsette i sommarjobbar i kommunen i 2013. Samla utgift ca. 220 000 kr. Tilskot til sommarjobbar i private verksemder for 16- og 17-åringar vart teke ut av budsjettet for 2013.

#### *Seniorpolitikk og livsfasetilpassing:*

Arbeidet med å auke pensjonsalderen fekk meir tyngde etter at det i 2007 vart teke i bruk eigne seniortiltak. I oktober 2009 gjorde kommunestyret i sak 79/09 ei evaluering av seniortiltaka i kommunen, og det vart vedteke ei vidareføring av tiltaka, men med følgjande endring: "Tiltak 2: Redusert arbeidstid og tiltak 3: Ei ekstra ferieveke vert slegne saman til eit nytt tiltak 2: Redusert arbeidstid utan reduksjon i løn." Etter dette vart seniortiltak i form av redusert arbeidstid utan lønsreduksjon gitt som friveke med løn slik det går fram av tabellen under. I alt 48 tilsette er for perioden 1.8.2013 – 31.7.2014 tildelt seniortiltak som følgjer:

Seniortiltak	2012 - 2013		2013 - 2014	
	Tal kvinner	Tal menn	Tal kvinner	Tal menn
Friveke med løn	42	8	39	9
To friveker med løn		1	-	-
Tilrettelegging på arbeidsplassen	-	-	*	*

#### *Kommentar til tabellen:*

\* Tilrettelegging på arbeidsplassen: Som del av samla tiltak for seniorar, er det i 2013-2014 sett av kr 40 000,- til tilrettelegging på arbeidsplassen i sjukeheimstenesta og heimetenesta. Tilretteleggingstilskot vert tildelt etter søknad på konkrete, kostnadsrekna tiltak.

#### *Pensjon:*

9 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2013. Dette er noko lågare enn i 2012. Alderspensjon vart teke ut av 3 personar (KLP). 3 fekk innvilga uførepensjon. Nokon vart i kort tid ført over til NAV på arbeidsavklaring (personar som har vore sjukmelde i 1 år). Desse personane vil som oftast ha sjukepermisjon utan løn i inntil eitt år etter kommunale reglar.

#### **5. Uønska hendingar (RUH):**

Tabellen under syner ein oversikt over tal innrapporterte uønska hendingar/avvik sidan 2009:




#### *Kommentar til tabellen:*

Innrapporterte hendingar blir handsama og lukka på

lågast mogleg nivå (fylgjer ansvarslna). Tal hendingar har gått nedover sidan 2009, med ein oppgang i 2012. Det vil i samband med innføring av ny teknisk plattform i LKK bli fokus på rapportering av hendingar i 2014.

#### **6. Sjukefråvær:**

Tabellen under viser gjennomsnittleg sjukefråvær i % samanlikna med KS-området:



\* Pr. 3. kvartal

	2009	2010	2011	2012	2013
Luster	7,0 %	6,3 %	6,7 %	6,3 %	6,8 %
KS*)	9,9 %	9,2 %	9,4 %	9,5 %	9,4 %

\* Pr. 3. kvartal

Som IA-verksemde arbeider kommunen aktivt med førebygging og oppfølging av sjukmelde. Gjeldande IA avtale gjekk ut per 31.12.13 og ein venter no på ny avtale, og ev nye tiltak. Målet er at sjukefråværet i kommuneorganisasjonen ikkje skal vere over 6%. Resultatet for 2013 på 6,8 % er dermed noko dårlegare enn ynskjeleg. Det er sett eigne styringsmål for sjukefråværet per tenesteområde, og ein kan sjå både mål og resultat 2013 i dei ulike styringsmåltabellane. Det er i 2013 utarbeidd 126 oppfølgingsplanar, mot 109 i 2012. Det har vore innkalla til 59 dialogmøte. Av desse er 42 dialogmøte 1 og 17 dialogmøte 2 .

#### **7. Likestilling – likeløn**

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Avtaleverket har ein kombinasjon av sentralt fastsett minsteløn, fastsetjing av løn i lokale lønsforhandlingar og fastsetjing av løn ved tilsetjing. Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/ stigar, ev. med endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalet (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i ein skilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå søker osv. Løn er i 2013 nytta for å rekruttere og stabilisere kritisk kompetanse. Lønsfastsetjinga og lønsutviklinga i kommunen er i stor grad regulert av hovudtariffavtalet (HTA) som har følgjande inndeling og føringar:

#### *Stillingar i HTA kap 4 - sentral lønsfastsetjing + lokale lønsforhandlingar:*

I HTA kap. 4 finn ein ca. 410 stillingsheimlar, dvs. ca. 90 % av i alt ca. 460 stillingsheimlar i kommunen. Tilsette i HTA kap. 4B - gjennomgåande stillingar og 4C – undervisnings-personale er i all hovudsak løna på sentralt fastsette minstelønstabellar, og lønsplassering for desse er såleis lik for kvinner og menn.

I nokre stillingskodar i HTA 4B har det utvikla seg eit

system med stor grad av lokal lønsfastsetjing. Dette gjeld i særleg grad fag- og arbeidsleiarstillingar i pleie/omsorg og teknisk drift, og sakshandsamarstillingar på fleire tenesteområde. Samla sett er gjennomsnittsløna i desse gruppene tilnærma lik for kvinner og menn.

I mellomoppgjeren i 2013 vart det gitt sentrale lønstillegg i kap. 4 med eit gjennomsnittleg pårekna lønstillegg pr. 1.5.2013 for alle gruppene på 0,75 % (lønsoverhenget til 2013 var 2,70 %). Lønstillegget omfattar regulering av minstelønssatsane og generelt tillegg for tilsette som ikkje ligg på minstelønsstigane.

*Stillingar i HTA kap. 5 - berre lokal lønsfastsetjing:*  
Dette gjeld sakshandsamarstillingane 8084 Ingeniør og 8530 Rådgjevar (legestillingar er her haldne utanfor). I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn litt høgare enn for kvinner.

*Leiarstillingar – HTA kap. 3 - berre lokal lønsfastsetjing:*  
Dette gjeld einingsleiarstillingane 9451 Leiar og 9951 Rektor. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik. Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde.

Det vart i 2013 gjennomført lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 har vore retningsgjevande. Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved mellomoppgjeren i 2013 ikkje i vesentleg grad har endra lønsforholda mellom kvinner og menn i høve til det som er lagt fram i årsrapportane for 2011 og 2012.

#### Stillingsstorleik mann og kvinne:

Tabellen under syner tal menn og kvinner i forhold til stillingsprosent:

	Kvinner		Menn	
	2012	2013	2012	2013
0- 24,99 %	35	34	4	4

#### 8. Tilsyn og revisjonar:

Ein del av arbeidet med kvalitetssikring/internkontroll skjer ved interne og eksterne tilsyn, revisjonar og kontrollar. Tabellen under syner ein oversikt over desse i 2013:

#### Tilsynsorgan:

	Administrasjon	Oppvekst	Helsesteser	Sosiale tenester	Pleie og omsorg	Tekniske tenester	Næringsutv.og naturforvaltning	Kultur	Tal:
Fylkesmannen		1			1	1			3
Miljøretta helsevern		2			1	1			4
Arbeidstilsynet	1				2				3
Sogn Brann og Redning IKS					1				1
Mattilsynet							1		1
Luster Energiverk (EL-tilsyn)		4							4
Luster kommune (interntilsyn)		2							2
<b>Totalt:</b>	1	9	0	0	5	3	0	0	18

#### Kommentar til tabellen:

Tabellen syner at det er mange eksterne tilsynsorgan, mange tilsyn – og generelt høg aktivitet innan dette området. I tillegg til tilsynsorgana som er nemnde i tabellen, gjennomfører også kontrollutvalet ulike revisjonar, samt at kommunen gjennomfører interntilsyn. I sum er dette eit arbeidskrevjande område, men samstundes er det eit viktig arbeid i høve til kvalitetssikring, læring og utvikling. Alle tilsyn er følgt opp og eventuelle avvik/pålegg lukka.


25 - 49,99 %	19	30	5	6
50 - 74,99 %	136	132	19	11
75 - 99 %	137	131	7	8
100 %	132	141	69	71
<b>Totalt</b>	<b>459</b>	<b>468</b>	<b>104</b>	<b>100</b>

#### Kommentar til tabellen:

Tabellen viser at 6,7 % har stilling under 25 %. 6,3 % har stilling mellom 25 – 50 %, 25,2 % har stilling mellom 50 – 75 %, 24,5 % har stilling mellom 75 - 99 % og 37,3 % har 100 % stilling. Det vert arbeidd kontinuerleg med at tilsette skal få størst mogleg stilling.

#### Leiarstillingar – kjønnsfordeling:

#### Kommentar til tabellen:



Tabellen syner at det er god kjønnsbalanse blant leiarar for tenesteeiningane, medan den er noko skeiv i stabseiningane.

#### Permisjon/ redusert stilling:

	Kvinner		Menn	
	Foreldre-permisjon	Redusert stilling	Foreldre-permisjon	Redusert stilling
2013	19	35	0	1
2012	23	30	0	1
2011	21	40	1	4

#### Kommentar til tabellen:

Foreldrepermisjon er svangerskaps/fødselspermisjon og utvida foreldrepermisjon.

Tema

# Interkommunalt samarbeid



**TURSKILT:** Eit av dei nye turskiltene som er komne opp, er ved grinda på garden Skarsbø. (FV) Jarle Aarvoll, Anna Skarsbø, Ivar Kvalen, Knut Myking, Mats Kneppen, Kjell Vidar Johansen, beth Rygge, Jorunn Karin Nytingnes og Olav Lunder

Britt Marie Hauge Veum, Lis-

## Ordførarar trakkar same stien

■■ Turstiprojekt tek form

**SGONDAL:** Denne stien opnar nye mogelegheiter, seier ordførar Jarle Aarvoll.

I går hadde han med seg kollegane i Luster og Leikanger under presentasjonen av Sognefjordvegen S1, turvegsprosjektet igjennom alle dei tre kommunane. Og dei politiske toppane la ivrige i veg.

### Samarbeid

Samarbeidsprosjekten mellom dei tre kommunane innan fol-

■■ Fått positive bieffektar

i alle kommunane. Snart blir dei ferdige strekningane som er merkte lagt ut på tur-nettsida www.ut.no Ein kan også følgje prosjektet via blogg, Facebook, og Instagram fortel Myking, som oppmodar folk om og leggia ut bilete fra turane dei er på.

### Frisklivssentralen

Deler av prosjektet som innber stiftadder har bore frukter. Frisklivssentralen som har blitt til som ein konsekvens av stiprosjektet, femmer også om dei same tre kommunane.

kjengsjerning at me har mange flotte turar frå før. Men med ei slis tilretteleggning, som dette prosjektet har blitt, opnar ein opp for eit låterskeltibod, noko som eg ser på som det viktigaste. Ein del bygder får også betre synt fram turområdet sitt. Og det har blitt vist stort engasjement. Det er sjølv sagt kjekt for andre og vitja nye område. Prosjektet er for alle, ikkje berre dei mest ihuga, seier ordførar i Luster, Ivar Kvalen.

### Tok med skulen

Leikanger kommune var tid-

opp mot friluftsliv, alt treng ikkje gå føre seg på flatmark. Med tilretteleggninga får ein nye inngangsvinklar som er med på og skape vinsyntreder og moglegheiter, seier Aarvoll.

### Kaffi hjå Anna

I høve samarbeidsmarkeringa mellom kommunane, inviterte Myking ordførarane frå kommunane med på ein tur frå Skarsbø opp til Skardet og vidare til Stedjeåsen. Fellesuren slutta der han starta, på garden Skarsbø. Ein av alle dei grunnleggjarane som har gjeve løyve til



**UTSIKT:** Ordførar Jarle Aarvoll fortel om stadnavn over heimste Sogndalsdalen. Ordførar i Luster Ivar Kvalen var også negd. Han såg heilt heim på Hafslo.

Faksimile Sogn Avis 1. oktober 2013.

Luster kommune samarbeider med andre kommunar både nasjonalt, regionalt og lokalt. Årsrapporten gir ei brei oversikt over dette samarbeidet – med vekt på *Sogn Regionråd* og dei nærmeste *nordsidekommunane*.

Kommunen sin "policy" når det gjeld interkommunalt samarbeid har vore og er at me skal utvikle og drive kjerneområda barnehage, grunnskule, pleie/omsorg og vitale helsetenester sjølv, medan me på nær sagt alle andre område er innstilt på å gå inn i gode samarbeidsløysingar.

## Nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Luster tilslutta KS (tidlegare Kommunanes Sentralforbund), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) og Norske utmarksommunar (USS).

Kommunen har og medlemskap/samarbeidsavtale med Norsk kulturarv.

## Fylkesnivået

Luster kommune deltek i KS-samarbeidet i fylket.

Luster samarbeider med alle kommunane i fylket om felles innkjøpsavtaler (SFFI). Ordninga vert administrert av fylkeskommunen. Luster var ved inngangen til 2013 part i ca. 30 avtaler innretta mot ulike vare- og tenestegrupper.

I 2013 vart det inngått ny innkjøpsavtale for varer og tenester innan IKT-området.

I 2013 vart det starta opp arbeid med å innføre e-handel i regi av innkjøpssamarbeidet.

Luster kommune og nesten alle kommunane i fylket samarbeider også med fylkeskommunen om ei felles arkivteneste. Hovudfokuset er å ta vare på eldre arkivmateriale.

Luster kommune er medlem i Alarmsentralen IKS. Dei fleste kommunane, deriblant Luster, nyttar seg no også av tilbodet om overvåking av tryggleiksalarmer. 110-sentralane er til drøfting i forhold til omorganisering, resultat kan vere usikkert.

Kommunane fekk frå 2010 eit lovpålagt ansvar for å yte tenester til kvinner, menn og barn i krise. Luster kommune har sluttar seg til eit fylkesdekkande tilbod basert på tenestekjøp frå Flora kommune.

Luster kommune sluttar seg i 2013 til eit fylkesdekkande tilbod for strakshjelp etter seksuelle overgrep i regi av legevakttilbodet i Sunnfjord. Det er vedteke at tilbod skal tilbake til spesialisthelsetenesta, men det vedtaket kan verda etterprøvd.



## Sogn Regionråd

Sogn Regionråd står for interkommunalt samarbeid i indre og midtre Sogn. I løpet av 2013 er det avklart at Høyanger igjen vert medlem av rådet slik at ein frå 2014 igjen vert ni medlemmar. Sekretariatet er lagt til Sogndal kommune. Ordførarane er fullverdige medlemer, medan rådmennene samarbeider i ei meir driftsretta rådmannsgruppe.

Det regionale samarbeidet har elles vore tufta på ein del utvalde satsingsområde som også er prioriterte i samarbeidsavtalen med fylkeskommunen om regionale utviklingsprosjekt og regionrådet sin regionalplan.

## Selskap

Sogn Regionråd har etablert selskapa SIMAS IKS, SognLab AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og i 2012 Vist Sognefjord A/S som felles reisemålsselskap. Dette er *eigne rettssubjekt*, med eigardelar i form av aksjar eller innskot. Selskapa har eigne vedtekter,

generalforsamling og styre og er såleis uavhengige av regionrådet.

SIMAS IKS syter for all handsaming og transport av hushaldsavfall i kommunane. Desse ordningane har funne si form og fungerer godt i regionen, der det no er/vert auka fokus på sortering og attvinning av materiale og energi. SIMAS syter og for slamtomminga i høve hushaldningar og kommunane i regionen. For næringsavfallet er det private tilbydarar ved sida av SIMAS.

Sognlab A/S kontrollerer m.a. vasskvaliteten i kommunane våre og har for tida 2 stillingar.

Regionrådet og fylkeskommunen er felles om selskapet Sogn og Fjordane revisjon IKS. Selskapet yter finansielle revisjonstenester for eigarane og selskapa deira. Modell for fordeling av kostnader er revidert. Lærdal kommune har gjort vedtak om utmelding og av SR-kommunane er ikkje Aurland kommune med.

I lag med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har ein etablert selskapet Vestlandsrevisjon A/S som tek på seg forvaltningsrevisjonsoppdrag. Selskapet utførte i 2013 forvaltningsrevisjon; Habilitet og etikk i Luster kommune.

Etablering av Visit Sognefjord AS, som felles reisemålsselskap for heile reiselivet i Sogn med reiselivsbedriftene og kommunane i Sogn Regionråd som eigarar, var eit stort arbeid i 2012. Selskapet vart skipa i 2013 med kontoradresse i Sogndal på Fosshaugane Campus.

Luster kommune har aktivt støtta opp om arbeidet med å få til selskapet. Målet med selskapet er å få til ei kraftfull satsing på marknadsføring og sal av «reiselivstilboda» i Sogn.

## Vertskommune

I Sogn Regionråd samarbeider vi og gjennom fleire vertskommuneavtaler.

Alt i 1999 vart det etablert ei eiga avtale om felles arbeidsgjevarkontroll med Årdal som vert. Ordninga er nært kopla til dei kommunale skatteinkrevjarfunksjonane og har pr dato 2 stillingar.

Etter omorganisering av «næringsmiddeltilsynet» (2004) vart det inngått ei avtale om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, med Sogndal som «vert». Ordninga har pr dato 1 stilling, fysisk lagt til Mattilsynet Sogndal.

Regionrådet har etablert eit generelt GIS-samarbeid knytt opp mot ein stillingsressurs i Vik kommune. Sentralt i arbeidet er utvikling og vedlikehald av karttenesta «Sognekart». I tilknyting til dette er nokre nye prosjekt gjeve prioritet, m.a. eit VAR-prosjekt og adresseprosjekt.

Regionrådet og Luster kommune har sluttar seg til ordninga med miljøsertifisering av verksemder. Luster energiverk vart sertifisert i 2012.

#### Avtalar

Sogn Regionråd har og initiert/tek del i ein del *avtalar med fylkeskommunen*.

Dette gjeld Norsk Helsenett (auka samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta), SOFIE (skattenett), drift av felles GIS-løysing (geografiske informasjonssystem) og drift av Kommunenett (internetttilgangar). Desse avtalane er inngått direkte mellom Regionrådet og fylkeskommunen og kvar kommune gjer opp for seg anten via rådkontingensten eller direkte.

Gjennom Sogn Regionråd er det og etablert ein del *avtaler med eksterne partar*.

Avtale om sekretariat for kontrollutvala, med PWC, er etter anbod fornya for 4 år frå 2013.

Det er i 2013 inngått avtale med «Trygg 24» om kontrollar etter alkohollova.

Forsikringsavtalane er via meklar AON Grieg, GIS/Line m/Norkart Geoservice.

Farmasøytske tilsynstenester gjennom avtale med Helse Vest.

Bedriftshelseteneste, avtale med BHT Sogn.

Avtalane vert i utgangspunktet inngått mellom kvar einskild kommune og dei respektive partar, men via ein felles prosess gjennom regionrådet og/eller SFFI.

#### Tilskot

Sogn Regionråd står og saman om fleire *tilskotsordningar*:

Det mest sentrale tilskotet, og som ikkje er tidsavgrensa, gjeld Sogn og Fjordane museum - avdeling De Heibergske Samlingar. Avtalegrunnlaget for dette tilskotet vart fornya i 2009 og alle kommunane i SR er med. Museet vårt (Kaupanger) har ei stor samling frå Luster, både bygningar og gjenstandar. Fylkeskommunen tek no skritt for oppsæring og reforhandling av avtale.

#### Prosjekt og utviklingsarbeid

Sogn Regionråd er også sentral i *prosjekt og utviklingsarbeid*:

Arbeidet med heimesider har vore eit slikt prosjekt, avslutningsvis eit samarbeid på nordsida med opning av ny side mot slutten av 2010. Sida får gode karakterar i Difi si vurdering og det er samarbeid om oppfølging og utvikling.

”Sats på skulen – snu Sogn”, prosjektet er avslutta, men samarbeid om oppvekst i regionen er vedteke skal

vidareførast gjennom «system for styrka læring», arbeid for styrka kompetanse og utvikling.

Gjennom 7 ulike arbeidsområde skal ein vidareutvikla rolla som skule- og barnehageeigar, styrka tilpassa opplæring, auka læringsutbyte, betra læringsmiljø og fremja entreprenørskap. Skulane og barnehagane i kommunen deltek aktivt i nettverk på fagområda og i styrar/leiarnettverk.

I 2013 er det og gjennomført eit forprosjekt som ser nærmare på organisering av PP-tenesta i sogneregionen. Arbeidet vert venteleg vidareført i eit hovudprosjekt i 2014.

Regionrådet tok aktivt tak i skulebruksaka i fylkeskommunen med mål om ein felles strategi i regionen for å sikra beste mogeleg vidaregåande opplæring til ungdommane våre. Det arbeidet lukkast bra, men dessverre så enda prosessen med vedtak om nedlegging av Luster vidaregåande skule på Hafslo. Regionrådet er og aktive i profileringasarbeid for regionen, karrieremesser m.v. og arbeider aktivt med ulike samferdsletiltak som tener regionen.

Det er og starta eit arbeid for mulig samarbeid innan skogbruket, forvaltning og næringsutvikling.

Via regionrådet er ulike nettverk i funksjon. Skuleregion Sogn, ungdomsnettverk, kulturnettverk Sogn, næringsnettverk Sogn og samarbeidsgruppe for helse og sosial.

Utviklingsarbeid og erfaringsutveksling er sentralt i gruppene.

Sogn Regionråd tek og del i Breibandforum, IKT Helsenettverk og IKT skulenettverk.

Arbeidet er delvis finansiert og drifta av Regionrådet, kommunane sitt eige arbeid og dels ved tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune.

#### BVLLS kommunane

SBR-IKS vart skipa i januar 2011 og er det største brannsamarbeidet i fylket med 5 kommunar. Samarbeid om feietenester er integrert i det nye brannsamarbeidet.

I 2012 er og tilsynstenester på byggjesak ein del av oppgåvane for selskapet.

Det er vedteke ny brannordning for alle eigarkommunane, og eit større lovpålagt løft for kompetanse er starta opp. Eit tenleg og nødvendig samarbeid for å løyse oppgåvane hensiktsmessig er i full drift.

Ny brannstasjon i Gaupne er etablert i 2013 i Øienebygget på Røneidsgrandane. Det er planar om å få til kurs og øvingsområde på anlegget.

## BLLS – kommunane

Nordside-kommunane starta i 2007 eit omfattande samarbeid om utvikling og drift av diverse IKT-løysingar og har ein felles IKT stilling. Samarbeidet er omfattande og femner om stadig nye saksfelt/prosjekt. Utvikling av sak/arkiv i lag med fylkeskommunen er ei stor sak, der fylkeskommunen sin strategi vil vere utløysande for vidare arbeid.

Felles løns- økonomi- og personalsystem, Visma, vart teke i bruk frå 1.april 2011. Systemet fungerer godt. Felles framdrift og samordning har fått og vil få noko større fokus framover.

I 2008 vart ”Sogn barnevern” etablert med Leikanger, Sogndal og Luster. Balestrand kommune slutta seg i 2011 til nemnde samarbeid. Sogndal er vert. Dette gir ei robust teneste og at det vert ein viss distanse mellom det nye kontoret/dei tilsette og dei som treng hjelp.

2013 har vore eit aktivt år for barnevernet og med mange tiltak i Luster.

Vik kommune vurderer no å bli med i Sogn barnevern.

## Leikanger, Sogndal og Luster

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster etablerte i 2006 ein interkommunal kulturskule, Sogn kulturskule, med Leikanger som vert. Kulturhuset i Sogndal er vorte ein noko meir sentral base for aktiviteten ved at administrasjon og noko øvingslokale er etablert der. Arbeidet med utviklingsplan for skulen er starta opp.

Jordmorvaktsamarbeidet mellom Leikanger, Sogndal og Luster er ei teneste som Helse Førde kjøper av kommunane. Dette skjer etter at ansvaret for vakt og følgje i desse kommunane ligg til helseforetaket etter omlegging av fødetenesta i fylket.

Ved hjelp av statlege tilskotsmidlar er det etablert eit prosjekt for regionalt folkehelsesamarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Tilstandsrapport/folkehelsebarometer er på plass som grunnlag for handlingsplan for folkehelsa. Prosjektet gjennomfører og fleire andre prosjekt for å fremje folkehelsa, turveg frå Hella til Sognefjellet, S1, har det vorte arbeidd mykje med i 2013.

Frå 01.02.13 vart Sogn Frisklivsentral utvida til og å femna Leikanger og Luster i tillegg til Sogndal. Det er faste kontordagar på Helseenteret og aktivitetar i Luster, f.eks opp mot Lustrabadet.

## Annan interkommunal aktivitet

Luster kommune er med på eigarsida i Sognekraft (knapt 7 %). Selskapet har hovudkontor i Vik, eigen produksjon i Årøy og Vikfalli og nettkonsesjon i Balestrand, Vik, Leikanger og Sogndal. Luster Energiverk eig knapt 13% i Sognekraft og Luster kommune eig igjen knapt 23% av

aksjane i Luster Energiverk, etter kjøp av 5% i 2012. Luster kommune er, saman med kommunane i Sogn og fylkeskommunen, med på eigarsida i ”Sogneprodukter”, med hovudkontor i Vik. Dette er ei bedrift med verna arbeidsplassar som også har arbeidstakarar utplassert i kommunane hjå ulike arbeidsgivarar.

Eit tilsvarande arbeidsområde ligg under vårt eige ”Luster Arbeidssenter A/S” - som også kan bistå nabokommunane.

Luster kommune har tett og delvis prosjektbasert samarbeid med både fylkeskommunen og fylkesmannen innan områda bygdeutvikling og naturbasert næringsutvikling. Både Jostedal, Sørsida/Ornes og Veitastrond er/har vore aktivt med i utviklingsarbeid.

Luster kommune har elles hatt mange oppgåver og prosjekt saman med fylkeskommunen og andre kommunar om t.d Kulturhuset, Storhallen, Fosshaugane Campus, Fjærlandsvegen, Fatlatunnelen og leige/bruk av skulebygget på Hafslo.

## Samhandlingsreforma

I samarbeid med Sogndal og Leikanger fekk Luster kommune i 2011 starta opp eit større folkehelseprosjekt saman med Sogndal og Leikanger, jf omtale ovanfor.

Luster kommune har etablert kortidsavdeling ved Gaupne omsorgssenter for etablering av intermediære og øyeblikkeleg hjelp senger i eigen regi. Tiltaket set og kommunen i stand til å tilby kortids- og avlastningsopphald og ein har føresetnader til å ta hånd om ferdighandsama pasientar frå spesialisthelsetenesta. Tilbodet om Øhj-senger er det avtale på mellom helseforetaket og kommunen og tilbodet er godkjent av direktoratet og har delfinansiering via statstilskot/tilskot frå helsefortaket.

I arbeidet med Sogn lokalmedisinsk senter i Lærdal, er det pårekneleg at Luster vil delta i samarbeid om felles legevaktskiosk samt nettverkssamarbeid og rutinar for pasientforløp mv.

Med verknad frå 2012 er det etablert ein heilt ny avtalestruktur, mange delavtalar, mellom kvar kommune og helseføretaka for rutinar og samhandling i samhandlingsreforma.

Kommunestyret vedtok i 2013 eiga eigarskapsmelding for Luster kommune. Eigarpolitikk, strategiar og omtale av selskapa der kommunen har eigardelar finn ein i meldinga.

# Tema

# Kommuneplanarbeidet

I samsvar med reglane i den nye Plan og Bygningslova frå 2009, er Luster kommune kome langt i arbeidet med kommuneplanarbeidet. Det har vore lagt stor vekt på at ein skal fylgja opp intensjonane i den nye lova. Sentrale hovudpunkt i dette arbeidet er:

1. Planstrategi – vedteken oktober 2012
2. Kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken juni 2013
3. Kommuneplanen sin arealdel – oppstart september 2013
4. Tematiske kommunedelplanar – pågående arbeid

**1. Planstrategien** skal vedtakast innan eitt år etter at nytt kommunestyre har konstituert seg. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei ynskt utvikling i kommunen. I planstrategien vert det lagt føringerar for både samfunnsdel, arealdel og tematiske kommunedelplanar. Planstrategien er retningsgjevande for det kommunale planarbeidet i kommunestyreperioden.

## 2. Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel er verktøyet for kommunen si heilsakplege planlegging. Gjennom dette arbeidet skal kommunen vektleggja viktige utfordringar knytt til samfunnsutviklinga og synleggjera dei strategiske vala kommunen tek. Spesielt viktig er dette for sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk m.m. Samfunnsdelen skal også gje overordna mål for sektorane si planlegging og retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast.



Rådmann Jarle Skartun og ordførar Ivar Kvalen står saman med innleiari Lars Ueland Kobro



Ivrige kommunestyremedlemmer i gruppearbeid på temadagen

## Temamøte i kommunestyret og Ungdommens kommunestyre

I januar 2013 vart det gjennomført eit eige temamøte for kommunestyret og Ungdommens kommunestyre om samfunnsdelen. Utgangspunktet for møta var forskingsprosjektet «Seksessrike distriktskommunar» i regi av Telemarksforsking. Lars Ueland Kobro innleidde og fortalte om kva føresetnader dei har funne som grunnlag for suksesskriterium hjå småkommunar. Innleiinga vart fylgd opp med gruppearbeid som grunnlag for innspel til planarbeidet.



UKS lyttar engasjert til Lars Ueland Kobro si innleiing

Ungdommens kommunestyre hadde også ein grundig forelesing med Kobro. UKS sitt innspel etter møtet viser ungdomar med stort engasjement.

Vidare vart det gjennomført 4 bygdemøte med godt frammøte og stort engasjement. Til saman møtte meir enn 200 personar på bygdemøta.

## Fokusområde

Samfunnsdelen enda opp med tre fokusområde – som skal vera grunnlaget for ei god utvikling i kommunen dei komande åra.

## Fokusområde I: Luster – ein god stad å bu

### Strategiar:

- Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling
- Me skal leggja til rette for at folk trivst med å bu i Luster
- Me skal leggja til rette for gode kommunale tilbod/tenester for innbyggjarane

### Hovudmål

- Bulyst i heile kommunen basert på miljø og berekraftige lokalsamfunn
- Folk i alle hus - Trivsel for alle
- Alle barn og unge skal ha gode og likeverdige oppvekstvilkår som stimulerer til aktiv samfunnsdeltaking og legg til rette for god psykisk og fysisk helse
- Gje alle innbyggjarane i kommunen eit godt tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar uavhengig av kjønn, alder, bustad, etnisitet, økonomi og mobilitet.»
- God livskvalitet for alle som bur i Luster ved å vektleggja førebyggjande tiltak
- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg
- God informasjon til alle
- Gode regionale tenestetilbod til innbyggjarane i Luster
- God beredskap for alle i heile kommunen

## Fokusområde II: Luster – ein god stad for bedrifter

### Strategiar:

- Me skal tilby gode rammevilkår for etablering og vidareutvikling av verksemder
- Me skal vera aktive for vidareutvikling av landbruket
- Me skal leggja til rette for ein infrastruktur som gjev gode vilkår for verksemder og for busetnad i kommunen

### Hovudmål

- Luster kommune skal vidareutvikla eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye og auka talet på arbeidsplassar i kommunen
- Ei berekraftig og framtidsretta landbruksnæring som nye/unge brukarar vil satsa på
- Ein framtidsretta infrastruktur som sikrar busetnad og næringsliv i Luster

## Fokusområde III: Luster – ein god stad å besøkja

### Strategiar:

- Me skal leggja til rette for at det vert god kvalitet på besøksnæringa i Luster
- Me skal vera i framkant i utvikling og tilrettelegging av berekraftige kultur- og naturopplevelingar
- Me skal vera attraktiv å besøkja for folk i regionen

### Hovudmål

- Nyttar dei store attraksjonane innan kultur- og naturarv i utviklinga av besøksnæringane

### Oppfølging

Plan- og bygningslova har klare føringar på at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Kommunane kan sjølv finna løysingar på korleis dette skal gjerast. Luster kommune har lagt opp til at tiltaksdelen i samfunnsdelen vert fylgd opp gjennom prioriteringar ved handsaming av økonomiplan, budsjett og planleggingsprogram.

## 3. Arealdelen


Oppstart av arealdelen vart varsle i august 2013. I oktober – november vart det gjennomført i alt 5 bygdemøte med påfølgjande kontordagar i bygdene og eitt temamøte. Oppslutninga varierte, men samla sett var den svært god. Det kom inn om lag 100 innspel. Det vert i vidare arbeid skilt mellom tiltak som skal handsamast i arealdelen, tiltak som kan fylgjast opp gjennom reguleringssendringar eller budsjetsaker. Ei prioritert oppgåve i denne arealdelen er bustadområde og spesielt då i Gaupne.

## 4. Kommunedelplanar

I planstrategien var det ein gjennomgang av temaet «kommunedelplan». Dette har ført til at kommunen i år framover får færre kommunedelplanar, av di fleire av dei no er plassert i gruppa «fagplanar». Desse skal ha ei langt enklare handsaming.

### Kommuneplanmelding

Kommuneplanmelding er kommunestyret si oppsummering av «eigen» kommuneplan. Denne meldinga har formelt sett ikkje noko kopling til kommuneplanarbeidet, men Luster kommune ser det som føremålstenleg å oppsumma erfaringane med kommuneplanen. Ved handsaminga i 2011 konkluderte kommunestyret med at dei fleste mål og tiltak i planen hadde vore arbeidd med og at kommuneplanen hadde fungert etter intensjonane. I meldinga vart det også gjeve råd til «nytt» kommunestyre om kva saker som burde vektleggast i ny planstrategi .



Tema

# Luster kommune 50 år



Alle har vore ordførar i Luster kommune: Framme frå v: Jan Haugen Sp (1980-89), Knut P Nes Krf. (1978-79). Bak frå venstre: Kåre Øvregard Ap (1976-77), Ernst Veum Ap (1990-2003), Ivar Kvalen Sp (2011-) og Torodd Urnes Krf. (2003-2011).

*«Ved kongeleg resolusjon av 10. november 1961 vart fastsett at Hafslø, Jostedal og Luster kommunar skulle slåast saman til ein heradskommune, og ved resolusjon av 22. juni 1962 vart tidspunktet for gjennomføring av samanslåinga sett til 1. januar 1963.  
Namnet på den nye kommunen vart fastsett til LUSTER.»*

## 50 år er ingen alder?

Mange lusteringar hugsar attende til samanslåinga, mest som det var i går, og kan fortelje om fyrste valet og kven som vart valde. Arkivdokument syner at det var sterkt misnøye kring vedtaket om samanslåinga, slik misnøye det oftast er når det er tale om samanslåing og sentralisering. Gode krefter har utvikla storkommunen og me kan no sjå attende på ei rivande utvikling av gode velferdstilbod til lusteringane.

## 50 år må feirast.

Kommunen starta markeringa på Lustramarknaden med ei jubileumsutstilling, konkurranse, kakeservering og ikkje minst eit møte mellom tidlegare ordførarar i

kommunen, alle då med unntak av den fyrste ordføraren Anders Bjørk som gjekk bort i 1981. Tidlegare formannskapssekretær Hans Lavoll møtte også og var med og mimra attende. Det var stort oppmøte av gamle og unge lusteringar på rådhuset denne dagen. Praten gjekk godt og jubileumskaka fall i smak. Ordførar Ivar Kvalen eigna seg godt som vert og serverte forgengarane sine.



Jubileumskaka smakte godt. Det var jamn straum av besökande heile dagen.



Tema for utstillinga er: Samanslåing, folketal, økonomi, samferdsle, kommunikasjon, bustadfelt, opplæring, omsorg, kultur og miljø.


### Jubileumsutstilling

Tema for utstillinga var: Samanslåing, folketal, økonomi, samferdsle, kommunikasjon, bustadfelt, opplæring, omsorg, kultur og miljø.

### Hugsar du, eller visste du at

- rådhuset kosta 3,3 millionar kroner då det vart bygd i 1968?
- Magnhild Roti var fyrste kvinne i kommunestyret i storkommunen?  
Ho vart innvald i 1964, då også som varaordførar.
- fjellvegen Årdal – Turtagrø opna i 1972?
- vegen til Vigdalen opna i 1963, og kosta 840.000 kroner?
- fyrste Lustranytt kom i 1995?
- det var 20 skular i 1963?
- Hafslø IL fekk fyrste kulturprisen i 1985?
- kommunen si drift kosta 2,6 millionar kroner i 1963 mot 317 millionar i 2012?
- Jotunheimen nasjonalpark vart skipa i 1980?

Utstillinga gjev svar på mykje meir av det som har hendt frå 1963 og fram til i dag. Vår lokale «samferdsleministar» Per Birger Lomheim har hjelpt oss med utstillinga, og har mellom anna laga kart som syner når ulike veger er bygde og kostnaden med dei.



Hege Roll-Hansen og Oddmund Løkensgard Hoel

### Fakta kring samanslåinga

Luster kommune engasjerte historikarane Hege Roll-Hansen og Oddmund Løkensgard Hoel til å skrive ein artikkel om samanslåingsprosessen.

Kommunestyret fekk ein smakebit på presentasjonen ved ein middag i september på Jostedal hotell.

Hoel og Roll-Hansen har levert artikkelen i ei kortutgåve som er presentert i Lustranytt 2/13. Hovudartikkelen vil bli presentert i lokalhistorisk årbok som kjem ut i 2014.

Det var sterkt motstand i dei tre kommunane om samanslåing, og det var ikkje sjølv sagt at grensene vart som dei vart:

*«.....Luster kommune avviste både løysingar. Å slå saman Gaupne og Jostedalen kunne 'knapt vera alvorleg meint'. Men Luster såg heller ikkje lyst på å bli*



Aktivitetsdagen. Ordførar Ivar Kvalen opna dagen med å understreka kor viktig det er med fysisk aktivitet for alle, og at slike fellesarrangement er noko som kan bli tradisjon i kommunen vår. Trygge lokalsamfunn handlar også om å ta vare på kvarandre og på ei årstid som denne er det nødvendig å minna om at det handlar om å bli sett – bruk refleks! Elevkoret, som var samansett av alle - ca 650 - grunnskuleeleverne i Luster kommune, opna Aktivitetsdagen 2013 med «Song til Luster».

påprakka Jostedalen: «Det er også tindrande klårt at Luster økonomisk vil vera den tapande part. ... Jostedal er og vil verta ein underskotskommune.» Det var ikkje dit Luster tenkte seg at dei komande inntektene frå Fortun-utbygginga skulle gå. Løysinga vart altså å ta med Hafslo.

Den endra innstillinga frå Schei-komiteen gjekk ut til kommunane våren 1959. Kommunestyret i Jostedalen meinte samanslåing av alle tre kommunar ville vere «ei verdigare løysing for Jostedal» enn samanslåing berre med Luster. Kommunestyret i Hafslo meinte primært, som Jostedalen, at dei dåverande grensene ikkje burde endrast, men om det ikkje gjekk, var den nest beste løysinga samanslåing med både Luster og Jostedalen – det vart altså føretrekt av Hafslo framfor å miste sørsida. Då var det berre Luster att der eit massivt fleirtal i kommunestyret framleis gjekk imot samanslåing. Siste krampetrekninga frå kommunestyret i Luster var ein freistnad så seint som i 1961 på å krevje ubrigda grenser, subsidiært å slå saman berre Luster og Jostedalen, ei løysing Luster nokre år før hadde avvist på det skarpaste.»

#### Aktivitetsdag:

Grunnskulane markerte 50-års jubileet med ein felles aktivitetsdag 1. oktober. Om lag 650 elevar og 40-50 skuletilsette var samla til ulike aktivitetar i Gaupne.

Alle møtte på tribuna ved idrettsanlegget. Ordførar Ivar Kvalen opna dagen og elevar og tilsette song «Lustrasongen». Å høyre kring 700 personar syngje «Lustrasongen» var ei mektig og flott oppleving. I tillegg til å markere jubileum og styrke Lustra-identiteten var tema for dagen fysisk aktivitet og trafikkførebyggjande tiltak. Elevane var inndelte i grupper med elevar frå andre skular. Dei eldste fekk nyttig trafikkopplæring og alle koste seg i leik og moro i strålende solskin.



Stein Bugge Næss, Luster turlag (t.v.), ordførar Ivar Kvalen og Torkjel Solbraa i prosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» viser fram julegåva til lusteringane: Turkart som syner heile Luster kommune.

#### Jubileumsgåve – turkart til alle husstandar i kommunen

Luster kommune er ein stor kommune, og endeleg, etter 50 år kan me seie at kommunen er samla på kartpapiret. Naturarvprosjektet «Mellom fjell, fjord og folk» i kommunen og turkartgruppa til Luster turlag står for utviklinga av kartet. Luster Turlag er utgivar og kartet er finansiert med midlar frå Luster kommune, Miljødirektoratet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kartet kom i posten til alle husstandane saman med Lustranytt til jul. Det syner ei mengd velkjende turar i frodige daler, bratte dalsider og storsslått høgfjellsnatur, men også kortare og lengre rundturar. Kartet er produsert i tynt plastmateriale og skal tolle å bli brukt i all slags ver. Det er ynskjeleg at kartet gjev inspirasjon til å utforske nye stiar og turområde i kommunen!

#### Jubileumsåret vart avslutta med inviterte gjester og markering i kommunestyret.

19. desember var kommunestyret samla til å feire kommunen sitt jubileum. Oddmund Hoel presenterte



Fylkesmann Anne Karin Hamre (nærast ordførar Ivar Kvalen) og fylkesvaraordførar Jenny Følling framførde helsing og gavé under Luster kommunestyre sitt møte 19. desember 2013 i samband med kommunen sitt 50 års jubileum. Oddmund Hoel (t.h.) fortalte historia kring kommunesamanslåinga.

arbeidet som han og Hege Roll-Hansen har samla i artikkelen om kommunesamanslåinga. Fylkesmann Anne Karin Hamre løfta fram kommunen som naturkommunen, kulturkommunen, kraftkommunen, ein kommune som er føredøme på gode styringssystem, som har teke tak i elendig kvinnerepresentasjon. Luster er den største kommunen i fylket, men er ein del av ein større bu- og arbeidsmarknad i regionen. Det er viktig å stå fram som ein region

Fylkesvaraordførar Jenny Følling hadde med helsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ho framheva demokratiet, dei folkevalde og stemninga i kommunestyresalen. «Det er avgjerder i denne sal som har forma Luster til slik Luster er i dag». Kommunen som forvaltningsnivå er truleg det aller viktigaste for folket sin kvardag. Luster har hatt ei flott utvikling, har god fordeling på ressursar og har gode tenester til innbyggjarane. Både fylkesmannen og fylkesvaraordføraren ynskte til lukke med jubileet og hadde med blomehelsingar.



#### **Markeringa i kommunestyret er samla i lydfil på Radio Luster si nettside**

Markeringa vart avslutta med jubileumsmiddag på Gaupne hotell, der kulturprisvinnar Kjell Einar Ormberg underheldt med trekkspel og gode historier.

Frå artikkelen til Hoel og Roll-Hansen:

«.....Skal ein oppsummere Luster kommune femti år etter, vil nok ikkje så mange teikne eit like dystert bilet, tvert om er Luster kommune på mange vis ei suksesshistorie. Skal ein peike på kvifor det har gått såpass bra som det har gjort, er nok definitivt kraftinntektene den avgjerande faktoren. Luster har hatt økonomi til å sikre ei desentralisert utvikling i den spreiddbygde kommunen, og det har nok vore avgjerande for å halde dei interne spenningane frå 1963 i sjakk. Ein skal ikkje sjå lenger enn over Jostedalsbreen for å finne døme på ein kommune ganske lik Luster (altså Stryn) der det gjekk så därleg etter samanslåinga i 1965 at Stortinget måtte gå med på at Hornindal fekk gjenoppstå på kommunekartet i 1977.

Etter årets vending i rikspolitikken er det klart at det går mot ei større kommunereform sjølv om det korkje er gjeve kva konklusjonen vil bli eller når han vil kome. Det tok 17–20 år (!) frå Schei-komiteen vart oppnemnd til kommunesamanslåingane vart gjennomførde. Korleis denne prosessen vil ende for Luster sin del, kan iallfall ingen vite, men me kan vere heilt sikre på at Luster, Hafslo og eventuelt Gaupne–Jostedalen ville stått langt meir lagleg til for hogg i neste runde om ikkje Nicolai Schei og komiteen hans hadde skore gjennom og gått inn for full samanslåing i mars 1959.»




Kommunestyret:	25
Formannskap/næringsutval:	7
Plan- og forvaltningsstyre:	7
Adm.utval:	3 + 2
Kontrollutval:	5

# Folkevalde

## Politisk organisering

*Organisering vedteke frå konstitueringa hausten 2007*



### Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommunestyrerepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.

- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.



Formannskapet frå november 2013: F.v. Morten Vigdal, Ernst Veum, Ivar Kvalen, Marit Aakre Tennø, Geir Arve Sandvik, Anette Stegegerdet Norberg og Jon Ove Lomheim.

## Møteaktiviteten i dei faste politiske organa har vore slik:

Utval / år	2010		2011		2012		2013	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	82	10	96	8	108	8	85
Formannskapet	16	156	15	142	18	183	16	158
Plan-/forvaltningsstyret	10	86	7	82	10	80	7	76
Klagenemnda	1	4	1	3	3	3	2	5
Administrasjonsutvalet	2	7	1	5	2	10	3	11
Kontrollutvalet	5	20	5	21	5	22	6	20

### Aktivitet 2013

Rådet for funksjonshemma, eldrerådet, ungdomen sitt kommunestyre og kontrollutvalet har eigne årsmeldingar.

Torunn Gauteplass Hønsi fekk fritak frå kommunale verv. Ivar Buskaker omkom i ei trafikkulukke etter deltaking på politisk møte.

Nye medlemer i kommunestyret er Karita Nes og Geir Arne Kvam.

Nye medlemer i formannskapet er Anette Stegegjerdet Norberg og Morten Vigdal.

#### Temamøte:

Januar: 1 dag om kommuneplanen

Mai: ½ dag om oppvekst, skule og barnehage

Juni: ½ dag kommuneøkonomi.

*Det har vore gjennomført bygdemøte kring arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.*

Ordførar har delteke i arbeidsgruppe som jobbar for å få Sognefjellstunnelen inn i Nasjonal Transportplan. Jan Ølchers er engasjert i arbeidet, som også vert vidareført i 2014.

Kommunen har markert 50 års jubileum for Luster kommune, omtale anna stad i årsmeldinga.

Det er gjennomført val til Storting og Sametinget.

Styringsgruppa for Fairtrade har jobba for å vidareføre status som Fairtrade-kommune.

#### Større politiske saker som er handsama:

- Vedteke strategi for rekruttering og kompetanseutvikling.
- Løyvd midlar til ytterlegare breiband og fiberutbygging.

#### Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
100	Folkevalde	3 264	3 605	9 %	3 412
	Sum	<b>3 264</b>	<b>3 605</b>	<b>9 %</b>	<b>3 412</b>

Den økonomiske ramma var i 2013 redusert med 100.000 kroner ut frå forbruket tidlegare år. Forbruket for 2013 er likevel godt under ramma, og ramma er redusert ytterlegare i 2014.


Kommunestyret si internettgodtgjersle vart redusert som eit innsparingstiltak.

- Godkjent bygging av utlegebustad på Indre Hafslo og Veitastrand og bede rådmannen greie ut etablering av utlegebustad i Fortun.
- Godkjent nye takstvedtekter for eigedomsskatt. Takstnemnd for eigedomsskatt har føreteke nytakseringar.
- Vedteke å busetje inntil 10 flyktningar i 2013, 5 i 2014, 10 i 2015 og 10 i 2016.
- Vedteke adresseforskrift.
- Vedteke å gje økonomisk støtte til opprydding av køyretydeponi i Flåten.
- Godkjent opplegg for offentleg toalett spreidd rundt i kommunen.
- Fortun skule er overført til Fortun bygdelag, inkludert eit tilskot på 700.000 for å setje bygningane i stand.
- Godkjent grunnkjøp på Kvitevollen i Luster.
- Godkjent grunnkjøp av Wittgensteintomten.
- Overteke vass- og avløpsanlegg i Hestehagen i Fortun.
- Vedteke eigarskapsmelding for kommunen.


#### Høyringssaker:

- Regionalplan for Sogn Regionråd.
- Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
- Bergselvi kraft.
- Kjerringnes kraft.
- Storeelvi Øvre og Storeelvi Nedre kraftverk.
- Ukulsvik kraftverk.
- Regional plan for idrett og fysisk aktivitet.
- Regional transportplan Sogn og Fjordane.

*Alle tiltak planlagde i budsjettet på dette området er gjennomført.*



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2011	36,3
2012	23,1*
2013	23,1*)

\*) Tidlegare reg. tilsette på adm., som arbeider på tenesteområde teknisk, oppvekst og kultur, er flytta over dit.

# Administrasjon

## Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og hans 9 stabseiningar. Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område. Slike oppgåver er ikkje omtalte her.

## Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og legge til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

### 120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksforebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve

den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitetssystemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i staben.

### 121 Eigedomsforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin eigedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal eigedom er samla på budsjettkapitlet.

### 130 Administrasjonsbygninger

Drift av rådhuset.

### 170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon.

### 180 Diverse fellesutgifter

Her har vi til no vore ført reserve løn og generell tillegg. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar

## Styringsmål 2013

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 13	Resultat 2013
Felles	Luster	Landet					
	B	Brukartilfredsheit:	Innbyggjarundersøking 1)	4,8	4,5		
	B	Klagesaker med omgjering av vedtak	Registrering	0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing 2)	4,8	4,4	4,8	
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk 3)	3,8	-	< 2,5	2,0

B = Brukarmål M = Medarbeidarmål

### Kommentarar til tabellen:

- 1) Innbyggjarundersøking gjennomført i 2011. Snitt brukartilfredsheit for fleire typar teneste. Landet er snitt av 16 kommunar som deltok i undersøkinga. Svarprosent Luster 36%.
- 2) Omfattar her stabsleiarar, medarbeidarar i tilhøyrande stabar og alle einingsleiarar på tenestenivå.
- 3) Sjukefråveret hadde ei positiv utvikling frå 3,8 i 2012 til 2,0 i 2013.

### Aktivitet 2013

- Gjennomført brukarundersøking for pleie og omsorg og for skule, elevane. Resultata er omtalte på dei enkelte tenesteområda.

- Vidareført prosjektet Saman for ein betre kommune. Prosjektet har avslutning sommaren 2014.
- Vidareutvikla styringsmåla for kommunen.
- Arbeidet med bustadsosial handlingsplan er starta og vil bli fullført i 2014.
- Overformynderiet er overført til Fylkesmannen. Rekneskapsmessige oppgåver står att og vil bli avslutta i 2014.
- Lagt til rette for forvalningsrevisjon, etikk og habilitet.
- På IKT området vart følgjande gjennomført: Meldingsløftet (Pleie og omsorg), felles journalsystem for Fysio (ProMed), ny versjon av intranett



### Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000

Funksjon		Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>110</b>	Revisjon og kontrollutval	845	897	<b>6 %</b>	777
<b>120</b>	Administrasjon	22 432	22 593	<b>1 %</b>	24 826
<b>121</b>	Eigedomsforvaltning	1 594	1 701	<b>6 %</b>	1 999
<b>130</b>	Administrasjonsbygg	951	1 078	<b>12 %</b>	1 294
<b>170</b>	Premieavvik i år	-3 540	-8 406	<b>58 %</b>	-10 497
<b>171</b>	Premieavvik tidl. År	10 497	15 160	<b>31 %</b>	2 626
<b>180</b>	Diverse fellesutgifter	212	4 322	<b>95 %</b>	-244
	Sum	<b>32 991</b>	<b>37 347</b>	<b>12 %</b>	<b>20 781</b>

### Kommentar:

170 og 171 Premieavviket er basert på budsjett/prognose frå pensjonsselskapa. Sidan Luster kommune amortiserer premieavviket over 1 år, får vi store skilnader i premieavviket frå det eine året til det andre. Grunnen til at rekneskapsresultat avvik så mykje frå budsjetterte tal er i hovudsak knytt til avkastninga av kapitalen til selskapa.  
180 Det har ikkje vore behov for budsjetterte tilleggsloyvingar.

(Sharepoint) og utvikling av tenester knytt til denne, eksamensløysing for ungdomsskulane, forprosjekt Epost til alle tilsette.


- Luster kommune har i 2013 delteke i arbeidet med etablering av Sogn lokalmedisinske senter i Lærdal i tråd med kommunestyret sitt vedtak den 14.6.2012 (sak 53/12) og prosjektplan for forprosjektet.

*Starta i 2013 og vil bli fullført i 2014:*

- Vurdere organisering på teknisk område.
  - Vurdere ny organisering av bustadområde.
  - Fornye beredskapsplanverket.
- Alle innsparingstiltaka som var planlagde på området for 2013 er gjennomførte:
- Redusert stillingar.
  - Avvikla ordning med tilskot til private verksemder som har ungdom i sommarjobb.
  - Redusert Lustranatt frå 3 til 2 utgåver.
  - Avvikla generell ordning med treningsstilskot til tilsette.
  - Avvikla permisjon med løn ved mammografi.
  - Avvikla «doble» ordningar av seniortiltak.

### Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til adminitrasjon og styring (folkevalde) i kr. pr innbyggjar:*




Kostratal for 2013 viser at utgiftsnivået til adminitrasjon og styring ligg på 78 % av nivået i kostragruppe 3. Dette er litt lågare enn 2012. Det ligg samtidig over nivået på fylkesplanet og landet.

## Kommunalt tilsette heidra




Luster kommune inviterte til markering for dei med 25 års teneste i kommunen på Tørvis Hotell den 29. august 2013. Magnar Holen vart særskilt heidra for 40 års teneste.

Bak frå venstre: Ordførar Ivar Kvalen, Kari Ødegård, Johannes Øygarden, Øygunn Kjos, Nils Sverre Fardal, Anne Berit Nytn, Anne Grete Vinda, rådmann Jarle Skartun. Framme frå venstre: Kjellrun Øvregard, Magnar Holen, Ellen Susanne Fossøy. Desse kunne ikkje møta: Magne Gilen, Else Karin Øvrebø, Audhild Timberlid.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2011	174,95
2012	174,99
2013	174,50

# Oppvekst

## Organisering

Tenesteområde Oppvekst er organisert med barnehage, skule, SFO.

Det er 3 barnehagar som er organisert som reine barnehagar. Det er 3 skular som er organisert som reine skular, medan 5 einingar er organisert som oppvekstsenter som inkluderer barnehage, skule og SFO. For Veitastrond skule & barnehage ligg ansvaret i 2013/14 til rektor ved Hafslo barne- og ungdomskule. PPT er eiga eining.

# Barnehage

## Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova (2011, s.9) i §1 som seier at:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdets og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.”

I tillegg til lova er den statlege rammeplanen overordna all barnehagedrift.

Luster kommune sine overordna mål er som følgjer:

- Ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året. Jf vedtekten.
- Gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa, og som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, leik og læring som sentrale deler.
- Leggje til rette for at barna også får aktivitetar utanfor

barnehagen sine lokale og område, dvs gjer seg nytte av nærmiljøet og naturen.

- Styrke det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving.
- Syte for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar.

## Tenester og oppgåver - generelt

### Barnehage

#### Kapasitet og bemanning

Barnehagane i Luster kommune har ei grunnbemanning på ein pedagogisk leiar og to assistentar pr. avdeling med 18 plassar for barn over 3 år eller 9 plassar under 3 år. Ved 24 plassar vert bemanninga auka med ein førskulelærar.

Nokre av barnehagane hadde hausten 2013 noko ledig kapasitet i høve areala.

#### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein må ha gode rutinar for overgangen mellom barnehage og skule.

#### Samarbeidspartar

Barnehagane samarbeider med nærliggande skule, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT i høve samarbeidsrutinar i det sakkyndige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. **HSP-team (helse, sosial, psykisk helse)** har to møter pr år. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til best mogelege tilbod.

#### Styrka barnehagetilbod

Barn med spesielle behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskilt støtte ut frå eigne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet ”Saman for barn og unge”.

## Styringsmål 2013

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2012/13	Resultat 2013
				Luster 2012	Landet		
<b>Felles</b>	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	4,9	4,9	5	—
	B	Klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	—
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	4,9	4,6	5	—
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	8,4	-	5,5	5,5
<b>Tenesta</b>	B	Respektfull behandling (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,2	5,3	5,3	—
	B	Allsidig leik og aktivitet (skala 1-6)	Brukarspørjing	4,9	5,0	5,1	—
	B	Trivsel (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,0	5,1	5,2	—
	B	Informasjon (skala 1-6)	Brukarspørjing	4,7	4,7	4,9	—

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål

### Kommentar:

Oppnådd mål i høve til sjukefråvær - positiv nedgang.

Det var ikkje brukar undersøking barnehage og medarbeidarundersking i 2013, skal vere i 2014.

### Barnehagelokale

Barnehagane generelt i kommunen held til i lokale som er i god stand. Hafslo barnehage er under ombygging og utviding med ein avdeling. Barnehagen skal vera ferdig til 15.august 2014.

### Aktivitet 2013

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordelte seg slik pr 15.09.13:

Barnehage	Mån-dag	Tys-dag	Ons-dag	Tors-dag	Fre-dag
Gaupne	95	99	90	98	94
Hafslo/ Gamlestova	102	102	92	101	101
Luster	29	29	23	31	29
Jostedal 1)	17	19	17	19	18
Solvorn 1)	14	19	17	15	16
Skjolden 1)	17	18	13	16	18
Indre Hafslo	25	24	22	24	24
Veitastrond	4	4		4	4
<b>Sum</b>	<b>303/ 299</b>	<b>314/ 310</b>	<b>274</b>	<b>308/ 304</b>	<b>304/ 300</b>
Sum 2012	291	304	256	291	281

1) Skjolden, Jostedal og Solvorn har i tillegg deler av SFO-tilbod lagt inn barnehagedrifta. Veitastrond barnehage var ikkje med under registreringa på årsrapport 2012.

Det har vore ein auke i tal plassar frå 2012 til 2013.

Gjennomsnittleg pr dag har det vore ein auke på 9 plassar.

I barnehageåret 2013-14 er Hafslo og Gamlestova driven som ein barnehage.

Det kan i periodar med høgt sjukefråvær vere vanskeleg å få tak i nok vikarar.

### Opptak av barn

Ved oppstart av nytt barnehageår var det litt ledig kapasitet i høve til areala i fleire barnehagane. Spesielt i Gaupne var det ledig mange plassar. Overgang til nytt kalenderår gav nye søkerar og ein del endringar. Det blei gitt tilbod til alle søkerane, nokon fekk tilbod om barnehageplass i ein anna krets.

### Kompetanseheving og pedagogisk arbeid

I prosjektet ”Sats på barnehagen – snu Sogn” har Luster kommune hatt med 14 deltakarar i utdanninga ”Leiing i framtidas barnehage”. Dei siste deltakarane avslutta sitt utviklingsarbeid våren 2013.

I mars/april 2013 gjennomførte barnehagane ståstadsanalyse og tok utgangspunkt i den for å lage ein utviklingsplan. Barnehagane jobbar alle med språkkompetanse og språkutvikling.

Barnehagane i kommunen har 24 deltakarar på fagnettverk regionalt i dei sju fagområda og 8 deltakarar på styrarnettverk regionalt og kommunalt.


I tillegg er pedagogiske leiarar med i kommunalt fagnettverk arrangert av skulane.

I samarbeid med fylkesmannen har kommunen 18 deltagarar på eit 5 dagars kurs, med tema vaksenrolla i barnehagen. Kurset er lagt opp til 3 dagar regionalt og dei to siste kursdagane skal kommunen sjølv arrangere i 2014.

Det var auke av spesialpedagogiske tiltak i barnehagane frå haust 2012 til haust 2013. Spesial pedagogisk tiltak har auka med 2,47 %. Dette fordi tal barn med spesielle behov har auka, anten i spes.ped. tiltak eller som styrka tilbod. Denne auken skjedde både frå vinter/vår 2013 og frå hausten 2013.

### Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til barnehage i kr pr innbyggjar 1 - 5 år:*




Kostratal for 2013 viser at netto driftsutgifter til barnehage i kr pr innbyggjar 1-5 år er 85,5 % av nivået i kostragruppe 3. Dette er lågare enn 2012. Vi ligg samstundes under gjennomsnitt for fylket og landet.

Luster kommune hadde i 2013 eit barn som bur i fosterheim i ein annan kommune der kommune måtte betale både barnehageplass og spes. ped. tiltak til vertskommunen.

Luster kommune hadde og eit barn busett i Luster kommune som har barnehageplass i privat barnehage i Sogndal og som kommunen må refundere ein del av utgiftene til barnehageplassen til Sogndal.

### Kostra-samanlikning

*Del barn 1 - 5 år med barnehageplass:*



Kostratal for 2013 viser at Luster har ei barnehagedekning på 86,9%. Dette er vesentleg lågare enn nivå Sogn og Fjordane, men er og godt under kostragruppe 3 og landet.

### Økonomisk resultat

Tal i kr. 1000

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>201</b>	Barnehage	26 526	27 240	<b>3 %</b>	27 838
<b>211</b>	Styrka barnehagetilbod	2 152	1 745	<b>-23 %</b>	1 761
<b>221</b>	Barnehagelokale	1 990	2 072	<b>4 %</b>	2 445
	Sum	<b>30 668</b>	<b>31 058</b>	<b>1 %</b>	<b>32 045</b>

*Kommentar:*

201: Litt mindre forbruk på varer og tjenester

211: Meirforbruk på løn på grunn av fleire barn som fekk spes.ped. tiltak/styrka tilbod.

221: I hovudsak innsparing på reinhaldsteneste utover budsjettet

# Grunnskule

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i 9 tenesteeiningar. 3 skular er organisert som eiga skuleeining.

5 av einingane er organisert som oppvekstsenter.

Veitastrand skule har administrasjon under Hafslo barne- og ungdomsskule. PPT er eiga eining.

## Overordna mål

- Gje alle grunnskuleelevar eit godt og mest mogleg tilpassa opplæringstilbod i samsvar med lov og læreplanar og i samarbeid med heimane.
- Arbeide for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat.
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarar/flyktningar.
- Gje skulefritidstilbod (SFO) til elevar på 1.-4. klassesteg, så langt som mogleg ved heimeskulen.
- Arbeide aktivt for å få fleire mannlege lærarar inn i grunnskulen i Luster.
- Oppretthalde ein desentralisert skulestruktur med vekt på Lustraidentitet.

## Tenester og oppgåver – generelt

### 202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslov og læreplanar. Det vert gjeve spesialpedagogisk rådgiving til skular, barnehagar og einskildheimar. Grunnskulen er og sakkyndig organ i forhold til spesialpedagogiske tiltak og spesialundervisning. Slik undervisning vert gjeve etter sakkunnig vurdering og enkeltvedtak. I tillegg inngår opplæring av barn frå språklege minoritetar.

### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt eige kvalitetssystem.

### Frukt og grønt

Alle grunnskuleelevarane i Luster kommune har i 2012/13 og 2013/14 fått tilbod om gratis frukt og grønt dagleg.

### Leksehjelp

Det vert lagt til rette for gratis leksehjelp i tilknyting til alle skulane i Luster. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt, men alle elevane frå

1. – 4. klasse får tilbod om leksehjelp to timer pr. veke.

### Sats på skulen – snu Sogn

I prosjektet har kommunane i Indre Sogn forplikta seg til eit samarbeid om leiarutdanning, fagnettverk og eigarskapsrolla. Luster kommune har i k-sak 98/08 prioritert følgjande:

1. Årleg temadag/-økt om skule med fokus på prestasjonar og drøftingar med utgangspunkt i resultat.
2. Utvikle kommunale fagnettverk i basisfaga norsk, engelsk og matematikk for å sikre kvalitet og nå felles målsetjingar.
3. Etablering av communal entreprenørskapsgruppe med aktørar frå skule og næringsliv.
4. System for styrka læring som starta hausten 2012
  - Ståstadsanalyse for kvar skule/oppvekstsenter. Eigne utviklingsplanar
  - PPT-organisering
  - nettverk

### Samarbeidspartar

Skulane samarbeider tett med PPT, som har gode samarbeidsrutinar i det sakkyndige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. Skulane samarbeider og med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Innarbeidde rutinar vert løpende evaluerte.

Tverrfaglege team er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Det er samarbeid med folkehelsekoordinatorene når det gjeld førebyggjande arbeid. Dette arbeidsområdet vert utvida med meir gjennomgripande førebyggjande tiltak, jf. omtale under «Helse», folkehelsearbeid.

### Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster har eiga PP-teneste med psykolog, spesialpedagogar og logoped. PPT arbeider saman med rådmannen sitt oppvekst-team for å få til ein inkluderande skule. Det er nær kontakt med skule- og barnehagemiljøet gjennom regelmessige besøk og faste møteavtalar gjennom året. PPT jobbar for å få til gode rutinar, organisering og fordelingsopplegg i forhold til bruk av spesialpedagogiske ressursar. PPT har medverka i høve opplæring i "PALS", eit forsøk over tre år som ein skule prøver ut og som tek sikte på å førebygge problemutvikling og fremme eleven sin sosiale og skulefaglege kompetanse. Logopeden jobbar med vaksenopplæring og undervisning av elevar og førskulebarn.

Psykologen vil framleis ivareta kommunepsykologiske oppgåver, i samarbeid med m.a. helsestasjonen, legane, psykiatriteamet, ruskonsulenten og Sogn barnevern.

Psykologen er og Akan-kontakt. Faste samarbeidsmøte med andrelinja vil halde fram. Det er utvikla tettare samarbeid med psykiatrieiningerane i Indre Sogn.

Det er og tett samarbeid mellom kommunane i regionen. Dette gjeld på fagnettverksarbeid, samarbeid om etter- og vidareutdanninger, utvikling av prosedyrar i samband med eksamen og utveksling av sensorar til munnleg eksamen.

### 213 Vaksenopplæring

Norskopplæring for innvandrarar busette i Luster, med rettar/plikter etter introduksjonslova (2005), vert gjennomført i eit samarbeid mellom Luster, Leikanger,

## Styringsmål 2013

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 13	Resultat 2013
Felles	B	Brukartilfredsheit (skala 1-5)		Luster 2012	Landet 2013		
	B	• Elevtrivsel • Foreldre: Trivsel/læring/utvikling	Brukarspørjing	4,3 4,3	4,15 4,15	4,4 4,3	4,5
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0	
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	4,8	4,6	4,5	-
	M	Sjukefråvær – skule (%)	Fråværsstatistikk	5,5		5,5	6,3
Tenesta	B	Elevmotivasjon (skala 1-5)	Elevundersøking	3,9	4,0	4,3	4,1
	B	Resultat eksamen 10. klasse (skala 1-6)					
	B	• Norsk • Engelsk • Matematikk	Skoleporten Skoleporten Skoleporten	- 3,5 3,4	3,4 3,8 3,1	3,7 3,9 3,4	3,9 4,3 2,9
	5 klasse Resultat (skala 1 – 3)			Luster 2012	Landet 2013	Mål 13	Resultat 2013
Nasjonale prøvar	B	Lesing	Skoleporten	1,9	2,0	2,1	2,1
	B	Engelsk	Skoleporten	2,0	2,0	2,1	2,0
	B	Rekning	Skoleporten	1,9	2,0	2,1	2,0
	8 klasse Resultat (skala 1 – 5 )						
	B	Lesing	Skoleporten	3,2	3,1	3,2	3,2
	B	Engelsk	Skoleporten	3,3	3,0	3,3	3,1
	B	Rekning	Skoleporten	3,4	3,1	3,4	3,4
	9 klasse Resultat ( skala 1-5)						
	B	Lesing	Skoleporten	3,9	3,4	3,9	3,8
	B	Rekning	Skoleporten	3,8	3,4	3,8	3,9

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål

Resultata er ganske jamne med 2012, noko er litt betre, og noko er litt svakare. Målloppnåinga er noko varierande, nokre mål er oppnådd, andre ikkje. Trivselen og tilfredsheten til elevar og tilsette er god. Ser ein på nasjonale prøvar er det ein klar positiv skilnad frå 8. klasse til 9. klasse. Eksamenskarakteren i matematikk gjekk ned mykje, medan den i engelsk og norsk gjekk opp samanlikna med siste åra.

Lærdal og Sogndal og føregår i Sogndal. Utgiftene vert dekte av særskild statstilskot og refunderte til Sogndal etter refusjonskrav. I dette ligg og eit administrasjonstilskot.

*Grunnskuleopplæring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova*

Personar som har behov for fornya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangefull dugleik innan einskilde skulefag, har rett på slik opplæring.

*215 Skulefritidsordninga (SFO)*

SFO er eit frivillig tilbod for skulebarn på 1.- 4. klassessteg, før og etter skuletid og i skuleferiar. I

SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel, og det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrand. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslø.

*222 Skulelokale*

Skulelokala er i generelt god stand. Det er mange nye skulebygg med godt utstyrt lokale i kommunen. Det er fast opplegg for vaktmeistar og reinhald kopla til kvart bygg.

I vedteken økonomiplan for 2013-16 ligg det vidare inne:

- utbygging og ombygging av Hafslo barne- og ungdomsskule, der planarbeidet er vidareført i 2013.
- løysing av varmebehov for Luster ungdomsskule, som er gjennomført i 2013.

Skulelokala vert på kveldstid og helg mykje nyttå av lag og organisasjonar i kommunen. Her er det avgjerande med gode avtalar og rutinar for at dette skal fungere, og at ein kan ta vare på bygga på ein god måte.

### 223 Skuleskyss

Elevane i grunnskulen i Luster vert årleg registrerte for den strekninga der dei har krav på skyss. Dette gjeld og elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag.

### Vurdering for læring, vidareføring av satsinga

Luster kommune var med i den nasjonale satsinga ”Vurdering for læring” som vart starta hausten 2010, og som gjekk over 4 år. Denne satsinga er vidareført i Luster kommune, der alle skulane no deltek i kommunale fagnettverk i faga norsk, matematikk og engelsk. Her er det fokus på «Vurdering for læring», og andre fagrelaterte oppgåver som kompetanseutvikling, oppdatering av lokale læreplanar, utvikling av kommunal leseplan.

### Den gode skuleeigar

Luster kommune har delteke i eit utdanningsprogram for folkevalde- og administrative skuleeigarar. Dette gir dei folkevalde og administrativt tilsette auka kunnskap og ferdigheter i dialogbasert styring av skulen. Det har vore gjennomført tilsaman 5 samlingar i 2012-13. Dette skal føre til at dei folkevalde kjenner betre til skulen, og har eit betre grunnlag for å gjere dei beste prioriteringane for Lustraskulen.

### Aktivitet 2013

Grunnskulen i Luster hadde fylgjande fordeling 2013 (tal frå GSI pr. 1.10.13).

Skule/oppvekstsenter	Elevtal 2013	Klassetal	Elevtal SFO	Elevar 1- 4. klasse på leksehjelp
Luster oppvekstsenter	49	3	8	9
Gaupne skule	120	7	51	27
Hafslo barne og ungdomsskule	230	12	44	41
Indre Hafslo oppvekstsenter	46	3	15	14
Jostedal oppvekstsenter	26	3	10	7
Luster ungdomsskule	131	6	-	-
Skjolden oppvekstsenter	39	3	8	8
Solvorn oppvekstsenter	19	2	14	14
Veitastrond skule	4	1	-	-
<b>Sum</b>	<b>664</b>	<b>40</b>	<b>150</b>	<b>120</b>

Det vart gjort 69 enkeltvedtak om spesialundervisning (§ 5-1), og 13 elevar på fire ulike skular fekk særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar etter enkeltvedtak (§ 2-8). I 2012 vart det gjort 72 enkeltvedtak om spesialundervisning.

### System for styrka læring

Hausten 2012 starta kommunane i Sogn regionråd på programmet *System for styrka læring*. Dette byggjer på mål, erfaringar og kritiske suksessfaktorar frå prosjektet *Sats på skulen – snu Sogn*. Strukturar for samhandling, arenaer og nettverk representerer kontinuitet i regionalt utviklingsarbeid.

Formålet er å utvikle rolla kommunane har som skule og barnehageeigar, styrke tilpassa opplæring, auke læringsutbytte, og dermed også redusere bruken av spesialpedagogisk undervisning.

Dette er delt inn i sju arbeidsområde:

- 1) Tidleg innsats, 2) Vidaregåande opplæring,
- 3) Fleir-fagleg metode, 4) PPT og spesialundervisning,
- 5) Læringsmiljø, 6) Vurdering for læring, 7)

#### Entreprenørskap.

Spesialundervisning, organisering av PPT og entreprenørskap har hatt særskilt fokus den første perioden. Det er utarbeidd forprosjekt på ev ny organisering av PP-tenesta.

Alle skulane(og barnehageane) har gjennomført UDIR sin ståstadsanalyse. Her har me saman med diverse andre kartleggingar/undersøkingar fått fram sterke og svake sider ved skulen/oppvekstsentera. Utifra dette har kvar skule/oppvekstsenter laga sin eigen utviklingsplan for skuleåra 2013/14 – 2014/15.

### Fysisk aktivitet

Det er auka fokus og merksemrd kring fysisk aktivitet i skulen. Alle skulane i Luster kommune har undervisningsopplegg som sikrar skulelevane fysisk aktivitet kvar dag i skuletida. Skulane har tilpassa dette til sin skulekvardag, og sine lokale føresetnadar. Alle grunnskulelevane i Luster kommune var 1. oktober 2013 samla til felles aktivitetsdag i Gaupne.

## Leseopplæring

For svake resultat i lesing har ført til eit sterkare fokus på leseopplæring på mange skulane i Luster siste åra. I 2013 er det starta eit arbeid med Leseplan for Lustraskulane som «Aski raski» og «skrive seg til lesing» har vert nytta. To av skulane har også personar på vidareutdanning på dette.

## Ny Giv

Prosjektet skal auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Alle kommunar er med i dette nasjonale prosjektet og Luster har vore med sidan 2011. Lærarane frå ungdomsskulane har delteke i eit opplæringsprogram og er no ressurspersonar for grunnskulen sitt vidare arbeid med å heve elevane sine faglege prestasjoner knytt mot lesing, skriving og rekning. Opplæringa i dette prosjektet har føregått nasjonalt. Hausten 2012 starta Fylkesmannen prosjektet GNIST som er ei vidare satsing på ungdomssteget saman med Ny Giv.

## Valfag

Hausten 2012 vart timetalet auka med 0,5 t pr veke for 8. klasse. Timeauken kom som resultat av innføring av valfag. Hausten 2014 skal denne ordninga vere innført for heile ungdomssteget. Innføring av valfag skal ifylgje Stortingsmelding nr 22, bidra til å auka motivasjon og læring. Ved Hafslø barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule har faga Fysisk aktivitet og helse, design og redesign har vore valfaga for 2013/14.

## SFO

Alle elevar i SFO har fått tilbod om gratis kulturskuletilbod i skuleåret 2013/14. Sogn kulturskule har stått for organisering og gjennomføring.

Det er gjennomført brukarundersøking i skulefritidsordninga. Brukarane er gjennomgående godt nøgde med tilboden.

## Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>202</b>	Grunnskule	71 820	72 003	<b>0 %</b>	68 306
<b>213</b>	Vaksenopplæring	-2	-28	<b>92 %</b>	66
<b>215</b>	SFO	2 025	2 578	<b>21 %</b>	2 093
<b>222</b>	Skulelokale	9 206	9 826	<b>6 %</b>	10 025
<b>223</b>	Skuleskyss	1 973	2 000	<b>1 %</b>	2 008
	Sum	<b>85 023</b>	<b>86 380</b>	<b>2 %</b>	<b>82 499</b>

## Kommentar:


213 Vaksenopplæring: Mindre overskot på vaksenopplæring på grunn av kostnad til grunnskuleopplæring for vaksne

215 SFO: Mindre forbruk på løn ved nokre skular og meir foreldreinntekt enn budsjettet ved nokre skular.

222 Skulelokale: I hovudsak innsparing på reinhaldsteneste utover budsjettet.

## Kostra-samanlikning


*Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring i kr. pr innbyggjar 6 - 15 år:*




Luster sine netto driftsutgifter til grunnskuleopplæringa ligg over både kommunegruppe 3, fylkesnivået og landsnivået. Differensen i høve fylkesnivået er i storleiksorden 19%, tilsvarande ca. 14 mill kr pr år. Dette er same trend som i 2012.

## Kostra-samanlikning


*Elevar i grunnskulen som får spesialundervisning (%)*



Kostratal for 2013 viser at elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak er noko lågare enn 2011 og 2012. Kommunen ligg lågare enn kommunegruppe 3, men høgare enn Sogn og Fjordane og landet.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2011	20,4
2012	20,9
2013	20,9

# Helse

## Organisering

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig eining.

### Overordna mål og delmål

#### Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg.

#### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelp plassane.
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterkt og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmidelbrukar.
- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi

### Tenester og oppgåver – generelt

#### 232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:

Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontroller. Følgje ”Veileder 0-20 år for kontroller på helsestasjon/skolehelsetjensten”. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper og i samarbeidsmøte med skule, barnehagar og andre fagmiljø. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn (pubertet, samliv, rus, kost m.m.).

Fokus på overvekt/fedme hjå barn og unge og tilbod om helseundersøking. Helsetilbod ved Luster vidaregåande skule og til flyktningar.

#### 233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby barnevaksinasjonsprogrammet. Utføre influensavaksinering til definerte målgrupper. Tilby reiseråd og reisevaksine. Tuberkulosekontroll av definerte grupper. Legekontoret set også stivkrampe- og influensavaksiner. Rullering av smittevernplan, følgje opp meldingar via MSIS som er statens registreringssystem for smittesjukdommar. Ha beredskap for pandemi.

#### 233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern som gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatn og badevatn. Godkjening av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar, mattilsyn og helsesøster.

#### 233 Folkehelse:

Ny lov om folkehelse var gjeldande frå 1.1.12 og har i seg følgjande hovudtrekk:

- Ansvar for folkehelsearbeidet blir lagt til heile kommunen. Det inneber at kommunen skal bruke alle tenesteområde for å fremje folkehelse.
- Kommunen skal, med grunnlag i planprosessane etter plan- og bygningslova, fastsetje mål og strategiar som er eigna for å møte eigne helseutfordringar.

- Kommunen får ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden til befolkninga og viktige påverknadsfaktorar. Desse må konkretiserast, slik at ein får eit tydeleg bilet av dei lokale helseutfordringane i den enkelte kommune.
- Kommunen sine helseutfordringar skal gje bidrag til lokal planstrategi.
- Kommunen skal iverksetje nødvendige tiltak for å møte lokale utfordringar.
- Statlege helsestyresmakter skal legge til rette med nøkkeldata/styringsdata for kommunesektoren.

#### *Oversiktsdokument (OD):*

Med grunnlag i lov og forskrift: «*Forskrift om oversikt over folkehelsen*», har arbeidet med å utarbeida eit oversiktsdokument starta opp. Dokumentet skal legge til rette for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. OD skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningssamansetning, oppvekst og levekårs forhold, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø, skader og ulykker, helserelatert åferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpende oversikt som ein del av den ordinære virksomheita og kommunens styringssystem. Kvart fjerde år skal det utarbeidast eit meir omfattande oversiktsdokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter plan og bygningslova.

#### *Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn (FFHIS):*

Eit samarbeidsprosjekt mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Prosjektet har fått offentleg støtte og har som mål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelsa og utjamnar sosiale skilnader i helse. Fleire tiltak er sett i verk og er under arbeid:

- S1 Sognefjordvegen: Etablere ein samanhengande turveg gjennom dei tre kommunane Luster, Sogndal og Leikanger – frå Sognefjellet (grensa Lom/Luster) til Hella basert på gamle ferdselsvegar. Ein har undervegs i dette arbeidet fått eit godt samarbeid med mange frivillige lag- og organisasjonar. Tiltaket har motteke midlar frå Gjensidigestiftelsen og det skal merkast etter nasjonal standart. Det vil bli ein opprusting av turvegnettet i Indre Sogn. Det er planlagt opning sommaren 2014.
- Etablering av uteplass/aktivitetsplass: I forbindelse med etablering av Sognefjordvegen har FFHIS starta opp med eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og nokre skular (dei som ynskjer det) for å få etablert ein uteplass/aktivitetsplass på turvegen i nærleiken av skulen. Også dette tiltaket har motteke midlar frå Gjensidigestiftelsen.
- Lærings- og mestringssenter: I tråd med samhandlingsreforma er det eit ynskje at lærings- og mestringssstilbod også blir oppretta i kommunane ev. interkommunalt.

FFHIS har motteke midlar frå Helsedirektoratet og fylkesmann til dette arbeidet då for enkelte grupper (overvekt barn/ungdom og psykisk helse). Ei arbeidsgruppe har starta arbeidet. Der deltek helseørstrer og fysioterapeutar frå 3 kommunar. Det er i tillegg knytt kontakt med høgskulen i Sogndal for å få til eit praksissamarbeid med studentar.

- Friluftsdagar for barn; Målet er at barn skal prøve forskjellige aktivitetar og bli glad i friluftsliv. Tilboden vart i 2013 gjennomført i alle 3 kommunane. Tiltaket blir gjennomført i samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar, høgskulen i Sogndal og kommunane.

Prosjektet har eiga heimeside med informasjon som er linka opp frå kommunen si heimeside.

#### *Sogn frisklivssentral:*

Frisklivssentral (FSL) er eit kommunalt ev. interkommunalt kompetansesenter med tilbod til personar og grupper i befolkninga som har behov for hjelp til å endre helseåferd. Tilboden skal styrke individet si mestring av eiga helse, primært gjennom endringsfokusert rettleiding og tilpassa tiltak for fysisk aktivitet, betre kosthold og røykeslutt. Sogn frisklivssentral (Leikanger, Sogndal og Luster) vart formelt opna i mars 2013. Det har vore stor pågang av deltakarar etter oppstart. Ein har fokus på vidareutvikling og integrering av tilboden. Det er lagt opp til ei utprøvingstid av Sogn frisklivssentral på 2 år, og det er 2 kontordagar i Luster.

#### *Trygge lokalsamfunn (TL):*

TL er eit WHO-konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigkeit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange aldersgrupper og type skader kan reduserast med 25 – 40% dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt.

Som ein del av folkehelsesatsinga har arbeidet starta opp for at Luster skal få formell godkjenning som trygt lokalsamfunn. Folkehelserådet er styringsgruppa i dette arbeidet og ein har sett på 4 satsingsområde:

- Trygge eldre – førebygging av fall
- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Landbruk – førebygging av ulykker
- Lokal skaderegistrering

#### *Ungdomskontakt:*

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å skape lågterskel aktivitetstilbod. Legg til rette for drift av Luster Danseverkstad; ung til ung formidling gjennom dans. Sidan oppstart i 2006 har frivillig ungdom vært unginstruktørar og gitt hundrevis av barn og unge

dansegleder i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilde for elevane. Ny instruktørgruppe In Pression, har fått utdanning gjennom fylkeskommunen i samarbeid med «Dans Utan Grenser». In Pression tek over etter In Motion som avslutta sitt arbeid i 2013. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster.

Aktivitetstorget ME’N’U er ein ungdomsstyrta, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-18 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Det har vore innom 20 – 60 ungdommar på kubbkveldande annakvar fredag. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekk og open idrettshall.

Andre oppgåver: ungdommens kulturmönstring, regionalt nettverk for ungdomskontaktar, nattugler, ungdommens kommunestyre, tverrfaglege samarbeidsgrupper og kontaktperson i høve fritidsklubbane.

#### *241 Fysioterapi:*

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøkjer og behandler, driv opptrenings og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/ plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/eller i grupper. Det er i dag bl.a. gruppetilbod i basal kroppskjennskap(BK) i samarbeid med psykisk helseteam. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi, BK og trigger-punktbehandling. Fysioterapeutar er også viktige for helsefremjande og førebyggande arbeid gjennom aktivitet, rådgiving og opplæring. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna førebyggjande arbeid. Felles møte 1 gong kvar månad med fagleg tema. Leiande fysioterapeut deltek i samhandlingsgruppa/koordinerande eining (KE).

#### *241 Allmennlegeteneste:*

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkleg hjelp. Utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar og legevikarar. Sjukeheimslege; besøk 2ggr pr. veke ved kvar sjukeheimsavdeling. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Gjere ferdig prosedyrar i LKK. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod til pasientane.

#### *241 Ergoterapi:*

Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelptil syns- og hørselshemma. Kartlegging av funksjonstap og

treningsbehov. Formidling av hjelpemiddel. Leiar for Demensgruppa. Førebyggande tilbod i samarbeid med fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss.

Samarbeid med pleie og omsorg om hjelpemiddelkontaktar på institusjon og i team.

#### *241 Psykisk helsevern:*

Samtalebehandling individuelt og i grupper. Dagtilbod 3-4 dagar pr veke på ”Huset” som er eit lågterskelttilbod for samtaler, aktivitetar og aktivisering, samt på ”Bruvoll” - eit eige butilbod. Regelmessige heimebesøk til brukarar slik at dei kan mestre kvardagen. Tilbod om samtale for elevar ved Luster vidaregåande skule. Rettleiing til personale ved omsorgssentra og i heimenesta. Samarbeidsmøte både i kommunen og mot spesialisthelsetenesta. Gjennomfører KID-kurs (kurs i depresjonsmeistring). Kurs i basal kroppskjensle. Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam, heile teamet er med etter behov.

#### *241 Legevakt:*

Akuttberekedskap 24 timer alle dagar. Legevakt stasjonert i Gaupne, eigen utstyrt akuttbil. Leige LV-sentral (telefonsentral) av Helse Førde. Bruk av helseradio. Øvingar i lag med ambulansetenesta.

#### *243 Rusomsorg:*

Individuelt tilpassa tenester som inkluderar alle og inneheld førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølging består av samtalar, vegleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, samarbeid med eksterne instansar. Arbeidsmetodar; Motiverande intervju, mentalisering og kognitiv tenking. Fokus på fysisk aktivitet. Ruskonsulent er organisert inn under psykisk helsevern; dette sikrar godt samarbeid. Samarbeid med NAV og andre for å gje ein så god hjelp som mogleg.

#### **Aktivitet 2013**

- Skulehelsetenesta har hatt tilbod ved alle skular. Helsestasjon for ungdom har hatt 45 konsultasjonar (er open 2 t kvar veke i Gaupne).
- Det har vore 60 fødslar. To fødslar under transport (Utgjer 3%, Helse Førde hadde i 2012 1,5%, landsnitt same år 2,4%) og 1 heimefødsel. Det er gjennomført 1 svangerskapskurs med 10 deltakarar. God oppslutnad om barnevaksinasjonsprogram.
- Det er sett 613 influensavaksiner, som er 70% auke frå 2011. Det er likevel ynskjeleg at fleire tek denne, særlig tilsette med pasientkontakt.
- Prosjekt med fysisk aktivitet i behandling av rus og psykiatri er vidareførd i 2013, men blir avslutta ved utgangen av året.
- Avtale om kjøp av inn på tunet (IPT) tenester er vidareført.

## Styringsmål 2013:

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 2013	Resultat 2013
	Luster		Land			
Felles	B	Brukartilfredsheit: • Psykisk helseteam (skala 1-4)	Brukarspørjing 07	3,2	-	-
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing 2012	4,8	4,6	-
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	6,3	-	< 5
Tenesta	B	Tal konsultasjonar legekontoret	Registrering 2013	33733	-	35000
	B	Fysioterapitenesta: • Tal konsultasjonar kommunal	Registrering 2013	2382	-	2400
		• Tal konsultasjonar privat	Registrering 2013	8899	-	8800
	B	Ergoterapitenesta: • Tal heimebesøk	Registrering 2013	433	-	450
		• Tal besøk institusjon	Registrering 2013	113	-	150
	B	Psykisk helseteam: • Tal heimebesøk	Registrering 2013	528	-	600
		• Tal samtalar	Registrering 2013	669	-	650
		• Tal besøk "Huset"	Registrering 2013	493	-	600
	B	Helhestasjon: • Tal gravide med fullførd fødselsførebuande kurs (%)	SSB/registrering	28	-	75
		• Grad av heimebesøk til nyfødde	SSB/registrering	77,6	-	100
		• innan 2 veker etter fødsel (%)	SSB/registrering	84,1	-	100
		• Grad av barn med fullført helseundersøking ved 2 år (%)	SSB/registrering	96,7	-	100
		• Grad av barn med fullført helseundersøking 1. klasse (%)	SSB/registrering	100	-	100
		• Grad av barn med grunnvaksine ved utgangen av grunnskulen (%)	SSB/registrering	100	-	100

### Kommentarar til tabellen:

- Medarbeidarspørjing vert gjennomført kvart 2. år. Neste er i 2014.
- Sjukefråværet har i 2013 vore høgre enn ynskjeleg. Det er i hovudsak langtidsfråvær.
- Det har ikkje vore mogleg å hente ut tal for helhestasjon. Det er likevel grunn til å tru at det er god måloppnåing innan dette område, jf. også skildringa av aktivitet 2013 under.

- Psykososialt kriseteam har vore hyppig aktivisert i 2013. Det er aukande merksemd på dette arbeidet. Ein har fått god kompetanseheving gjennom kriseteamskulen.
- Demensteamet (med ergoterapeut som leiar) har testa 15 heimebuande personar. Fokus er å kartlegge demens og etter bestilling frå fastlegane å teste dei eldre som treng vurdering i samband med førarkort.
- Det er gjennomført systemrevisjon ved 3 skular/ barnehage.
- Ein har hatt fokus på å oppfylle krav i ny Fastlegeforskrift som mellom anna stiller krav om at


ein skal svare telefonen innan 2 min. i 80% av tilfella i snitt gjennom arbeidsdagen. Me trur me er nær målet, men har ennå ikkje fått på plass statistikkuttak på sentralbordet, men det vil kome på plass.

- Det er etablert ein vel fungerande betalingsautomat (etter mange tilfelle med driftsproblem). Drift av legepraksis/sentralbod har blitt mykje lettare.
- E-resept vart innført i april og det har vore vellukka. Reseptane blir leverte raskare og ein slepp å bestille nye reseptar utanom tur. I tillegg er reseptane gratis for pasienten.

- I september vart det innført e-portal som gjer det mogleg for pasienten å ha ein enkel e-konsultasjon med fastlegen og for å bestille e-resept. Me har ved årets utgang om lag 300 pasientar som har meldt seg på. Enkel e-konsultasjon kostar kr 1 for pasient.
- Desse tiltaka har redusert tal kontaktar til sentralbord og mesteparten av betaling skjer nå automatisk (få treng hjelp til betaling) og sentralbordet klarer å ta telefonen raskare.
- Direkte timebestilling i Winmed vil komme på plass i 2014 saman med SMS varsling. Der er fortsatt utviklingsbehov i Winmed3, men programmet fungerer etter måten bra.
- Me har hatt 5 legevikarar, desse har hatt lengre tilsetting enn tidlegare og me har dermed klart oss med færre vikarar enn før. Ein av dei faste legane kom tilbake etter utdanningspermisjon 1.8.13. Den tidlegare etablerte deleliste blei endra til 2 separate listar. Pr 31.12.13 er der 150 ledige plassar på listene. Det er ledige plassar på 5 listar slik at der er reelle valmoglegheiter for pasientane.
- Fleire av legane og ein fysioterapeut har god kompetanse og nyttar ultralydapparat i diagnostikk, særskild i høve sjukdomar ved graviditet og muskel/skelett skadar.
- Det er innført felles fagprogram og lagring på terminalservar for fysioterapeutane.
- Tenesteeininga har godt økonomisk resultat målt mot budsjettet.
- Me har lågt forbruk av somatiske sjukeheimstenester, jf medfinansiering og utvikling av korttidsavdelinga (KA).


## Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i kr pr innbyggjar:*



Kostratal for 2013 viser at Luster ligg godt under kommunegruppe 3, men over både fylkes- og landsnivået.

*Dekningsgrad -legeårsverk (brun) og fysioterapiårsverk (grøn) pr 10.000 innbyggjarar:*



Kostratal for 2013 viser at helsetenesta i Luster har god dekning både når det gjeld legar og særleg når det gjeld fysioterapeutar.


## Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
232	Førebyggande skule og helestasjonsteneste	3 329	3 551	<b>6 %</b>	3 794
233	Førebyggande arbeid helse og sosial	1 378	2 098	<b>34 %</b>	1 461
241	Diagnose og behandling	11 341	11 813	<b>4 %</b>	11 009
243	Tilbod til personar med rusproblem	1 890	1 980	<b>5 %</b>	587
255	Medfin. somatiske teneste	4 425	5 243	<b>16 %</b>	5 022
	Sum	<b>22 363</b>	<b>24 685</b>	<b>9 %</b>	<b>21 873</b>

*Kommentarar til tabellen:*

- Det positive avviket på funksjon 233 skuldast refusjonar av løn som følgje av at Luster har teke på seg prosjektleiinga for regionalt folkehelseprosjekt.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale  
brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale  
netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2011	168,1
2012	180,7
2013	179,1

# Pleie og omsorg

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i 3 tenesteeiningar; Luster heimeteneste, Luster sjukeheims-teneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS).

## Overordna mål og delmål

### Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØH- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad og omsorgsplass.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØH – tilbodet og demensomsorga.
- Ta i mot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehus.
- Gje tilbod om sjukeheimspllass, omsorgsplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov.
- Gje yrkeshemma eit mest mogeleg tilpassa og meiningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.

## Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon

- Sjukeheim (institusjon)
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Verktøyet "IPLOS" (Individbasert Pleie- og Omsorgsstatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (og nivå for tenestetildeling), samt behov for sjukeheimspllass. Verktøyet sikrar ei grundig og einsarta vurdering av alle pasientar og bidrar til gode interne prioriteringar. Alle kommunar vart frå 2006 pålagde å bruke "IPLOS".

## 254 Hjelp i heimen

### Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivaretak eigenomsorg og personleg stell. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan - etter individuelle vurderingar - gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhald av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask
- Personleg hygiene t.d. av- og påkleding, hjelp til dusj/ hårvask.
- Sengeskift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå nærmeste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Vasking av brukaren sine klede
- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag frå omsorgssenteret.
- Vask av vindauge - maks 2 gongar pr. år.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

Det vert normalt ikkje gjeve hjelp til storreingjering og reinhald av rom som brukar ikkje nyttar, rydding og oppvask etter besøkjande, hagearbeid, pussing av sølv,

kobbar og messing, middagslagning/baking, snømåking, hjelp til husdyrhald, fylgje til lege, frisør m.m.

#### *Praktisk bistand - opplæring:*

Målet med tenesta er å gjøre den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, burettleing og til å strukturere kvardagen.

#### *Matombringing:*

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. Middagen vert levert av frivillige og/eller heimetenesta.

#### *Tryggleiksalarm:*

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørande eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

#### *Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:*

Tenesta er døgnbasert. Behov for heimesjukepleie må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følgje til lege/sjukehushus eller tenester som vert dekka av andre tenester, t.d. heimehjelp.

#### *Dagsenter:*

Føremålet med tenesta kan være hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle beboarar ved eldresentera.

#### *Individuell plan (IP):*

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

#### *Brukarsyrt personleg assistanse(BPA):*

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand, både i og utanfor heimen. Brukar har rolla som arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei tidsrammer som kommunen sitt vedtak gjev. Brukar kan styra kven han/ho vil ha som assistent, kva assistenten skal gjera og kvar og når hjelpa skal gjevast. Målet er å bidra til at brukar får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv - trass i funksjonshemminger.

#### *Omsorgsløn:*

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepene ”særleg tyngjande” inneber at oppgåvene må vere ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rettskrav på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

#### *Hjelp i heimen - tal tenestemottakarar:*

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Tryggleiksalarm	107	98	94
Praktisk bistand	142	143	141
Heimesjukepleie	184	180	177
Matombringing	88	76	68
Omsorgsløn	16	13	10
BPA	1	1	1

#### *Kommentar til tabellen:*

Tal tenestemottakarar er pr. 31.12. Det kan vere variasjonar i løpet av året i forhold til tal tenestemottakarar og deira hjelpebehov.

#### *262 Butilbod utanfor institusjon*

#### *Omsorgsbustadar:*

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Legetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Me har 3 eldresenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader (2010):

Hafslo: 16

Luster: 18

Gaupne: 36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)

Sum 70 omsorgsbustadar i kommunen



*Dei nye omsorgsbustadene i Gaupne.*

### *Omsorgsplassar:*

Omsorgsplassar er ei buform som vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Dagens omsorgsplassar har dusj, toalett, kjøkkenbenk og kjøleskap. Bebuaren kan nytte seg av felles vaskerom og kjøkken/stove (på grupper). Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på grupper. Det er etablert 8 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter, 9 ved Luster omsorgssenter og 9 på Hafslo omsorgssenter.

### *Tildeling av omsorgsbustad/omsorgsplass:*

Tildeling av bustad skjer etter ei totalvurdering av søkeren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkeren har vore registrert med søknad til omsorgsbustad/omsorgsplass. Det er for tida stor søknad, og det flest søknadar mot område Gaupne.

### *261 Sjukeheimane:*

Luster kommune har tre sjukeheimar med 16 langtidsplassar på Hafslo og 24 langtidsplassar i Luster. I Gaupne har det frå august 2012 vore 16 langtidsplassar og 8 korttidsplassar, der 2 av korttidsplassane er øyeblikkeleg hjelp (ØH) plassar (jf. vedtak i kommunestyret den 16.02.12, sak 18/12). Av alle langtidsplassane er 8 plassar i Gaupne og 8 plassar i Luster for demente.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av både sjukeheimspllassar, omsorgsbustadar, omsorgsplassar og transport-/parkeringeskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for sjukeheimetenesta, leiar for heimetenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta. Ein har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.
- Øyeblikkeleg hjelp (ØH) opphald.

Dei fleste nye som får plass på sjukeheim blir tildelt "Tidsavgrensa opphald". Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vekt-

lagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte. Me opererer difor ikkje med ventelister, men prioriterer heile tida den eller dei som har dei tyngste behova.

Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetastova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebruarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

### *Tidelte tenester tildelt gjennom året (tal opphald):*

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Avlastningsopphald	22	24	25
Tidsavgrensa opphald	140	197	191
Nattopphald	0	0	2
Øyeblikkeleg hjelp opphald (ØH)		5	82
Dagopphald	35	20	17
Langtidsopphald	80	84	61

### *Kommentar til tabellen:*

Tabellen syner samla tal tildelingar gjennom året. Tala for ØH- tilboden syner tal pasientar, og ikkje tal liggjedøgn (dei fleste ligg inntil 3 døgn). Årsaka til den store auken i tal ØH pasientar er at tilboden vart sett i verk 1.12.12. Talet for 2012 syner difor tal pasientar i ein månad i 2012. Nedgangen i tal langtidsopphald skuldast ein kombinasjon av stort fråfall i 2013, at fleire bur heime/på omsorgsplass/i omsorgsbustad med auka støttefunksjonar frå heimetenesta – samt at korttidsavdelinga (KA) har ein positiv effekt.

### *Status pr. 31.12.12:*

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Avlastningsopphald	1	0	0
Tidsavgrensa opphald	6	8	10
Nattopphald	0	0	0
Øyeblikkeleg hjelp opphald (ØH)	0	0	0
Dagopphald	16	12	8
Langtidsopphald	61	54	52

### *Kommentar til tabellen:*

Tabellen syner status pr. 31.12.13. Nedgangen i dagopphald skuldast at fleire som tidlegare vart registrert under dagopphald, no vert registrert under heimetenesta/dagsenter, fordi dei har flytta til omsorgsbustad.

### *234 Aktivisering, eldre/funksjonshemma*

#### *Støttekontakt:*

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si

oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meiningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følgje til fritidsaktivitetar.

#### *Avlastning utanfor institusjon:*

Tenesta er avlastningstiltak for personar/familiar med eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastningstiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning. Avlastninga skal gjera det mogeleg å oppretthalde gode familielasjonar og bevara sosiale nettverk. Tenesta skal hindre utmatting hjå omsorgsgjevaren. Avlastning skal gje omsorgsgjevaren nødvendig og regelmessing fritid og ferie.

#### *Mottakarar av avlastning utanfor institusjon, støttekontakt og dagsentertilbod:*

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Avlastning utafor institusjon	16	10	11
Støttekontakt	45	44	40
Dagsenter	79	77	71

#### *Kommentar til tabellen:*

Tal tenestemottakarar er pr.31.12. Tala varierer noko gjennom året.

#### *Ressurskrevjande tenester:*

Dette er tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/ brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm.. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande.

#### *Tildelte tenester/status pr. 31.12.*

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Ressursbruk i årsverk	28,1	37,9	36,4
Tal brukarar	17	19	20

#### *Kommentar til tabellen:*

Der er ein reduksjon på 1,5 årsverk frå 2012 til 2013.

#### *Inn på tunet (IPT)- tilbod til heimebuande demente i tidleg fase:*

Prosjektperioden (2008-09) er over og tenesta er blitt eit integrert tilbod i heimetenesta. Tiltaket har synt gode resultat og er i tråd med målsetjingane i ny helse- og omsorgsplan om tidleg og aktiv/førebyggjande innsats og i Demensplan 2015 – «den gode dagen.»



*Haustmarknaden i Parken er eit kjærkome høye til å marknadsføra lokalproduserte varer. I år fekk ATS "kremplass" ved inngangen til Parken, mellom potet-traileren og kassa-apparatet, og hadde mange innom standen*

**273 Aktivisering - Arbeids- og treningsenteret (ATS)**  
Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilboden er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierande tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

Det vert lagt stor vekt på trivsel, meiningsfulle oppgåver tilpassa den einskilde og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte. ATS er den største vedprodusenten i distriktet og for andre produkt og tenester har ein etterkvart oppnådd godt tilpassa tilbod både for arbeidstakarar og kundar. ATS tilbyr i tillegg til dei faste plassane også mellombelse plassar for brukarar frå Luster Vidaregåande skule, NAV, Sogneprodukter, Luster Arbeidssenter m.fl. Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser. Tilboden er under utvikling og justering for å kunna gi eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafor tilgjengelege ressursar.

Det er viktig å oppretthalde eit relativt stort volum (brukarar og arbeidsoppgåver) for å kunne gje aktuelle nye brukarar gode og tilpassa tilbod, samstundes som eit stort volum sikrar betre moglekeit til å gje dagens brukarar eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

ATS har tredobla tal brukarar over ein periode på 12-13 år. Dette har skjedd utan vesentleg auke i løvvde midlar, og har vore mogleg ved at:

- Brukarar med evne til å yte hjelpeplikt får gjere det som ein del av sin jobb.
- Samarbeid med heimetenestene for brukarar som treng mykje oppfølging.
- Auka inntening som følgje av auka sal av varer og tenester.

## Styringsmål

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 12/13	Resultat 2013
				Luster	Land		
<b>Felles</b>	B	Brukartilfredsheit (skala 1-4) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenesta – brukarar</li> <li>• Sjukeheim – bebuar</li> <li>• Sjukeheim – pårørande</li> </ul>	Brukarspørjing 2013	-	-	3,5	2,0
	B	Klagesaker m/omgjeringsvedtak		0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenesta</li> <li>• Sjukeheim</li> </ul>		4,5 4,3	4,6 4,6	4,6 4,5	- -
	M	Sjukefråver (%) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenesta</li> <li>• Sjukeheimstenesta</li> </ul>	Fråværs- statistikk	9,2 8,8	- -	< 8,0 < 7,0	10,9 8,7
<b>Tenesta</b>	B	Informasjon om tenestetilbod (1-4) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenesta</li> <li>• Sjukeheim</li> </ul>	Brukarspørjing 2013	3,1 3,7	3,2 3,3	3,3 3,8	- -
	B	Respektfull behandling (skala 1-4) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimetenesta</li> <li>• Sjukeheim</li> </ul>	Brukarspørjing 2013	3,5 3,7	3,4 3,7	3,7 3,8	2,0 2,0
	B	Brukarmedverknad (skala 1-4) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimtenesta</li> <li>• Sjukeheim</li> </ul>	Brukarspørjing 2013	2,9 3,8	3,1 3,0	3,3 3,8	1,9 2,0

### Kommentarar til tabellen:

- Brukarspørjinga som vart gjennomført i 2013 var ein forenkla utgåve med skala frå 1- 2, der 2 er best. Resultata i 2013 kan difor ikkje samanliknast med tidlegare resultat. Resultata i 2013 er gjennomgåande gode. Pårørandespørjinga er samanliknbar med tidlegar undersøkingar. Her er det og eit godt resultat og fin forbetring i høve siste spørjing. Detaljar i høve brukarspørjingane vart rapportert i T-1.
- Medarbeidarspørjing vert gjennomført kvart 2. år og er ikkje gjennomført i 2013.
- Sjukefråværet er høgre en ynskja. Det er i stor grad langtidsfråvær med kjende årsaker.

ATS kan for tida tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri m rulling av dukar, gardiner mv, utleige av dukar og reparasjon av arbeidstøy.
- Vedproduksjon, inklusive transport ut til kundar.
- Matlagning-kantinedrift-catering. Skule- og jobbfrukt. Grøntarbeid-hagestell.
- Transportrute for tøy, flyttehjelp og postruter.
- Makulering, samt mottak og utklipping av frimerke for Tubfrim.
- Riving og pakking av bomullstøy. Glas- og metallinnsamling.
- Pakking av strøsand. Monteringsarbeid og pakking av gåver.
- Bil-reingjering.
- Utpllassering i andre verksemder.

### Aktivitet 2013

- Kommunestyret sitt vedtak av 16.2.12 (sak 18/12) gav klare føringar for ny korttidsavdeling, tal langtidsplassar, framtidig øyeblinkkeleg hjelpe tilbod og utbygging ved Gaupne omsorgssenter. Det er arbeidd med gjennomføring av vedtaket heile 2013, under dette utbygging av Gaupne omsorgssenter med 8 nye plassar (starta i august 2013 og er planlagt ferdig i august 2014).
- Korttidsavdelinga med 2 øyeblinkkeleg hjelpe plassar har vore eit godt nytta tilbod 2013. Pasientar med kjende diagnosar, infeksjonar mm kan få behandling lokalt, og unngår å reise til sjukehus. Ein har i 2013 teke imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus.
- Det er etablert eit godt samarbeid mellom legar og demensteamet i høve utredning av demens blant heimebuande. Planlegginga av nye pårørandegrupper er starta opp.




Lærling Karita Fåberg syter for at pensjonærane får godt stell.

- Tilsette har deltek i eit prosjekt (MEDCED) i samarbeid med høgskulen i Bergen. Målet er å utvikle kunnskap om tillitsskapande tiltak framfor tvang blant demente.
- Tre tilsette har teke grunnutdanning i vernepleie, og ein tilsett tek vidareutdanning innan « mestring og myndiggjøring». Tre resurssjukepleiarar i kreftomsorg deltek i fylkesnettverk, og tre helsefagarbeidarar deltek i Sogn og Fjordane sitt fylkesnettverk « Miljøbehandling innan demensomsorg».
- Det toårige prosjektet «Demensomsorgens ABC» vart avslutta 2013. Tilsette frå både heimetenesta og sjukeheimstenesta deltok.
- Det er gjennomført grunnopplæring av nokre tilsette i høve uttak av sum-rapportar i Gerica, og opplæring i turnusprogrammet Notus held fram.
- Alle tilsette ved korttidsavdelinga har gjennomført hospitering ved SSF, og Luster kommune har hatt hospitantar frå SSF.

- Det er engasjert felles fagutviklar i sjukeheimstenesta og heimetenesta.
- Områdevikarar i sjukeheimstenesta og heimetenesta har fått auka stillingane til 100%.
- Samhandlingsgruppa/ koordinerande eining har hatt faste møte ein gong i månaden.
- Tenestekontoret er godt etablert og har m.a. fått auka kompetanse på vedtaksskriving. Sakshandsamar no alle tenester innan område Helse, pleie/omsorg og ATS.
- Det vart i 2013 sett i gang eit omfattande utviklingsarbeid i Luster heimeteneste.

### Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i kr pr innbyggjar:*




Kostratal viser at Luster i 2013 har eit forbruk til pleie og omsorg på 22 208 kr pr innbyggjar. Dette ligg over både kommunegruppe 3, fylket og landet og heng truleg saman med drift av tre sjukeheimsavdelingar og busettingsmønsteret vårt.


### Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>234</b>	Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 289	7 395	<b>15 %</b>	6 462
<b>253</b>	Hjelp i institusjon	55 441	55 676	<b>0 %</b>	56 864
<b>254</b>	Hjelp i heimen	47 386	47 203	<b>0 %</b>	46 670
<b>256</b>	Akutthjelp	-462	-465	<b>1 %</b>	-156
<b>261</b>	Butilbod i institusjon	1 282	1 335	<b>4 %</b>	1 837
<b>265</b>	Butilbod utanfor institusjon	-2 912	-3 097	<b>6 %</b>	-2 580
<b>273</b>	Arbeids og treningsenteret	3 583	3 744	<b>4 %</b>	3 573
	Sum	<b>110 606</b>	<b>111 792</b>	<b>1 %</b>	<b>112 670</b>



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2011	0
2012	0
2013	0

# Sosial

## Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnarskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand (frå 1.9.2011) og Luster - med Sogndal som vertskommune.

## Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, arbeidsledige, einslege forsørgjarar og barnefamiliar, samt personar med nedsett arbeidsevne.
- Gje økonomiske råd og rettleiing til brukarar.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny rekruttering av sosialhjelps mottakarar.
- Systematisk arbeid med kvalifiseringsprogrammet
- Integrering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet og arbeidspraksis.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

## Tenester og oppgåver – generelt:

### 242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelp/rettleiing:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerheitsnett og skal sikre at alle har midlar til livsophald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Økonomisk sosialhjelp er ei skjønnsmessig yting der alle søkerar har krav på ei individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er ofte knytt til arbeidslivet og

NAV har som mål at alle skal være i stand til å forsørge seg sjølv gjennom arbeid og aktivitet.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebере rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slik arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Den einskilde rådgjevar følgjer brukaren ved ev gjeldsproblem. Dei største gjeldssakene krev svært tett oppfølging. Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

### 283 Tilskot til etablering/tilpassing:

Det ligg to tilskotsordningar innanfor funksjon 283. Bustadtilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal også sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Det kan òg søkjast om tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har spesielle behov for å gjøre bustaden betre eigna for seg. Kommunen blir tildelt midlar frå Husbanken, og føretak tildelinga. Utviklinga i høve tilskot til etablering/tilpassing er slik:

	2010	2011	2012	2013
Mottekne søknader	2	1	3	0
Utbetalt i kr	320.000	45.000	165.000	0
Tildelte midlar frå HB	0	0	135.000	100.000

### Kommentar til tabellen:

Ingen søker i 2013. Ordninga blir kunngjort i avis og Lustranett. Kommunen har ei eiga

bustadrådgjevingsgruppe. Ergoterapeut rettleiar om ordninga ved ev. tilpassingar i heimen.

#### *Andre stønadsordningar frå Husbanken:*

*Startlån* er ei låneordning for dei som slit med å etablere seg på bustadmarknaden eller har vanskar med å bli buande i bustaden sin. Kommunen tek opp lån til vidare utlån til desse gruppene: fyrstegongsetablerarar, barnefamiliar, einslege forsørgjarar, personar med nedsett funksjonsevne, økonomisk vanskelegstilte, flyktningar, personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og/eller husstandar med spesielle behov. Talet på søkerar har auke stort etter at finansieringsinstitusjonar frå 2012 stiller krav om 15% eigenkapital. Kommunen har auka låneopptaket og tildelt fleire startlån. Det ligg då ei «forsvarlegheitsvurdering» til grunn før tildeling. *Bustønad* er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga, og betalar ut midlane, men det er kommunen som mottek og registrerer søknadene i Husbanken sitt system.

Utviklinga i høve startlån og bustønad er slik:

#### **Startlån (kommunen tek opp lån for vidare utlån)**

	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Mottekne søknader	4	3	17	20
Utbetalt i kr	770.0000	0	5 883 000	4 791 500
Tildelte midlar frå HB	0	0	6 000 000	4 000 000

#### *Kommentar til tabellen:*

- 2011: 1 avslag 2 som ikkje tok imot låna.
- 2012: Nytt krav om 15% eigenkapital for å få lån i ordinær bank. Etterspurnaden etter startlån auka. Kommunen skal prioritere dei mest vanskelegstilte husstandande.

#### **Bustønad (statlege midlar, syner ikkje i kommunen sitt budsjett og rekneskap)**

	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013 *</b>
Mottakarar	75	85	82	62
Gj.snitt utbet. pr. mottakar	14.436	15.356	16.712	21.641
Samla utbet.	1 082 748	1 305 267	1 370 430	1 341 791

#### *Kommentar til tabellen:*

Færre husstandarar søker om bustønad. Ordninga bør truleg gjera betre kjend, for å fange opp fleire som kan ha rett på bustønad. \* Eigne tal – tal frå Husbanken er ikkje klare.

#### **276 Kvalifiseringsprogrammet:**

Kvalifiseringsprogrammet har vore regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å motverke fattigdom. Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektssevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vere avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Rettleiar og bruker skal saman planlegg innhaldet i programmet, som skal utgjere 37,5 t/veka. Det er viktig at bruker har stor innflytelse på programmets innhald og får tilpassa oppfølging.

#### *Flyktningtenesta:*

Luster sitt mottak av flyktningar har dei siste åra vore slik:

- 2010: Ni personar frå Eritrea.
- 2011: Sju personar frå Eritrea. Tre av desse kom som følge av familiesameining.
- 2012: Seks personar, to frå Eritrea og fire frå Somalia. Eit born frå Eritrea kom som følge av familiesameining.
- 2013: Elleve personar, to frå Eritrea, tre frå Somalia, to frå Etiopia og fire frå Tsjetjenia. Det er familiesameining for ein voksen og to born.
- Det var født eit barn i 2011 og to barn 2012.

Sidan 2010 har Luster teke i mot totalt 36 flyktningar. Åtte av desse har flytta frå kommunen. Det er truleg mange årsakar til flytting, men mest vanleg er utdanning, jobb og/eller kjende i anna kommune. Per 31.12.2013 var det dermed 31 flyktningar busett i Luster.

Flyktningane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta utgangspunkt i den einskilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsliv og økonomisk sjølvstende.

#### *251 Barnevernsteneste i familien:*

Hjelpe tiltak i heimen er som hovudregel frivillige tiltak der familien har samtykka. Tiltaka skal etter lova vere tenlege for mottakar. Fleire familiar mottek hjelpe tiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har som mål å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim. Det vert eit stort behov for å utvikle tiltaksstillingar i eiga barnevernsteneste framover grunna omorganisering i Bufetat som fører til dårlegare tilbod til kommunane. Barnevernstenesta nytter og privatpersonar som har kompetanse og ressursar til å stille opp i dei

## Styringsmål:

Sosiale tenester i NAV:

Styringsmål		Status 2012	Mål 2013	Resultat 2013
Felles	B	Tal mottekne saker: <sup>1)</sup>	671	600
		- klager med omgjort vedtak <sup>2)</sup>	3	0
		- gjennomsnittleg behandlingstid/dagar <sup>3)</sup>	6,73	14
		- tal aktive klientar <sup>4)</sup>	65	50
		- tal aktive klientar 18 – 24 år <sup>5)</sup>	11	10
	B	Tal deltagare KVP <sup>6)</sup>	3	5
	B	Tal flyktningar med introduksjonsstønad <sup>7)</sup>	11	100%

Kommentarar til tabellen:

- 1) Tal mottekne saker var noko høgt i høve til målet, men utviklinga går rett veg.
- 2) Det vart i 2013 handsama totalt 7 klagesaker.
- 3) Gjennomsnittleg behandlingstid var ein periode noko låg. Resultatet for 2013 ligg over målet, men ein er no på eit nivå som skal sikre god kvalitet Det formelle kravet er inntil tre veker sakshandsamingstid.
- 4) Tal vaksne aktive klientar er noko høgt i høve til målet, men utviklinga går rett veg.
- 5) Per 31.12.13 var det totalt 9 aktive klientar i alderen 18-24 år. Målet er dermed nådd. Dett er eit prioritert område for NAV og innsatsen vil bli vidareført.
- 6) Tal brukarar på kvalifiseringsprogrammet var ved utgangen av 2013 er 3. Dette er færre enn ynskjeleg, og det vil bli arbeidd for å auke tal deltararar.
- 7) Pr 31.12.2013 var det 16 vaksne flyktningar i introduksjonsprogrammet, dvs. 100 % deltaking for dei som har rettigheit.

Sogn barnevern:

Styringsmål		Status	Mål	Resultat	
		Luster	SBV <sup>1)</sup>	2013	2013
Felles	B	Tal mottekne meldingar <sup>2)</sup>	32	35-40	44
		- tal henlagte meldingar	2	0	11
		- tal fristbrot	0	0	0
Felles	B	Tal undersøkingar i alt <sup>3)</sup>	30	35-40	34
		- tal henlagte undersøkingar	10	1-2	11
		- tal fristbrot (over 3 md.)	0	0	7
Felles	B	Tal barn i hjelpetiltak <sup>4)</sup>	42	38 - 43	-
	B	- tal barn som har tiltaksplan	41	100%	80%

Kommentarar til tabellen:

- 1) Det var tidlegare lagt opp til å bruke tal for heile fylket, men det har synt seg vanskeleg å få ut desse tala. Frå og med denne årsrapporten vert det difor nytta statustal for dei fire kommunane i Sogn barnevern.
- 2) Ei *melding* kan kome til barnevernet som munneg eller skriftleg bekymring på namngjeve barn, frå anonym eller namngjeve kjelde. Barnevernet må innan 7 dagar avgjøre kva som vert gjort med meldinga – anten leggast vekk eller følgjast opp. Tenesta opplever i større grad å få meldingar i pågåande saker. Desse meldingane vert ikkje registrert som nye og vert difor ikkje rapportert inn. Sogn barnevern ser ei auke i omfang og kompleksitet når det gjeld sakene. Resultata for 2012 er tilfredsstilande.
- 3) Når barnevernet har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er det ein frist på 3 månader for å gjere ei *undersøking* (i særskilde tilfelle 6 månader). Barnevernet vil då sjå nærmare på saka og foreldre/føresette vert informerte. Tal fristbrot var i 2013 for høgt, og dette er ikkje bra. Sogn barnevern arbeider kontinuerleg med å forbetre dette.
- 4) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år skal ha tiltaksplan. Resultatet for 2013 syner at ikkje alle har tiltaksplan og dette er ikkje tilfredsstilande. Det vert gjort plasseringar utanfor heimen og ein nyttar både fosterheimar og institusjonar. Nokre barn vert plassert i fosterheim hjå eigen familie. Ved ei plassering kan barnet plasserast utanfor kommunen, noko som inneber endringar i høve byte av barnehage/skule og miljø. Når det ikkje føreligg samtykke vert saka handsama av fylkesnemnda.



*Internasjonal dag ved Gaupne skule. Elevar med famandkulturell bakgrunn saman med føresette, andre gode hjelparar og ordføraren.*

familiar det er behov for hjelpetiltak, samt kjøp av tenester frå det statlege barnevern Bufetat.

#### *252 Barnevernsteneste utanfor familien:*

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke og ved omsorgsovertaking. Dette er utgiftskrevjande tiltak som berre vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved å setje i verk hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følge opp barn som er plasserte og familien til barnet etter plassering.

#### **Aktivitet 2013**

##### *NAV Luster:*

- NAV Luster hadde i 2013 5,5 statlege- og 1,5 kommunale årsverk. I tillegg har kontoret hatt flyktningkonsulent i 80% fram til juli, auka til 100% frå oktober 2013.
- Kontoret er organisert i to team: Eit mottaksteam med hovudansvar for korttidsoppfølging, og eit team med ansvaret for langtidsoppfølging.
- Det er lagt vekt på tverrfagleg interkommunalt samarbeid.
- Auka innsats i høve kvalifiseringsprogrammet og programminnhald med 37,5 t/veka.
- Mottak og busetting av flyktningar er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak.
- Vaksne flyktningar deltok i introduksjonsprogram med norskopplæring, opplæring i samfunnsfag og språkpraksis, med krav til organisert innhald 37,5t/veka.
- Det vart etablert samarbeid med frivillig-sentralen i høve frivillige sin deltaking i

flyktningarbeid, fadderordning mm., og det er etablert eit godt samarbeid med dei kommunale einingar for arbeidspraksis og språkpraksis.

- Innsatsen er auke for å sikre og forbetre kvaliteten i arbeidet etter Lov om sosiale tjenester i NAV og særskild sikring av barn sine vilkår. Det er oppretta ei 100% prosjektstilling som gjeldsrådgjevar med midlar frå departementet. Dette er eit samarbeid på tvers av kommunane Leikanger, Sogndal og Luster.
- Det vart gjennomført prosjekt «eit arbeidsretta introduksjonsprogram» på tvers av kommunane Leikanger, Sogndal og Luster i regi av NAV og med mandat frå rådmennene.


##### *Sogn Barnevern:*

- Sogn barnevern hadde i 2013 11,3 årsverk, og er det største barnevernkontoret i fylket. Det var i 2013 ein auke med to stillingar, 1 tiltaksstilling fordelt på 2 personar i 50%, og 1 heil sakhandsamarstilling finansiert av statlege midlar.
- Å arbeide i barnevernet er krevjande og det har i 2013 vore arbeidd særskild med ulike interne arbeidsmiljø-utfordringar. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2014.
- Sogn barnevern har faste kontordagar kvar 14. dag i Luster, Leikanger og Balestrand.
- Det har også i 2013 vore ei utfordring at fosterheimstenesta ikkje har gode nok/mange nok fosterheimar til alle barna som skal plasserast.
- Sogn barnevern har eit omfattande samarbeid med ulike aktørar. Det vert lagt vekt på tett samarbeid samt å gi god informasjon om barnevernet sine tenestar til offentlege og private aktørar, og auke kompetansen både hjå tilsette i barnevernet og samarbeidspartane.

- Det er i 2013 lagt særleg vekt på informasjon til- og samarbeid med barnehagane.
- Det har over tid vore ein auke i tal saker som resulterer i omsorgsovertaking. Denne auken har helde fram i 2013, og dette er ofte svært ressurskrevjande saker.
- Sogn barnevern har i 2013 hatt ein auke i saker som omhandlar vald.
- Det er i 2013 lagt vekt på å gje rettleiing, hjelp og støtte til yngre familiar, så tidleg om mogleg. Dette er ofte gjort i samarbeid med helsestasjon, barnehagar og skuler.
- Sogn barnevern har i 2013 lagt vekt på tett og tidleg samarbeid med den som meldar. Dette har forbetra prosessane og gjort det enklare å setje inn gode hjelpetiltak.

### Kostra-samanlikning


*Netto driftsutgifter til barnevernstenesta i kr pr innbyggjar 0-17 år:*



Kostratal for 2013 viser at dei kommunale utgiftene til barnevernet er på 7.500 kr pr. innbyggjar 0-17 år. Tilsvarande tal for 2012 var på 6.500 kr. Luster ligg framleis godt under kostragruppe 3 men over fylkesnivået.


### Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr innbyggjar:*



Kostratal for 2013 viser at utgiftsnivået i sosialtenesta i Luster er høgare enn 2012, og på same nivå som i 2011. Tabellen syner elles at Luster ligg kostnadsmessig lågt på dette området.

### Del barn med barnevernstiltak pr innbygg. 0-17 år (%)



Kostratal for 2013 viser at del barn i barnevernstiltak i Luster er auka frå 4,6% til 5,5 % frå 2012-13 og ligg over landssnittet og snittet i Sogn og Fjordane. Det føreligg ikkje tal for kostragruppe 3.


### Økonomisk resultat

Tal i kr. 1000


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>242</b> NAV		1 890	1 980	<b>5 %</b>	1 185
<b>244</b> Barnevernsteneste		2 578	2 174	<b>-19 %</b>	1 856
<b>251</b> Barnevernsteneste i familien		905	2 050	<b>56 %</b>	1 901
<b>252</b> Barnevernsteneste utanfor familien		5 273	4 400	<b>-20 %</b>	3 785
<b>275</b> Introduksjonsstønad		1 706	1 706	<b>0 %</b>	1 531
<b>276</b> Kvalifiseringsordninga		386	898	<b>57 %</b>	568
<b>281</b> Økonomisk sosialhjelp		1 973	2 050	<b>4 %</b>	2 266
<b>283</b> Tilskotsordningar Husbanken		0	100		124
Sum		<b>14 712</b>	<b>15 358</b>	<b>4 %</b>	<b>13 215</b>

*Kommentarar til tabellen:*

- 251: Nedgangen kjem som følgje av at nokre tiltak vart avslutta i 2013.
- 252: Auken kjem som følgje av fleire nye tiltak.
- 276: Det har vore færre søkerarar og deltakarar enn ynskjeleg på kvalifiseringsordninga.
- 283: Det var ingen søkerarar på denne tilskotsordninga i 2013.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2011	38,6
2012	49,4
2013	49,4

# Tekniske tenester

## Organisering

Tenesteområdet omfattar stabseiningane Plan og Egedom samt tenesteeininga Teknisk Drift.

## Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs. areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal egedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode råmer for sine tilbod og sitt virke.
- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessig løysingar til så gunstige priser som mogleg.
- Ha eit kommunalt vegnett som dekkjer innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

## Tenester og oppgåver – generelt;

### Plan:

- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.

### Egedom:

- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal egedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.

- Kartforvaltning og oppmåling.

- Førebyggande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

### Teknisk drift:

- Utøvande eining.
- "Egedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Egedom "kjøper" tenester hjå Teknisk drift for å drife og vedlikehalde bygga og anlegga.

Budsjettmessig har tenesteområdet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvalnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringer.

### 190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leiing, ingeniør, formenn, fagarbeidrarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift.

Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekka opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Snekkarar og målar supplerer for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

Vedlikehaldsavdelinga med røyrlæggerar, maskinkøyrarar og reparatør utfører ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift disponerer ein større maskinpark.

Kommunen kjøper tenester til vintervedlikehald av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver (ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen for tilsyn og vedlikehald basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram.

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unntake pleie/omsorg som har eige opplegg.

### 265 Kommunale bustader

Kommunen har ein stor bustadmasse. Ein del er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster

Utleigebustader), og ei leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap. Bustadmassen dekker kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehalds-oppgåvane vert dekka av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakrar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

### 301 Plansak

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenesteområde skjer i regi av desse.

*Det vert utarbeidd årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

### 302 Byggesak

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova.

Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekka av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

### 303 Oppmåling

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (§2.1). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar matrikkellova og tilhøyrande teneste-produksjon, her under registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekka i communal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, utarbeiding av kommune/arealplanar, og digitalt planarkiv har ansvarspllassering på andre tenestestader.

### 315 Bustadbygging – bustadfelt

Budsjetteknisk vert det budsjettet nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA.

Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen yter eit tilskot på kr 75 000,- pr tomt til spreidd bustadbygging etter nærmere utarbeidde retningslinjer.

Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å legge til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomtar. Jf elles investerings-/planleggingsprogrammet.

### 330 Samferdsle

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Anbodspериодen for ferja er t.o.m. 2014. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/ reiseliv, kr 460.000 pr år, med tilsvarende avtalelengd.

Leige av kai/ kaiområde vert ført på funksjonen.

### 332 Kommunale vegar

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter.

Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi, inkl. brøyting av parkeringsplassar i Gaupne måndag til fredag. Brøyting elles i kommunen vert utført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m. 30.04.2017. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (1.33301).

### 334 Trafikktryggleikstiltak

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingsplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert for gjennomføring. Driftsmidlar dekker mindre sikringstiltak. Eigendel til "Aksjon skuleveg" vert finansiert av tidlegare avsetning/fond.

### 338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretok kommunen sine plikter i medhald av brannlovgjevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane) for varsling/ melding av brann og overvakning av tryggleiksalarmer.

### 345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk.

Vedlikehald av 12 vassverk, 9 reinseanlegg og driftsovervaking minimum 2 gonger/dagleg.

Vassprøvar vert teke kvar 14. dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reperasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

### 353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn/vedlikehald på 33 kloakkpumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg.

Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året .

Generelt vedlikehald, reperasjonar av pumper og oppstaking av tette røyr på eige anlegg.

### 354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

## Styringsmål 2013

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 13/14	Resultat 2013
			Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6) • Teknisk forvaltning - byggsak	Brukarspørjing 2008	5,1	4,5	5,0
	B	Tal klagesaker med omgjering av vedtak	Registrering	0	-	0
	M	Medarbeidartilfredsheit – (TD)	Medarbeidarspørjing	4,6	4,5	4,8
	M	Sjukefråvær – teknisk drift (%)	Fråværsstatistikk	4,3	-	4,0
Teneste	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	24	-	5
	B	Tal flaumskade kommunale vegar.	Registrering	1	-	0
	B	Gjennomførte branntilsyn (a-obj, %)	Kostra	95		100
	B	Sakshandsamingstid kartforretning (dg)	Kostra	120	71	70
	B	Sakshandsamingstid byggesak (tal dagar) Enkle b.saker skal løysast over disk.	Kostra	43	40	21
	B	Gjennomføringsgrad vedlh. program (%)	Registrering	85%	-	100
	B	Gjennomføring av reinhaldsstandard (%)	Reg / INSTA 800	90%	-	100

B = Brukarmål M = Medarbeidarmål

### Kommentarar:

- Sjukefråveret på teknisk drift er lågt
- Vassprøvar utanfor grenseverdi er godt innanfor måltal, hovudutfordring er låg PH.
- Det har ikkje vore flaum på kommunale vegar i 2012.
- Vedlikehaldstiltak og gjennomføring av reinhald er i samsvar med plan.

### 355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall. Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne, budsjetteknisk er funksjonen plassert på 190. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

### 357 Offentleg toalett

I Luster kommune er det ein del toalett, som i praksis er opne for alle, særleg om sommaren. Kommunen har fleire overnattings- og serveringsverksemder, bensinstasjoner, butikkar og liknande, som i praksis har toalett som alle kan nytte. Luster kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentleg driftsansvar er relativt dyrt å drifte. Her vert budsjettet tilskot til offentleg tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

### Aktivitet 2013

#### Eigedom og anlegg, drift, vedlikehald og utvikling

- Jan Magne Svåi og Terje Arild Kveane har henholdsvis vikariert som leiar Eigedom/rådgjevar og tenesteleiar Teknisk drift. Reinholdsprosjekt med omlegging og noko reduserte frekvensar vart sett i verk våren 2013. Omlegginga av reinhaldet har gått bra og det er stort sett slutt på innleige av vikarar med den modellen som er etablert. Det er teke i bruk elektronisk timeføring for fagarbeidarar på teknisk drift. Arbeidet med endre organisering av vaktmeistertenesta er starta opp.
- Byggutvikling og større vedlikehald i 2013 er stort sett gjennomført i samsvar med planar; Utvendig måling Gamlestova barnehage. Tiltak garderobar og scene Solvorn oppvekstsenter. Inngangsparti (hall) Dale skule pussa opp. Skifta vindauge Luster eldresenter (ENØK- tiltak) og bygt veranda/uteplass. På rådhuset er det gjennomført renovering av toalett, reinhaldsentral, møterom, kursrom og utleigekontor

til staten. Ombygging av scene Luster ungdomsskule (Gamle gymsalen). Oppussing av garderobar ved Helsecenteret. Div. målingsarbeid og nytt golvbelegg. Det meste av arbeider er utført av teknisk drift. Fokus på enøk-arbeidet er vidareført. Kjøkken på Hafslo barne og ungdomsskule er utsett og vert teke med i byggeprosjektet. Brannsikringstiltak Luster omsorgsenter, med tanke på nedlegging av Luster lokalstasjon, har drege ut i påvente av avklaringar frå SBR IKS. Arbeidet vert gjennomført i 2014. Tak/garasje for aggregat Gaupne omsorgsenter er utsett inntil vidare.

- Dei kommunale byggeprosjekta under arbeid har hatt framdrift som planlagt. Bygginga av kortidsavdeling ved Gaupne omsorgsenter, og nye Hafslo barnehage går som planlagt. Det er valt arkitekt på nybygg/ombygg av Hafslo barne- og ungdomsskule, arkitekt Fossland. Planarbeidet har framdrift som planlagt. Skisseprosjekt med kostnadsramme blir lagt fram for politisk godkjennung våren 2014. Det er montert elektrokjel på ungdomsskulen i Gaupne. Oppussing av teknisk rom og oppgradering av SD-anlegget vert utført samtidig.
- Kommunal bustadmasse (inkl. Luster utleigebustader) har totalt 58 utleigeeiningar, per 31.12.13 var 52 bustader utleigd. Kommunen kjøpte to bustader på Hafslo i 2013. Det kom inn 39 søknader om communal bustad i 2013. 18 søkerar fekk tildelt bustad. 8 av desse var flyktningar. Nærare vurdering av communal bustadmasse er under arbeid. I påvente av bustadsosial handlingsplan/framdrift i bustadprosjektet på barnehagetomten i Gaupne er ikkje dei to siste leilegheitene i Skåråkeren burettslag selt.
- Det er lagt ut tomtar til sal i Borhaug bustadfelt i Solvorn, 1 tomt er selt, arbeidet med infrastruktur, opprusting av veg og ny avløpsleidning vart ferdigstilt 2013. Kommunestyret vedtok 20.06. trinnvis utbygging av Beheim 2 med va-utbygging for heile feltet. Arbeidet med grunnerverv tok noko lengre tid enn føresett, men opparbeidning vil ta til våren 2014. Luster kommune kjøpte reguléringsplan og areal for opparbeidning av byggjefeltet Kvitevollen i Luster. Det vert arbeidd med grunnforhandlingar i samband med byggjefeltet Verket 2 i Gaupne. Luster kommune kjøpte Losjehuset i Skjolden. Området skal nyttast til bustadbygging. Luster kommune kjøpte området rundt huset til Wittgenstein og sti fram. Fortun bygdelen overtok Fortun skule inkl ein kompensasjon som skal nyttast til nødvendig vedlikehald av bygningane.
- Det vart i 2013 gjort ein samla gjennomgang av tilbod om offentlege toalett i Luster kommune med vedtak i kommunestyret 18.04. Geografisk fordeling og vurdering av behov er nytta som kriterium. Det er valt løysing med ein kombinasjon av offentlege/kommunale toalett og avtalar med verksemder om å nytte deira fasilitetar mot økonomisk vederlag.
- I kommunestyret 19.12. vart standard abonnementsvilkår for VA, utarbeida av KS, vedteke. Vilkåra gjer Luster kommune og abonnementane gode

retningsliner og krav både i forhold til kommunale og private anlegg. I same møtet vart det vedteke overtaking av nytt va-anlegg i Hestehagen, Fortun. Anlegget er bygd av Hydro, kommunen tek over anlegget frå årsskiftet 13/14. Luster kommune, i lag med 4 andre kommunar, samarbeider om utarbeidning av ny va-forskrift. Forskrifta er planlagt ferdig i 2014.

#### *Plan og byggjeaktivitet*

- Plan- og bygningslov og lov om naturmangfald set strenge krav til utgreiingsarbeid, særleg knytt til tryggleik. Arbeid med arealplanar tek såleis lenger tid enn før 2010. Elektroniske planregister, via *Sognekart.no*, fungerer bra. Det er i 2013 lagt ned mykje arbeid med å digitalisere eldre reguléringsplanar.
- Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel vart gjennomført i første halvår. I samband med dette arbeidet vart det m.a. halde opne bygdemøte i januar. Møta hadde godt oppmøte. Samfunnsdelen vart, i samsvar med oppsett framdriftsplan, vedteken av kommunestyret i møte 20.06.2013. Ein del av tiltaka i handlingsdelen av denne planen er seinare innarbeidde i budsjett/økonomiplan.
- Arbeidet med planprogram for arealdelen av kommuneplanen vart starta opp sommaren 2013. I samband med dette vart det også hausten 2013 skipa til opne møte i ulike bygdelag knytt til dette planarbeidet. Dei opne møta var godt besøkte, det kom i etterkant inn ei rekkje innspel til planarbeidet.
- Kommunestyret vedtok i møte 23.05.2013 forvaltningsplan for Solvorn. Dette betydde slutten på eit planarbeid som vart starta opp i 2008.
- Som det går fram av tabellen nedanfor, vedtok kommunestyret 6 reguléringsplanar i 2013. I løpet av året har tenesteeining plan elles arbeidd med regulering av Bolstadmoen og Gjerde sentrum. Luster kommune har elles vore engasjert som part/tilretteleggjar for reguléringsarbeid knytt til etablering av ny skiheis på Heggmyrane (Modvoheisen), for etablering av turveg mellom Nymoen på Skjolden og Vassbakken i Fortun, og for bustadbygging på tomta til tidlegare Gaupne barnehage i Gaupne. Kommunen sine kjøp av areal ved «Wittgensteintomta» og på Kvitevollen i Luster, har endra premissane for reguléringsarbeid i desse områda i høve til det som låg til grunn for planleggingsprogrammet for 2013. Me har ikkje kome i gang med omregulering av «Billagstomten» på Hafslo.
- Kommunestyret vedtok desse 6 reguléringsplanane i 2013:

Dato	Plan
14.02.2013	Reguleringsendring Marifjøra sentrum.
14.02.2013	Reguleringsendring Hafslo næringsområde.
18.04.2013	Reguleringsplan Lille Høyheim.

18.04.2013	Reguleringsplan Salen, Gaupne.
23.05.2013	Reguleringsplan Bjørnabakkane – Lindeskreda.(Endra plan)
20.06.2013	Reguleringsplan bustadområde Verket 2, Gaupne.

I tillegg godkjende plan- og forvalningsstyret 7 mindre reguleringsendringar, m.a. omregulering av tidlegare Jostedal Eldresenter til bustadføremål.

Einskildvedtak i utvalde sakstypar dei 2 siste åra:

Sakstypar	2012	2013
Utvallssaker (PFS)	10	17
Tiltaksløyve § 20-1	74	86
Tiltaksløyve § 20-2	63	69
Rammeløyve § 21-2	5	8
Igongsetningsløyve § 21-2	10	7
Tekne i bruk	62	69
Utførte tilsyn	0	8
Utsleppsløyve	6	5
Sum einskildvedtak	230	259

NB! Plansaker etter pbl kap.12 er ikkje med i oversikten.

- Gebyrinntektene vart kr 678 643, dvs. kr 153 643 meir enn budsjettert.
- Tilsyn: Det vart gjennomført 8 tilsyn i byggesak, av desse var 5 på tema frå TEK10 og SAK10, og 3 var inspeksjon i nye bygg (inspeksjonstilsyn). Betaling til SBR for avtala byggetilsyn kr 181 654, budsjettert sum var kr 182 000.
- Det vart handsama og godkjent 31 søknadar om nye bygg i LNF-område utanfor 100-meters beltet (pbl § 1-8), av desse 27 i samsvar med plan, og 4 dispensasjonssaker.
- Tilskot til bustadbygging (tekne i bruk i 2013): 3 stk. utanfor regulerte felt, og 3 innanfor (Neshøgdi og Bukti).

#### Infrastruktur veg og anlegg

• Driftsutgiftene for veg i 2013 vart på 7,8 mill. kr, mot 8,1 mill. kr føregåande år. Vinteren 2013 var kald, med store kostnad med tining av stikkrenner. Den fine hausten utan snø vart nytta til utskifting av gamle stikkrenner og grøfting av kommunale vegar. Sidan samarbeidet med Sogndal kommune om kjøp av felles høvel ikkje førde fram, vart det kjøpt ein brukt veghøvel. Nytt styresystem vart teken i bruk på gatelysa (nattsløkking) i 2012. I 2013 ser ein at dette har ført til sparte kostnader med mindre brenntid. Tiltak som vart gjennomførde i 2013 var, asfaltering kommunale vegar i Solvorn og Hafslo og parkeringsplass ved Breheimsenteret. Gangsti utom Røneidstunnelen (refusjon frå Statens vegvesen) og nytt gatelys Røneid - Skarpamoen og i Sandvikfeltet (Trafikktryggingsmidlar).

Tal reisande med Solvornferja i 2013 var 46.341 passasjerar (2012/40.537).


• Sogn Brann og Redning IKS har gjennomført tilsyn etter § 13 på Luster omsorgsenter i 2013. Hovudmålsetjing ved tilsynet var å avklare om avbøtatnde tiltak som er gjennomførde (i hovudsak sprinkling) er tilstrekkeleg til å avvikle Luster lokalstasjon. Det vart ikkje konkludert under tilsynet og arbeidet med nedlegging av Luster lokalstasjon blir vidareført i 2014. Brannvernet i Luster har hatt 33 (29) utrykkingar i 2013, 10 av utrykkingane var til trafikkulykker. Luster kommune kjøpte Øyene-bygget på Røneidsgrandane. Bygget vart teke i bruk som brannstasjon hausten 2013. Det står att å innrei garderobe.

- Det har vore jobba med ulike prosjekt innan veg-, vatn- og avlaupssektoren (VVA) i 2013. Senking av avlaupsleidning Høyheimsvik, nytt høgdebasseng Bruheim, prosjektering av ny pumpestasjon Lyngmo, opparbeiding og reasfaltering av veg og kryss Øyagata/Engjadalsvegen i samband med nytt byggjefelt Verket 2, nytt VA-anlegg Breheimsenteret og planlagd VVA-utbygging på Beheim 2. Det vart og fullført tilrettelegging av byggjefeltet Borhaug i Solvorn. Driftsmessig har det vore asfaltering, førebrygging mot frosne kummar/vassleidningar, utskifting av gamle/øydelagde pumper og utbetring av eksisterande vassverk. Arbeidet med lekkasjesøk har gitt gode resultat i 2013, særleg på Indre Hafslo, og vil vera eit kontinuerleg arbeid framover. Driftskostnadane for vatn er litt over budsjettert då det er gjort mykje naudsynte oppgraderinger og utskiftingar av utstyr i 2013. Sjølvkostrekneskapet syner dekking på 102,4 % for vatn og 100,0 % for avløp.
- Kart – og oppmåling har framleis nokre saker som er rekvirerte etter delingslova som ikkje er avslutta. 2013 blei også brukt til innlegging av jordskiftesaker/ statsallmenning. Har fått på plass Statsallmenningane over 1 000 000 daa. Kart og oppmåling har også brukt tid på andre avdelingar, innlegging og registrering av digitale planar i kart og register samt bistand til landbruk i AR5 registrering og viltkart (vald). Adresseprosjektet har i 2013 fått på plass ei lokal forskrift og namnenemnda arbeidar med å få på plass namn på adresseparsellane.

	Tal saker	Tal tomter	2012
Nye saker i rapporteringsåret	38	47	31
Matrikkelførde eigedomar – delingsloven	2	18	29
Matrikkelførde eigedomar - matrikkelov	31	29	65
Jordskiftesaker ført i matrikkelen	7		
Overheng pr 31.12.2013/Under arbeid	33		45

## Kostra-samanlikning


*Brutto driftsutgifter pr km kommunal veg i kr:*



Kostratal for 2013 viser at kommunen har høgare utgifter pr km kommunal veg samanlikna med kommunegruppe tre og Sogn og Fjordane.

## Kostra-samanlikning

*Netto driftsutiffter til eigedomsforvaltning i kr pr innbyggjar*



Kostratal for 2013 viser at kommunen sine utgifter til eigedomsforvaltninga er på same nivå som i 2012. Vi ligg framleis på nivå med kostragruppe 3 og elles relativt høgt. Dette må m.a sjåast i samanheng med at kommunen har mange m<sup>2</sup> bygg.

## Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>190</b>	Teknisk drift	-108	-72		-146
<b>301</b>	Plansak	473	435	<b>-9 %</b>	304
<b>302</b>	Byggesak	541	733	<b>26 %</b>	662
<b>303</b>	Oppmåling	1 044	1 264	<b>17 %</b>	1 071
<b>315</b>	Bustadbygging	8	-150	<b>105 %</b>	135
<b>330</b>	Samferdsel	1 849	1 767	<b>-5 %</b>	1 822
<b>332</b>	Kommunale vegar	7 259	6 480	<b>-12 %</b>	9 161
<b>334</b>	Trafikksikringstikringstiltak				-6
<b>335</b>	Sentrumområde	-367	-283	<b>-30 %</b>	3
<b>338</b>	Førebygging mot brann og andre ulukker	731	725	<b>-1 %</b>	721
<b>339</b>	Beredskap mot brann og andre ulukker	3 289	3 361	<b>2 %</b>	2 881
<b>345</b>	Vassverk	-3 079	-3 543	<b>13 %</b>	-3 643
<b>353</b>	Kloakk	-1 580	-1 703	<b>7 %</b>	-1 340
<b>354</b>	Tømming av slam	3			-199
<b>355</b>	Renovasjonsordninga	6			0
	Sum	<b>10 068</b>	<b>9 013</b>	<b>-12 %</b>	<b>11 426</b>

*Kommentar:*

302 Høgare gebyrinntekter.

303 Større andre inntekter/refusjonar på oppmåling, avvik frå budsjett.


315 Meir utbetalingar til spreidd busetnad enn budsjettert.

332 Større kostnad i samband med nødvendig vedlikehald (utskifting av stikkrener og grøfting).


335 Refusjon fylkeskommune for tettstadanalyse Gaupne.

345 Større drifts- og vedlikehaldsutgifter og mindre årsavgifter enn budsjettet.

353 Kostnad med slam 2012 bokført i 2013.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2011	6,0
2012	6,0
2013	6,0

# Næringsutvikling og naturforvaltning

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultateining (landbruk og naturforvaltning).

## Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringar.
- Vidareføra den kommunale næringspolitikken som skissert i vedtak i k-sak 7/13.
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og egedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk.
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 320 Kommunal næringsverksemد

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.
- Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedtekne i budsjettet for 2012

### 325 Tilrettelegging og hjelpe for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen og bankvesenet.
- Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.
- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Til ei kvar tid ha ledige tomter og bygg for næringstiltak.
- Utvikle kompetansen i næringslivet.

- Kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet.

### 329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk.
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå.
- Få etablert lønsame tilleggsnæringar på gardsbruk.
- Leggja til rette for "Inn på tunet"-tilbod.
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (BU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt med søker til Innovasjon Noreg.
- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og egedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproduktiv mark.
- Følgja opp og yta hjelpe til gardsformidlingsprosjektet som starta opp august 2010.
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.
- Landbruksfagleg rettleiding og planlegging.
- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging.
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg årleg.
- Administrera veterinærordninga for kommunane i Luster veterinærdistrikt (3). Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

### 360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde.
- Fjelloppsyn. Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.

## Styringsmål 2013

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 12/13
Felles	B	Brukartilfredsheit		Luster	Landet	
	B	Tal klagesaker med omgjering av vedtak	Registrering	1	-	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	-	-	-
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	1,0	-	< 2,5

B = Brukarmål M = Medarbeidarmål

- Føra ein aktiv politikk for hyttebygging.
- Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.
- Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekne miljøplan.
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Utøva forvaltningsansvaret for verneområde kommunen har fått ansvaret for – i tråd med gjevne verneregler og innarbeidd praksis i kommunen.
- Følgja opp prosjektet ”Naturarven som verdiskapar” og samarbeida med forvalningsstyrta og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområda.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltinga og få oppretta fleire storvald basert på godkjende, fleirårige bestands- og avskytingsplanar.

## Aktivitet 2013

### Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

I februar 2013 hadde kommunestyret ein gjennomgang av «Grunnlaget for handsaming av næringssaker i Luster kommune». Kommunestyret gjorde mindre endringar i høve det føreliggjande grunnlaget. Grunna likviditetssituasjonen i næringsfondet vart det vedteke at ein til vanleg yter 25% av kostnaden av ei investering i næringslån. Tidlegare var denne prosenten 30. Dette dokumentet er både eit administrativt og politisk styringsreiskap som fungerer godt.

Talet på vedtakssaker i næringsutvalet i 2013 var 40 saker, i 2012 var det 42 saker, tal saker i 2011 var 30. Luster kommune er aktiv part i mykje av utviklingsretta aktivitet i næringslivet. Det gjeld særleg finansieringssaker, men også som ein instans for drøfting og vurdering av ulike tiltak. Kjøp av næringssreal frå kommunen er også eit viktig saksområde.

### Næringsfondet

Dei fleste sakene i næringsutvalet er finansieringssaker i høve næringsfondet. Pr. 31.12.13 er det utlånt 69.0 mill. kr til næringslivet frå dette fondet (pr 31.12.12 var det

utlånt 60.5 mill kr og pr 31.12. 2011 var det 57,6 mill kr).

I 2013 er det utbetalt 16.1 mill kr i nye næringslån. Det er betalt inn 7.7 mill kr i avdrag på næringslån og 1.4 mill kr i renter på næringslån i 2013. Det var gjeve tilslagn om 14.3 mill kr i nye næringslån i 2013 (derav om lag 6.3 mill kr til landbruksutbygging og 3 mill kr til Sogn Skisenter - Modvoheisen).

I 2012 vart det utbetalt 9.5 mill kr i nye næringslån. Innbetaling av avdrag på lån til næringsfondet i 2012 var om lag 6.6 mill kr og 1.4 mill kr i renteinnbetaling. I åra 2009, 2010 og 2011 var det omlag balanse mellom nye utbetalte lån og innbetaling av rente og avdrag på «gamle lån».

### Næringsareal

Luster kommune har næringsareal tilgjengeleg i Gaupne og Jostedalen. På Hafslø er det ikkje att ledige næringstomtar i Galdatoppen næringsområde. Nye næringstomtar på Hafslø – Galdatoppen vil vere klare i 2014. Prisen på næringsareal i Gaupne (Gaupnegrandane og Røneidsgrandane) og Galdatoppen er no 200,- kr pr m<sup>2</sup>.

Kommunen er eigar av ein industrihall ved sida av LMI, som har vore utleigd til LMI i 2013.

I næringsbygget i Jostedalen som Luster kommune eig er 50% av arealet utleigd til Jostedal Industrier AS. Det har og vore litt utleige til andre av mindre areal i kortare tidsrom. I samband med budsjettet for 2012 vart det vedteke leigeprisar for kommunale næringsbygg, med ein stigande leigepris til lengre leigeperioden varer. Desse prisane vert indeksjusterte årleg.

Det er noko ledig næringsareal i bygg eigd av private, fleire stader i kommunen. Dette er areal som kommunen i hovudsak har oversikt over, slik at potensielle leidgetakrar kan bli formidla direkte til utleigarane. Det vert også bygd nye næringsbygg av private eigarar.

### Samarbeid med andre

Luster kommune har økonomiske ressursar til å vere med å finansiere næringsutvikling. Det vert arbeidd aktivt i høve andre offentlege finansieringsinstitusjonar for å oppnå finansiering også frå desse. Både i høve Innovasjon Noreg, Fylkeskommunen og Fylkesmannen gjennom bygdeutviklingsmidlar er det god dialog i næringssaker.

Det er viktig for administrasjonen å halde seg oppdatert på endringar i verkemiddelapparatet, for å vere ein så god fagleg rådgjevar som råd. Det er mange verksemder i Luster som har medfinansiering frå dei ovannemnde offentlege institusjonane.

I høve bankvesenet er det ein god dialog i finansieringssaker.

Det er fleire søknader frå Luster kommune om kraftprosjekt som har fått konsesjon og det er og fleire som no er til konsesjonsvurdering. Ingen nye kraftverk i Sogn får tilgang til nettet før lina Fardal-Ørskog er klar. Fram mot 2020 kan det bli investert over 1.5 milliardar kroner i kraftutbygging i Luster kommune.

Ei utfordring for Luster til liks med mange andre distriktskommunar er at ein svært stor del av ungdommene tek høgare utdanning og at ein differensiert lokal arbeidsmarknad for personar med høg utdanning ikkje er stor nok. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar, fordi vi har kort avstand til Sogndal/Leikanger. Ei utfordring vert då å gjere lustrasamfunnet attraktivt å bu i, sjølv om arbeidsplassen til folk ligg i nabokommunen.

Luster kommune deltok i 2013 som ein del av Sogn Regionråd, på ”Framtidsfylket” si rekryteringsmesse i Oslo og Bergen. I møte med ungdom frå kommunen - som tek høgare utdanning - vert spørsmål om ”relevant” arbeid viktig. Mange ynskjer å ha jobb nr 1 borte frå Luster, men har planar om heimflytting etter kvart. Det har vore arrangert temamøte for næringslivet saman med Luster Sparebank. Tema for møtet i 2013 var «erfaringar med å etablere bedrift». I dette møtet var også Høgskulen med. Både Massiv Lust og Digital Etikett var case.

Det var og eit møte med tema; «det vanskelege salsarbeidet». Det har vore god interesse for møta.

## Industri

Fleire av industriverksemndene i Luster har hatt vekst i 2013. Grunnlaget for vekst har vore ei målmedvitne satsing på kompetanseutvikling, marknadstilpassing og marknadssatsing og investering i teknologi .

Dei to største industriverksemndene i kommunen; Avery Dennison NTP AS og LMI AS er no begge eigde av store internasjonale selskap. Internasjonale eigarskap gjev mulegheiter, men det er også ei utfordring med hovudkontor langt borte frå Luster. LMI har gjennom 2013 hatt stor aktivitet og tilsett fleire nye medarbeidarar. NTP har omsetningsrekord i 2013, og har no om lag 110 tilsette.

I 2013 har den nye verksemda Massiv Lust starta produksjonen sin i sitt eige nye bygg.

Fjordglas AS starta i 2012 arbeidet med ei stor teknologisk heving av produksjonsprosessen i verksemda. Dette store prosjektet er ferdig i 2013, og bedrifta er no mellom dei mest teknologisk avanserte i bransjen i heile Europa.

Digital Etikett har gjort store investeringar i ny maskinteknologi i 2013. Det er og gjort vedtak om at selskapet skal bygge eige bygg på Gaupnegrandane, og tomt er kjøpt frå kommunen.

## Reiselivet

I 2012 starta arbeidet med å organisere reiselivet på «sognefjordnivå», februar 2013 vart det nye selskapet skipa. Reisemål Sogndal og Luster AS vart som ein konsekvens av det lagd ned. Luster kommune har kjøpt aksjar i det nye selskapet Visit Sognefjord AS (kr 77.700) og bunde seg til ein treårig avtale om å yte kr 399.150 i årleg marknadsbidrag. Det nye selskapet har kontor på Campus i Sogndal.

Reiselivet er ei næring som arbeider i ein internasjonal marknad. Sesongen 2013 var for dei fleste relativ utfordrande, men betre enn mange frykta. Reiselivet i Sogn har vore ein vinnar i Fjord Norge dei siste åra. Frå 2000-2010 auka tal overnattingar i Sognefjorden med 30,8%. I Hardanger var auken 7,2% og i Nordfjord berre 3,2%.

Luster hadde i 2001 26.559 hotellovernattningar (basert på statistikk frå SSB), eit tal som auka til 37.300 i 2011 og var 34.600 overnattingar i 2012. I 2013 var det 35.138 hotellovernattningar. 19300 av desse døgna er norske, 5300 frå Tyskland, 2600 frå Nederland og 1200 frå Spania.

I 2001 var det 56.800 overnattingar på camping og i hytte i Luster, eit tal som auka til 59.000 i 2011, 62.700 i 2012 og 76800 i 2013. (SSB som produserer denne statistikken, gjer merksam på at 2013-tala for hytte og camping ikkje er heilt samanliknbare i høve tidlegare år). I 2013 var det 45.000 gjestedøgn frå Noreg på hytte/camping, medan den utanlandske marknaden med Nederland og Tyskland som størst, syner nedgang.

Ser vi på heile Sognefjordområdet var det nedgang i tal hotelldøgn frå 331.000 i 2012 til 283.000 døgn i 2013.

Innafor camping/hytte var det oppgang frå 291.000 døgn i 2012 til 298.000 i 2013.

I reiselivet i Luster, er det som elles i Sognefjordområdet og i dei rurale delene av Fjord Norge, store sesongsvingingar. Svært mange senger er ”kalde” store deler av året. Mange verksemder held stengt i store deler av året. Dei fleste verksemndene er familieselskap, dvs drifta er avhengig av stor innsats i sesongen frå heile familien. Det er lite likvid eigenkapital, men næringa er likevel investeringsvilljug.

Cruiseturisme med utgangspunkt Skjolden var i god utvikling i 2013 og er i ferd med å bli ein stor reiselivsaktivitet i kommunen. I 2010 var det 11 anløp og i 2012 var det 22 anløp, og i 2013 var det 46 anløp, men større båtar og mange fleire passasjerar.

I 2013 var sesongen for dei nye leilegheitene på Skjolden resort også relativt bra.

Elles er det fleire av verksemndene frå Luster som markerer seg godt i det nasjonale reiselivs- og mediebiletet, i særleg grad kan ein då trekke fram Walaker hotell, Nes gard, Turtagrø hotell, Bestebakken, Sognefjellet Sommarskisenter og Jostedalen breførarlag. Luster har mange aktivitetsbedrifter innan reiseliv som driv godt. Luster er truleg den kommunen i fylket med størst breidde i aktivitetstilbod. Dei fleste av desse selskapa hadde ein sesong på det jamne i 2013. Alle ekspertar i reiseliv held fram at aktiv ferie vil bli stadig viktigare. Aktivitetsverksemndene i Jostedalen fekk 2012 ein status i høve Innovasjon Noreg, FjordNorge og NCE

Tourism, slik at dei no deltek i eit utviklingsprosjekt med finansiering frå m.a. Innovasjon Noreg.

I 2011 gjennomførte Den norske turistforeining ei satsing på Tungestølen med etablering av ein permanent "base-camp" for familiar. Luster kommune gav støtte til dette tiltaket. Etter Dagmar er Tungestølshytta totalt øydelagd. Luster kommune har i 2012 gjeve ei løying til Den Norske Turistforening til eit prosjekt som skal vurdere ei oppbygging av eit tilbod på Tungestølen. Forprosjektarbeidet var gjennomført i 2013, og det er no starta arbeid med å gjennomføre oppattbygging av «nye Tungestølshytta».

For reiselivsnæringa er ei vidare utvikling av sals- og marknadsretta aktivitet avgjerande, for å auke omsetning og inntening. Arbeidet til det nye selskapet Visit Sognefjord AS vil vere viktig for at området vårt skal bli endå meir synleg som eit reisemål i internasjonal verdsklasse.

Ski Sogn vart avslutta som prosjekt (3 år) våren 2012. Arbeid både mot nærmarknaden og den internasjonale marknaden, som del av Fjord Norge si satsing på vinter, har skapt merksem. Det har vorte skapt stor medieinteresse for topptur-produkta i Sogn og ei auka interesse for Sogn som skiområde. Det har vore god aktivitet på Sogn Skisenter i 2013. Det er no sett i verk planarbeid i «det sentrale Heggmyrane-området». Den nye Modvoheisen er finansiert og vil bli realisert i 2014.

I 2013 vart nye Breheimssenteret som brann ned sommaren 2011 opna av statsminister Jens Stoltenberg den 24. juni. Bygget framstår no som før sett utafrå, men med ein del endringar inne. Utstillingane er vortne meir moderne. Det vert nytta digital teknologi, og det er meir å «aktivisere seg med». Attendumdingane frå både publikum og sakkunnige eksperter er gode når det gjeld kvaliteten til dei nye utstillingane. Lustrababet opna hausten 2012, det vert arbeidd for at reiselivet skal kunne nytte dette tilbodet for å auke overnatting ,særleg i lågesesong.

### **Anna næring.**

Selskapet Bluefjords sine planar om eit datasenter ved Leirdøla kraftverk er arbeidd vidare med, og det ligg føre finansiering. Ein del endringar på opprinnelige planar er gjorde, men ettervinter 2014 er det planlagt byggestart. Pyramiden kjøpesenter avslutta det meste av ei stor ombygging og oppgradering i 2013. Det inneber også oppgradering av fleire butikkar.

Luster Sparebank har også i 2013 hatt ei svært god utvikling. Luster Sparebank er ei stor og viktig verksemd i lustersamfunnet, med mange kompetansearbeidsplassar. Luster Sparebank er også ein god samarbeidspart for Luster kommune i næringsarbeidet.

Bygg og anlegg er ei stor og viktig næring i Luster. I 2013 har det vore bra med jobb, både i kommunen og regionen. Slutten av 2013 var nok litt «stillare» enn dei siste åra for bygg/anlegg.

### **Bygdeutvikling**

Bygdeutvikling er og ein viktig aktivitet i fleire bygder, og ein viktig del av næringsarbeidet.

Både på sørsida av Lustrafjorden, i Skjoldenområdet og i Jostedalen er det no aktivt bygdeutviklingsarbeid.

### **Røynsle og forbeting:**

Vidare utvikling av næringslivet har fokus i Luster både politisk og administrativt. Både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og nyskapning er viktig. Verksemder som rettar seg mot marknader utafor regionen vil ha ein større sjanse til å utvikle seg, enn dei som har ein marknad som berre er regionalt basert. Kompetanseutvikling, marknadsorientering og effektivisering/teknologiutvikling er stikkord for både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og utvikling av nye tiltak.

## **LANDBRUKSFORVALTNING**

### **Forvaltningsoppgåver**

Ressursbruken ved eininga er delt mellom utføring av lovpålagde forvaltningsoppgåver innan landbruks- og miljøsektoren og forvaltning av kommunale ordningar for å oppnå måla i kommunale styringsdokument, utleige av tenester til andre m.m.

### **Jordbruk**

Nedgangen i tal driftseiningar i kommunen har flata noko ut. Areal i drift og produsert mengde slakt har vore nokolunde stabilt over ei årrekke, men det er grunn til uro når det gjeld utviklinga innan mjølkeproduksjon. Tal mjølkeprodusentar er kome ned i 60 totalt i 2013, dvs. meir enn halvert frå tusenårsskiftet.

Auka bærprisar utanlands har gjort konservesfabrikkane meir interesserte i norske bær. Samla bærproduksjon er nokolunde stabil frå føregåande år.

Byggjeaktiviteten i landbruket (driftsbygning) fekk ein oppsving etter at kommunen innførde gunstig låneneordning gjennom næringsfondet. Til saman 9 gardsbruk fekk finansiering gjennom Innovasjon Noreg til bruksutbygging for tradisjonelt landbruk i 2013. I tillegg fekk 9 stk. støtte til anna næring. Luster kommune var ein klar «vinnar» i fylket i finansieringssaker gjennom Innovasjon Noreg i 2013, med om lag dobbel så stor sum innvilga tilskot som neste kommune på lista.

Økonomien i sauehaldet har hatt ein betydeleg oppsving siste åra. Etter ein samanhengjande tilbakegang i dyretal kvart år sidan tusenårsskiftet, snur trenden frå 2009 til 2010, med ein oppgang på omlag 400 vinterföra. Frå og med 2010 syner statistikken nokolunde stabile tal, med om lag 10 000 vinterföra sauher totalt pr. 1. januar.

Beitesommaren 2013 var positiv med omsyn til rovviltskader. SNO sitt uttak av jervar i Luster og tilgrensande kommunar etter avslutta lisensperiode siste åra, har truleg vore avgjerande for dette resultatet.

**Lovpålagde oppgåver med tidsfristar har vorte prioriterte på bekostning av oppgåver utan fristar:**

<b>NØKKELTAL – Forvaltningssaker</b>	<b>2000</b>	<b>2005</b>	<b>2010</b>	<b>2013</b>
Lovsaker administrativt avgjorde	49	116	101	122
Søknader om produksjonstilskot husdyr *	320	243	191	182
Søknader om areal- og kulturlandskaps-tilskot *	397	263	245	237
Tilskot til avløsing ved sjukdom m.v.	106	81	59	22
Planar etter forskrift for nydyrkning	14	2	3	7
Planar for vatningsanlegg	2	2	2	1
Driftsplanlegging i samband med bruksutbygging	8	3	5	6
Fullstendig gjødselplan for gardsbruk	16	11	35	21

\* For søknader om produksjonstilskot/areal- og kulturlandskapstilskot er det gjennomført stikkprøvekontrollar hjå 5% av sokjarane.

**Overføringer og investeringsverkemidlar til landbruket:**

<b>Tiltak</b>	<b>2005</b>		<b>2013</b>	
	<b>Tal søknader</b>	<b>Tilskot 1 000 kr</b>	<b>Tal søknader</b>	<b>Tilskot 1 000 kr</b>
<b>Statlege ordningar:</b>				
Produksjonstillegg	535	33 400	446	43841
Regionalt miljøprogram RMP			171	2860
Avløysarordninga		6 100	166	7022
BU-midlar, - tilskot (bedriftsretta), inkl. bioenergi	11	2 318	18	7 509
BU.midlar – rentestøtte (grunnlag/sum lån)	3	4 594	8	11 730
Kulturlandskapstiltak (SMIL)	37(29 tilsgagn)	690	35(32 tilsgagn)	980
Organisert beitebruk	10	68	14 (6 tilsgagn)	81
Drenering av jordbruksjord (ny ordning)			13	127
Skogsvegbygging		499	2	107
<b>Kommunale ordningar:</b>				
Anleggstilskot bærplanting	11	85	11	124
Vatningsanlegg	2	35	1	18
Nydyrkning	1	18	1	8
Vegbygging	0	0	5	218
Kjøp av mjølkekvotar	40	184	17	63
Tilskot ved generasjonsskifte	-	-	3	150

<b>NØKKELTAL – Jordbruk</b>	<b>2000</b>	<b>2005</b>	<b>2010</b>	<b>2013</b>
Bruk i drift i alt	397	285	245	245
Bruk med husdyr	320	243	196	185
Mjølkeproduksjon	6 875 t	6 814 t	6 999 t	5 900 t
Slakt	546 t	553 t	483 t	495 t
Bærareal	505 daa	695 daa	515 daa	539 daa
Bærproduksjon	457 t	450 t	340 t	350 t

**Skogbruk**

Hogstaktiviteten gjekk ned etter rekordåret 2012, og i 2013 vart ca. 3500 m<sup>3</sup> omsett gjennom dei to store tømmerkjøparane i fylket, Sogn og Fjordane skogeigarlag og Nortømmer. Ein god del av vyrkjet levert i 2013 har som i 2012 vore opprydding etter Dagmar.

Av dei fem utbetalingane av kommunalt tilskot til landbruksvegar er tre av desse skogsvegar. Når det gjeld

statstilskot, har to veganlegg hjå ein skogeigar fått ei delutbetaling på til saman kr 107.250.

Hovudplanen for skogsvegar vart ferdigstilt i 2013. Av 13 veganlegg er til no tre ferdigbygde, medan eitt er under bygging.

Det har òg vore ei positiv utvikling i skogplanting det siste året. Saman med skogskjøtsel er det betalt ut kr 57.206 i kommunalt tilskot til dette i 2013. Dette svarar til 20% av kostnaden med tiltaka.

Det er betalt ut statstilskot på til saman kr 188.745 til totalt 15 drifter i 2013. Mykje av dette er driftstilskot knytt til opprydding etter Dagmar. Det er såleis betalt ut tilskot til alle dei søknadene vi har utarbeidd og sendt inn til Fylkesmannen i 2012 og 2013.

Luster kommune har arrangert motorsagkurs for fire grupper og ein skoddag med tema kapping.

<b>Uttak av skogsvirke:</b>	<b>2009</b>	<b>2011</b>	<b>2013</b>
Omsett gjennom Luster Skogeigarlag m3	181	281	1510
Annan hogst for sal med trekk til skogfond, m3	311	4 496	1983
+ Uttak av ved til brensel m3	2 000	2 000	2000
= Total m3	2 492	6 777	5493
= Førstehandsverdi kr	0,8 mill.	2, 0345 mill.	0,9 mill.
<b>Skogkultur:</b>			
Nyplanting, tal planter	5 800	10 500	46600
Planta areal	23 daa	44 daa	180
Rydding av plantefelt	25 daa	105 daa	73 daa
Kostnader skogkultur	34 000 kr	100 000 kr	286030 kr
<b>Vegbygging:</b>			
Ferdigstilt traktorveg	750 m	0	750 m
Ferdigstilt skogsbilveg	0 m	560	0
<b>Skogavgift:</b>			
Inneståande skogavgift pr. 31.12.	485 000 kr	609 000 kr	1014152 kr
Innbetalt skogavgift	8 300 kr	125 000 kr	74019 kr
Utbetalt skogavgift	800 kr	4 500 kr	53364 kr

## Naturarvprosjektet

«Mellom fjell, fjord og folk», naturarvprosjektet i Luster kommune skulle vere avslutta 31.12.13, men er forlenga til 01.08.14. Aktivitetar i 2013:

- Naturfotoutstilling på Turtagrø med barneskulan i Jostedalen og Gaupne.
- Finansiert lærebok for skuleprosjektet «Born og naturarven» i Skjolden, med nasjonal distribusjon.
- Andre kull med bygdevertar stod klare våren 2013. Nytt regionalt vertskapskurs for heile indre Sogn startar opp i 2014.
- «Landskap i Luster – ei kunstreise» vart ferdigstilt juni 2013. Rundreisa er eit innovativt og gratis reiselivsprodukt beståande av tolv stoppestader, kunnskapshefte og mobilapplikasjon.
- Turkartmappe for heile Luster kommune var ferdig i desember. Prosjektet finansierte også jubileumsgåva til alle husstandar i kommunen; gratis kartmappe.
- Turløypenettet med over 70 merka og graderte turar vart enno betre utbygd i 2013.
- Bygging av parkering på Vassbakken og sti til Åsafossen byrja hausten 2013. Denne skal stå klar våren 2014.
- Klatrejungel, rastebu og turveg gjennom Krukla i Fortun stod ferdig i 2013.
- Prosjektet har samarbeida med regionalt folkehelseprosjekt om Sognefjordvegen S1. Turløypa er nesten ferdig.
- Film om aktivitestilbodet i Jostedalen vart lansert i november 2013. Filmen skal nyttast i marknadsføring og visning på Breheimssenteret.
- Sidan oppstart i 2011 har prosjektet bidrege til å hente inn ubudsjeterte eksterne finansieringsmidlar tilsvarande nesten  $\frac{1}{4}$  av opphavleg budsjett.

## Prosjektet "Folk i fleire hus"

Prosjektet vart avslutta hausten 2013. Det treårige

prosjektet har nådd fleire mål, og har vore involvert i eigedomsskifte på 8 gardsbruk, 3 hus, ei leilighet og ei stor tomt. I tillegg er ein gard leidt ut og det er formidla 13 husvære til leige. Informasjons- og rettleiingstilbodet rundt overføring og omsetting av landbrukseigedom har vorte nytta av fleire eigarar. Det same gjeld tilbodet med å formidle interesse for kjøp av småbruk. Denne var stor allereie før prosjektstart, og gjennom perioden har dette berre auka. Vidareføring av oppgåver knytt til prosjektet vert lagt til eit samarbeid mellom servicetorget, næring og landbruk.

## NATURFORVALTNING

### *Vilt*

Det var venta ein viss nedgang i hjortestamma, men både fellingsrapportane og jegerobservasjonar («sett hjort») indikerer at hjortestamma har halde seg relativt stabil dei siste seks åra. Det syner seg dermed at det har vore naudsynt med høge fellingskvotar for å halda avskytinga høg nok til å stagga veksten i stammen.

Til liks med dei aller fleste kommunane i fylket er Luster med i prosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013-2017» ved Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Prosjektet skal hjelpe oss å implementera forskriftsendringane frå 2012, med det nye forvaltningsnivået «bestansplanområde», der ansvaret for mål og fellingsstrategi vert overført til grunneigarane. Status er at bestandsplanområda er fastsette på kartet, men arbeidet med å samla og organisera grunneigarane, utarbeida vedtekter og laga forvaltningsplanar er ikkje starta opp.

Temaplanen for hjorteforvaltninga i Luster kommune er forseinka, men vil verta ferdig i 2014.

Motorferdsleplanen er sett på vent til det er kome avklaring på snøskuterforsøket gjennom arealplanen som er under rullering.

Villreinstamma i Vest-Jotunheimen har ikkje vore jakta på sju år. I tabellen ligg difor berre resultat frå Luster sine rettar i Ottadalen villreinområde.

Stammeutviklinga er no positiv og totalteljing årsskiftet 2013/2014 synte ei vinterstamme på 393 dyr. Dette er nær målet for stammestorleik og det ligg difor til rette for at området på nytt kan bli opna for jakt.

#### *Verneområde*

Det vert arbeidd med forvaltningsplanar for verneområda Loi, Bargarden, Luster allmenning, Ytamo, og Hafslovatnet. Revidert forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat ligg ute på høyring ved årsskiftet.

#### *Miljø*

Ei handfull nye verksemder er vortne sertifiserte etter ordninga «miljøfyrtårn». Krav, dialog og økonomisk støtte frå kommunen har ført til at oppryddinga av eit omfattande og gammalt køyretøydeponi i Flåten endeleg er i avslutningsfasen. Saker gjeldande ureining eller



*Villreinstamma i Vest-Jotunheimen er no i vekst. Biletet syner ein bukkeflokk teke vinteren 2013/14.*

forsøpling, der publikum har varsla, har vorte fylgde opp, men det har ikkje vore ressursar til å ta eige initiativ til ein reinare kommune.

#### **Statistikk viltforvaltning**

	2007			2013		
	Tal vald	Tal løyve	Fellingsres.	Tal vald	Tal løyve	Fellingsres.
Hjort	87	666	422	88	1002	477
Villrein	6	29	21	5	61	44
Elg	2	4	3	2	5	2
Rådyr	3	7	1	3	7	4

#### **Økonomisk resultat.**

Tal i kr. 1000

Funksjon		Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>320</b>	Kommunal næringsverksemd	-12 967	-12 288	<b>-6 %</b>	-10 971
<b>325</b>	Tilrettelegging og hjelpe for næringslivet	14 147	19 785	<b>28 %</b>	9 342
<b>329</b>	Landbruksforvaltning	3 977	4 292	<b>7 %</b>	4 606
<b>360</b>	Naturforvaltning	2 039	844	<b>-142 %</b>	1 296
	Sum	<b>7 196</b>	<b>12 634</b>	<b>43 %</b>	<b>4 273</b>


#### *Kommentar:*

Funksjon 320 syner at inntektene på sal av konsesjonskraft er noko større enn revidert budsjettet.


Funksjon 325. Avdrag på næringslån var ikkje budsjettet som ”driftsinntekt”, men er ført i rekneskapeen.

Funksjon 329 syner ei innsparing i høve budsjettet på 7%, dvs. om lag kr 300 000. Hovudavviket skriv seg frå periodisering av inntekter og utgifter innanfor veterinarørenesta, mindreforbruk innanfor landbruksforvaltning og større tilskot frå fylkeskommunen enn budsjettet til gardsformidlingsprosjektet.

Funksjon 360. Forbruk er i samsvar med budsjettet, men finansiering på 1,2 mill. av tilskot/avsette fond kjem ikkje fram i oversikten.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2011	2,0
2012	3,0
2013	3,0

# Kultur

## Organisering

Tenesteområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrababet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og øvrige kulturtildel og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

## Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2012-23), regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbyggjarane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg.
- Utvikle eit mangfold av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse.
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse ”profesjonelt” innan ei kulturell ytring.
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg.
- Skape ”Lustraidentitet” og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn).
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål.

### 365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og i tilskotsreglementet.

### 370 Bibliotek

Funksjonen omfattar formidling av informasjon, kunnskap og kultur gjennom medium som bøker, tidsskrift, CD-ar og informasjonsteknologi. Skulebibliotek og andre formidlings- og opplæringstiltak overfor grunnskulen i Luster.

### 377 Kunstformidling

Den kulturelle skulesekken og andre lokale kulturprosjekt der kommunen er part. Ordninga skal vidareførast innan gitte råmer (budsjett, eksterne tilskot).

### 380/386 Drift av idrettshall og samfunnshus

*Gaupne idrettshall* er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid. Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Ny avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikksalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid.

*Jostedal samfunnshus* er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på kveldstid og i ledige tidsrom. Ein særskild aktivitet er drifta av symjebassengen som inkluderer oppvarma basseng til bruk for revmatikarar og andre.

*Fjordstova i Skjolden* har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettet kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

### 380 Idrett

Området er regulert av kommunedelplan for idrett og friluftsliv. I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med statstilskot garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter får eit årleg driftstilskot (k-sak 11/09) og

## Styringsmål 2013

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål	Resultat
Felles	Luster	Landet		13	13		
	B	Brukartilfredsheit	Brukarspørjing	-	-	-	-
	B	Tal klagesaker med omgjering av vedtak	Registrering	1	-	0	
	M	Medarbeidartilfredsheit	Medarbeidarspørjing	-	-	-	-
	M	Sjukefråvær - Luster Kommune	Fråværsstatistikk	-	-	-	-
Kultur	B	Tal utlån pr. innbyggjar	Registrering	8,8	4,09	9,0	9,4
	B	Tal elevar i kulturskulen	Registrering 1)	179		170	191

B = Brukarmål M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar).

1) Elevtalet varierte frå 155 om våren til 191 om hausten. Årsaka ligg i innføringa av «kulturskuletimen». Ventelista var likevel på 48

det er føresett årleg driftstilskot til Lustrabadet (k- sak 60/09).

### 383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

### 385 Prosjekttretta kulturtiltak

Funksjonen er samansett av tiltak som lokale arrangement i Den Kulturelle Skulesekken, Den Kulturelle Spaserstokken, tilskot til nærmiljøanlegg, kulturpris/kulturstipend og tilskot til Luster frivilligsentral.

### 391 Kyrkja m.v.

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringer til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemd regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

## Aktivitet 2013

### Aktivitetstilbod barn og unge

- Kommunen har eit definert samarbeidsforhold til aktivitetstilbodet MENU i Gaupne, og Danseverkstaden, sjá eiga melding under Folkehelse.
- 113 organisasjonar mottok kulturtilstokt frå kommunen i 2013 (111 i 2012).
- Talet på organisasjonar med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som sine hovudaktivitetar og som mottok kommunalt tilskot var 17 (18 i 2012).

- Talet på andre barne- og ungdomsorganisasjonar var 13 (16 i 2012).
- Fritidsklubbar var i aktivitet på Hafslo, i Jostedal og i Gaupne (som før 2012) i tillegg har Lyngmo søkt og fått innvilga tilskot til fritidsleiring (leiraktivitet).
- Kommunen deltek i styringsgruppa for fritidstilbodet MENU.
- Kommunen deltek også i eit interkommunalt/regionalt samarbeid om saker som vedkjem barn og ungdom.

### Kulturminnevern, museum og lokalhistorie

- Kommunen støtta 6 prosjekt innan teknisk kulturminnevern (9 i 2012), og 7 prosjekt innan immaterielt kulturvern (4 i 2012).
- Bygdebok bn. 10 vart prenta og lagt ut for sal, og tilsaman omsette kommunen ca 600 bygdebøker til ein bruttoverdi av kr 450000.
- Stadnamnprosjektet og adresseprosjektet vert drive i eit samarbeid med ressurspersonar i Jostedal historielag og Hafslo og Luster sogelag.
- Kommunen deltek i det regionale samarbeidet om drift av Sogn Folkemuseum.
- Kommunen deltek i arbeidsgruppa for oppretting av stiftinga Wittgenstein i Skjolden.
- Planarbeidet med revisjon av kommunedelplan for kulturminnevernet er lagt på is.

### Luster bibliotek

- Nasjonalt var 2013 eit merkeår for alle folkebibliotek i landet med tildeling av Brageprisen.
- Medieformer og medievantar er i endring, og biblioteket legg difor også opp til endra arbeidsmåtar. Det er starta eit fylkessamarbeid for å kome i gong med utlån av e-bøker. Utlånsordning vil kome i biblioteket våren 2014.
- Nettsøk til nettbrett og mobil, der ein lettare kan følgje

med på nye innkjøp, søke, bestille og halde styr på eigne lån.

- Tett samarbeid med skulane gjer at Luster ligg høgt utlån og har ein vekst frå 2012. Samla utlån for alle avdelingar: 47.405 (ekskl. Bokbåten) = ca 9,4 per innbyggjar.  
Besøk 2013: 50.414 = ca 10 besøk per innbyggjar som er ein liten nedgang frå året før.
- Bokbåt (fylkeskommunal drift) med stoppestader i Kroken og i Solvorn med kulturarrangement, utlån: 1486 (2012) besøk:183 (2012).
- Det er samarbeid med NAV og Frivilligsentralen, mellom anna gjennom tilbod om språkkafear.
- Biblioteket arbeider kontinuerleg med formidling og rettleiing, ulike orienteringar, arrangement, utstillingar og nettartiklar.  
Siste år var det m.a. 7 bokkafear, teaterframstykking med Idun og Rolf Losnegård, foredrag om Bjørnstjerne Bjørnson v/Grete Letting, diktkonkuransar, sommarleskampanje, litteraturformidling og bibliotekopplæring for skulelevar.  
Av utstillingar kan nemnast: 100 år med røysterett for kvinner, Ivar Aasen 200 år, TV-askjonen «Inga tid å miste». Elles er bibliotekavdelinga på Hafslo også mykje nytta som utstillingslokale for elevarbeid.

## Kunstformidling

- Luster kommune har rapportert lokal, eigenaktivitet i skuleåret 2012-2013 innan Den Kulturelle Skulesekken for tilsaman kr 132.000 (kr 98.000 i 2011-2012).
- Kommunen samarbeider med Sogn og Fjordane fylkeskommune om formidling av program i Den Kulturelle Skulesekken.
- Kommunen har inngått samarbeidsavtale med FA Luster (Folkeakademiet) om gjennomføring av lokale arrangement i Den Kulturelle Spaserstokken, tilsaman 32 arrangement med tal publikum på 1255 (56 arrangement i 2012, publikum: 2204).

## Idrett

- Skianlegget i Leirdalen (IL Bjørn) fekk tilsegn om kr 156.000 statlege spelemidlar til ordinære idrettsanlegg medan ballbingen på Galden (Galder Vel) fekk tilsegn om kr 200.000 til nærmiljøanlegg.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune reviderte Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. I handlingsprogrammet 2014-2017 er Luster kommune prioritert med oppstartsløyving til kunstgrasbane med undervarme på Gaupne stadion i 2017 og oppstartsløyving symjebasseng Lustrabadet i 2016 og stupanlegget i 2017. I langtidsprogrammet for vurdering frå 2018 er oppført Motorsportanlegg i Gaupne, Hoppanlegg K45 og K70 på Sogn Skisenter, Heggmyrane og rehabilitering/hyttgarderobebeanlegg ved idrettshallen i Gaupne.
- Luster kommune handsama 8 prosjektsøknader for spelemidlar, av desse 3 prosjektsøknader som søkte første gongen i 2010.

- Lustrabadet har hatt sitt første driftsår i 2013. Aktiviteten har vore stor med gode besøkstal. Skulesymjinga har fått gode vilkår, det er starta opp symjegruppe i IL Bjørn og fleire lag og grupper har fått tid og fast opplegg i badet. I sommarperioden har ein og fått bra besøk frå turisttrafikken. For året er det registrert vel 54.000 besøkande utanom skulesymjinga. Dei tekniske installasjonane i anlegget fungerer godt. Bemannings- og driftskostnader er ein god del høgare enn foresett. Jf eigen årsrapport.
- Vintersesongen 2013 var god for Sogn Skisenter. Det var god publikumsoppslutning og fine tilhøve i anlegget. Både dagleg leiring og styret gjer ein stor innsats. Fokuset på Sogn som plass for gode skiopplevelsingar, gjev ein del gjester «utanfrå» til Sogn Skisenter. Det var fleire flotte reportasjar i nasjonale viktige skimedia. Hausten 2013 starta arbeidet med å førebu reguleringsplanen for «dei sentrale delene» av Heggmyraneområdet. Det er nedsett ei gruppe som styrer denne prosessen og Asbjørn Hønsi frå Bystøl As er leigd inn til å gjennomføre konkret planarbeid. Det vart og arbeidd med det planmessige for at Modvoheisen kan byggast sommaren 2014. Finansieringa til denne er på plass inkludert tilgang på meir vatn for snøproduksjon.

## Kulturskule

- Kulturskulen hadde 155 elevplassar i Luster våren 2013 og 191 om hausten. Tilsvarande tal på venteliste var 116 vår og 48 haust. Det høge talet på venteliste våren 2013 har samanheng med at søkerar til kulturskuletimen hausten 2013 vart registrert i dette semesteret.
- Kulturskulen har hatt eit elevtal på om lag 400 våren og 470 hausten 2013. Auken i elevtal kjem av innføring av kulturskuletimen. Sogn kulturskule løna 11 kor- og korpsdirigentar i kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Kulturskulen hadde om lag 9 årsverk knytt til undervisning våren 2013 og 8,4 om hausten.
- Kulturskulen heldt dirigentar til tre korps i 2013. Dale skulemusikk (våren 2013), Jostedal skulemusikk og Gaupne skule- og ungdomskorps.
- Skulen hadde 3,5 årsverk undervisning i Luster kommune våren 2013 og om lag 3 hausten.
- Kulturskulen har fire halve stillingar som distriktsmusikkarar. Lønsutgiftene til desse musikarstillingane deler kulturskulen med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Distriktsmusikkarane har delteke på prosjekt med Opera Nordfjord, Bergen Nasjonale opera, Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken og det frivillige musikklivet. Den eine stillinga stod vakant hausten 2013.
- Luster kommune deltek i arbeidet med utviklingsplan for Sogn kulturskule.

## Andre kulturaktivitetar / prosjektretta kulturtiltak


- Administrativ støtte i form av opplæring og støttefunksjonar i arbeidet til Ungdommen sitt kommunestyre og arbeidsutval, i Frivilligskulen til Frivilligsentralen og overfor styremøte og planleggingskomitear i frivillige organisasjonar.
- Koordinering av prosjektet Sentrumsnære turvegar, deltagande i prosjektet InnI Luster (informasjon, nettverksbygging, naboskap og integrering), kommunal representant i prosjektet: Stiftinga Wittgenstein i Skjolden og Lustramarknaden.
- Samhandlingstiltak er sett i verk for å styrke arbeidet med kulturformidlinga til fleire brukargrupper, men også for å få breidare erfaringsgrunnlag med evne og vilje til samarbeid mellom ulike aktørar, organisasjonar og samanslutningar.
- Folkeakademiet (FA Luster) har også i 2013 vist veg i forhold til det å bygge eit sterkare apparat for å skaffe ressursar til bruk i heile Luster kommune, og representerer med sine 13 kollektive medlemslag og 73 program med eit publikum på over 5770 ein viktig samarbeidspartner.
- Ungdommen si kulturmönstring (UKM) på Fjordstova, Skjolden samla 29 deltagande ungdomar (nedgang i høve til 2012). Deltakarane fordele seg på 14 innslag, av desse film: 1, scene: 9, utstilling: 4. 9 innslag vart nominerte til å representer Luster kommune på

fylkesmönstringa. Av desse vart eitt innslag (Henning Lad og Oddvar Vigdal) vidaresendt til UKM-festivalen i Larvik (tidl. nemnd som Landsmönstringa).

- Samarbeidsavtalar (sponsoravtalar) vart inngått med 6 ungdomar: Marte Erfjord, Jacob Meløy, Geir Steig, Bertine T. Lefdal, Ane Ø. Røhme og Henning Lad, (8 i 2012).
- Kulturstipend vart gitt til 2 ungdomar: Henning Lad og Vigdis Marita Havellen Hatlevoll (1 i 2012).
- Kulturprisen vart tildelt Kjell Einar Ormberg.

## Kostra-samanlikning

*Netto driftsutgifter til kultur i kr pr. innbyggjar:*



Kostratal for 2013 viser at nettoutgifta pr innbyggjar ligg over kostragruppe 3 og vesentleg over fylkes- og landsnivået. I 2012 låg Luster litt under kostragruppe 3.

## Økonomisk resultat.

Tal i kr. 1000

Funksjon		Rekn 13	Bud 13(r)	Avvik	Rekn 12
<b>231</b>	Aktivitetstilbod til barn og unge	522	699	<b>25 %</b>	631
<b>365</b>	Kulturminnevern	100	100	<b>0 %</b>	38
<b>370</b>	Bibliotek	2 426	2 425	<b>0 %</b>	2 579
<b>375</b>	Museum	175	170	-3 %	169
<b>377</b>	Kunstformidling	55	45	-23 %	9
<b>380</b>	Idrett	1 788	1 839	3 %	2 027
<b>381</b>	Idrettsbygg	3 399	2 901	-17 %	-1 890
<b>383</b>	Kulturskule	2 244	2 389	6 %	2 367
<b>385</b>	Andre kulturaktivitetar	2 066	2 170	5 %	1 768
<b>386</b>	Kulturbygg	858	858	0 %	858
<b>390</b>	Kyrkjer	6 256	6 256	0 %	6 432
<b>392</b>	Andre religiøse føremål	176	130	-35 %	145
	<b>Sum</b>	<b>20 067</b>	<b>19 983</b>	<b>0 %</b>	<b>15 133</b>

### Kommentar:

231 Mengde søknader og kvaliteten på søknadane i forhold til gjeldande reglement for tilskot til kulturføremål varierer frå år til år. Det har vore nødvendig å sjå ulike ordningar samla.

377 overskrida heng saman med tilbod om eit samla innkjøp.

381 heng saman med tekniske problem med varmeelementa i symjebasseneget i Jostedal samfunnshus.

383 viser ei innsparing på kr 145.000 (6%). Styrking i budsjettåret.

392 overføringa av tilskot til andre religiøse føremål vert utrekna med bakgrunn i samla forbruk kyrkjer fordelt på lokale statskyrkjemedlemmar.

# Rekneskapen 2013

## REKNEKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNEKAPEN

	Regnskap 2013	Reg. budsjett 2013	Oppr.budsjett 2013	Regnskap i fjor 2012
Skatt på inntekt og formue	133 477 755	130 670 000	130 670 000	128 840 175
Ordinært rammetskudd	141 054 277	142 730 000	142 730 000	135 555 780
Skatt på eiendom	65 076 316	64 700 000	63 700 000	56 574 732
Andre direkte eller indirekte skatter	14 547 207	14 743 000	14 743 000	14 526 374
Andre generelle statstilskudd	6 561 683	5 767 200	2 605 000	6 064 297
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>360 717 239</b>	<b>358 610 200</b>	<b>354 448 000</b>	<b>341 561 359</b>
Renteinntekter og utbytte	8 242 426	10 530 000	10 530 000	9 999 486
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	10 130 489	-	-	3 657 087
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	11 947 792	13 873 557	13 873 557	13 064 220
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	22 675 774	22 359 700	22 359 700	21 345 849
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-16 250 652</b>	<b>-25 703 257</b>	<b>-25 703 257</b>	<b>-20 753 496</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	16 464 274	14 523 115	8 405 600	10 854 653
Til bundne avsetninger	27 427 718	19 827 000	19 827 000	26 658 135
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	6 117 515	6 117 515	-	6 977 800
Bruk av ubundne avsetninger	13 111 657	17 325 000	15 160 000	10 447 200
Bruk av bundne avsetninger	34 162 494	32 725 800	14 138 800	28 459 533
<b>Netto avsetninger</b>	<b>9 499 674</b>	<b>21 818 200</b>	<b>1 066 200</b>	<b>8 371 744</b>
Overført til investeringsregnskapet	8 657 875	8 657 875	7 800 000	5 600 000
Til fordeling drift	345 066 262	346 067 268	322 010 943	323 579 607
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	335 743 567	346 067 268	322 010 943	317 462 092
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>9 564 820</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>6 117 515</b>


## REKNEKAPSSKJEMA 1B

	Rekneskap 2 013,00	Reg.budsjett 2013	Budsjett 2013	Rekneskap 2012
100 Politisk styring	3 264 396,74	3605105	3615200	3 412 126
110 Revisjon og kontrollutval	845 169,91	897000	897000	777 085
120 Administrasjon	22 432 008,96	22593308	23579500	24 825 553
121 Eigedomsforvaltning	1 593 507,75	1701318	1599500	1 998 732
130 Administrasjonslokale	951 178,96	1078358	1301230	1 294 458
170 Premieavvik	-3 539 550,60	-8405600	-8405600	-10 496 641
171 Premieavvik tidl. År	10 496 641,20	15160000	15160000	2 626 041
180 Diverse fellesutgifter	212 173,13	4322126	7076900	-244 181
190 Teknisk drift	-107 550,16	-71993	34019	-145 950
201 Barnehage	26 526 181,47	27240414	27298595	27 838 492
202 Grunnskule	71 820 307,74	72002917	71583666	68 306 255
211 Styrka barnehagetilbod	2 152 429,57	1745489	1760000	1 761 419
213 Vaksenoppføring	-2 297,79	-28000	-28000	66 466
215 Skolefritidstilbod	2 025 442,18	2578201	2817592	2 092 882
221 Barnehagelokale	1 989 634,12	2071865	2833575	2 445 204
222 Skulelokale	9 205 980,02	9826436	9877049	10 024 695
223 Skuleskyss	1 973 072,32	2000000	2000000	2 008 330
